



MØTEINNKALLING KOMMUNESTYRET

Møtedato: 01.10.2018
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 17:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Det er open halvtime frå kl. 1100

Innbyggjarar som ønskjer å ta ordet i open halvtime må vere tilstades i kommunestyresalen kl. 1100

ORIENTERINGAR

- Om jordbruk og skogbruk v/rådgjevar landbruk Tore Henrik Øye
- Om høyringsutkast til kommuneplanens arealdel v/kommuneplanleggjar Gjertud Karevoll
- Rådmannen presenterar grunnlagsdokumentet budsjett 2019, under dette nærmare orientering om status for Lev Vel- prosjektet
- Diverse orienteringar frå ordførar
- Diverse orienteringar frå rådmannen, under dette nærmare gjennomgang av investeringsprosjekta v/einingsleiar samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
53/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
54/2018	GODKJENNING AV MØTEBOK
55/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
56/2018	TEMPOPLAN OG RESTANSELISTE POLITISKE SAKER
57/2018	AVTALE OM VETERINÆRTENESTER I VOSS VEST OG VOSS AUST VAKTDISTRIKT TIL OG MED 2020
58/2018	INNSPEL TIL NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT PÅ LAND
59/2018	SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN TIL HEIS I HØGBYGGET
60/2018	STRATEGI FOR KOMMUNALE ANSKAFFINGAR
61/2018	NY VURDERING AV F- SAK 59/18: FRAMLEGG TIL ARBEIDSPROGRAM FOR BUDSJETT OG TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN



Vaksdal kommune

**62/2018 INTERPELLASJON FRÅ HEGE EIDE VIK - SKAL VAKSDAL KOMMUNE SØKJE OM Å
BLI EIN SYNGJANDE KOMMUNE GJENNOM KRAFTTAK FOR SONG?**

21. september 2018

Eirik Haga
Ordfører

Vedlegg:

Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Vaksdal Næringspark AS



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
53/2018	Kommunestyret	PS	01.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	18/1220

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
54/2018	Kommunestyret	PS	01.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	18/1220

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 25.06.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 25.06.2018
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 09:00 - 17:45

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Hege Eide Vik	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem
Anneli Vatile Lilletvedt	H	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Olav Stamnes Bjørnberg	AP	Varamedlem
Anne-Britt Knutsen	AP	Varamedlem
Karin Nordheim Flatekval	SP	Varamedlem
Dag Brekke	SP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Anne Christin Eide	AP	Anne-Britt Knutsen
Jan Hansen	AP	Olav Stamnes Bjørnberg
Jarle Audestad	SP	Karin Nordheim Flatekval
Line Eide Vik	SP	Dag Brekke



Andre møtande:

Rådmann Trine Pettersen Grønbech
Ass. rådmann Åse Elin Myking
Økonomisjef Kenneth Stokke
Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum
Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal
Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
32/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
33/2018	GODKJENNING AV MØTEBOK
34/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
35/2018	ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2017 FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER KF
36/2018	ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2017
37/2018	TERTIALRAPPORTERING 1 - 2018
38/2018	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019-2022
39/2018	IKTNH - UTVIDING MED FLEIRE KOMMUNAR
40/2018	UTGREIING INTERKOMMUNALT SAMARBEID MED KOMMUNAR I NORDHORDLAND
41/2018	VAKSDAL FRIVILLIGSENTRAL - ORGANISERING
42/2018	REVIDERT BYGGEPROGRAM FOR 1-3 ETASJE HERADSHUSET
43/2018	HØYRINGSSVAR TIL PLANPROGRAM - FELLESPROSJEKTET E16 OG VOSSEBANEN ARNA-STANGHELLE, STATLEG REGULERINGSPLAN MED KONSEKVENUTGREIING
44/2018	VAKSDAL KOMMUNE DEL AV NORDHORDLAND BIOSFÆREOMRÅDE?
45/2018	SØKNAD OM SJENKELØYVE FOR MILANO PIZZERIA VAKSDAL FOR PERIODEN 01.07.2018 - 30.06.2020
46/2018	KOMMUNIKASJONSSTRATEGI FOR VAKSDAL KOMMUNE
47/2018	SLIK FUNGERER KOMMUNESTYRET BEST - OPPFØLGING
48/2018	OPPDATERING AV REGLEMENT FOR KOMMUNESTYRET
49/2018	OPPDATERING AV REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE
50/2018	PROSJEKT PILOT LEGEVAKT HARDANGER OG VOSS LEGEVAKTDISTRIKT
51/2018	INTERPELLASJON FRÅ ANNELI VATLE LILLETVEDT - PLEIE OG OMSORG
52/2018	INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES - TILSETTE SIN YTRINGSFRIHET



32/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Protokollmerknad frå Kjartan Haugsnes, SV:

I kommunestyret sitt møte 12.02.2018 vart følgjande protokollert. I samband med bygging av ny barne- og ungdomsskule på Dale og ny barneskule på Vaksdal vil kommunestyret be om eige sak på korleis kommunen skal unngå arbeidslivskriminalitet i høve desse to store byggeprosjekta.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke og vil bli lagt fram som sak i kommunestyret sitt møte 7.mai 2018.

SV merka seg at denne saka ikkje er på saklista til møtet 7. mai og ber om at denne kjem seinast i junimøtet 2018. SV ber og administrasjonen gjere greie for kvifor denne saka ikkje er lagt fram for kommunestyret som vedteke.

SV merkar seg at saka heller ikkje er på saklista 25.06.2018 og ber om at administrasjonen skriftleg gjer greie for kvifor.

Innkalling og saksliste vart så samrøystes godkjent.

KOM - sak 32/2018 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

33/2018: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.



KOM - sak 33/2018 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

34/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 34/2018 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.

**35/2018: ÅRSREKNEKAP OG ÅRSMELDING 2017 FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG
OPPLÆRINGSSENTER KF**

Styret sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 183.826,10 vert overført til disposisjonsfond konto 2569900.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 44/2018 Tilråding:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 183.826,10 vert overført til disposisjonsfond konto 2569900.



Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 35/2018 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 183.826,10 vert overført til disposisjonsfond konto 2569900.

36/2018: ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2017 med eit mindreforbruk/overskot på kr 8.384.955,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2017 for Vaksdal kommune.

Mindreforbruket på drifta, kr 8.384.955,- vert disponert som følgjer:

- kr 1,4 mill til rassikring utområde Stanghelle skule
- kr 0,9 mill til trafikksikring skuleveg Stanghelle
- kr 1,2 mill til vegvedlikehald/asfaltering
- kr 4.884.955 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2019.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Ass. rådmann orienterte.

I denne saka vart det og orientert om tertialrapporten.

Tilleggs-/endringsframlegg frå Eirik Haga, AP:

- *Summen til vegvedlikehald frå 1,2 mill. til 1,5 mill.*
 - *Det vert sett av kr. 200.000,- til «å støtta opp om dugnad i det offentlege rom og spleiselag med ideelle organisasjonar.»*
- kr 4.384.955 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2019.*

Formannskapet bad om ei orientering om bruk av løyvde midlar til asfaltering

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.



Vaksdal kommune

FPØ - sak 43/2018 Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2017 med eit mindreforbruk/overskot på kr 8.384.955,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2017 for Vaksdal kommune.

Mindreforbruket på drifta, kr 8.384.955 vert disponert som følgjer:

- kr 1,4 mill til rassikring utområde Stanghelle skule
- kr 0,9 mill til trafikksikring skuleveg Stanghelle
- kr 1,5 mill til vegvedlikehald/asfaltering
- det vert sett av kr. 200.000 til «å støtta opp om dugnad i det offentlege rom og spleiselag med ideelle organisasjonar»
- kr 4.384.955 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2019.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

1. *Årsrapport frå interkommunal legevakt og evaluering av legevakt frå Vaksdal kommune vert lagt fram som egne saker i Levekårsutvalet.*
2. *Tilstandsrapport for grunnskulen i Vaksdal vert handsama som eigen sak i levekårsutvalet. Kommunestyret ber levekårsutvalet ha særleg fokus på:*
 - a) *Stor auke i mobbing 7. trinn*
 - b) *Kva ny lærernorm har å seie for skulane, og særskilt få ei vurdering på kva 10 årsverk færre med omtrent same elevtal har å seie mellom anna for spesialundervisning.*

Røysting:

Det vart først røysta over formannskapet si tilråding, som vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Kjartan Haugsnes vart så samrøystes vedteke.

KOM - sak 36/2018 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2017 med eit mindreforbruk/overskot på kr 8.384.955,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2017 for Vaksdal kommune.

Mindreforbruket på drifta, kr 8.384.955 vert disponert som følgjer:

- kr 1,4 mill til rassikring utområde Stanghelle skule
- kr 0,9 mill til trafikksikring skuleveg Stanghelle
- kr 1,5 mill til vegvedlikehald/asfaltering
- det vert sett av kr. 200.000 til «å støtta opp om dugnad i det offentlege rom og spleiselag med ideelle organisasjonar»
- kr 4.384.955 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2019.

1. *Årsrapport frå interkommunal legevakt og evaluering av legevakt frå Vaksdal kommune vert lagt fram som egne saker i Levekårsutvalet.*
2. *Tilstandsrapport for grunnskulen i Vaksdal vert handsama som eigen sak i levekårsutvalet.*



Kommunestyret ber levekårsutvalet ha særleg fokus på:

- a. Stor auke i mobbing 7. trinn
 - b. Kva ny lærarnorm har å seie for skulane, og særskilt få ei vurdering på kva 10 årsverk færre med omtrent same elevtal har å seie mellom anna for spesialundervisning.
-

37/2018: TERTIALRAPPORTERING 1 - 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport 1. vert godkjent slik den ligg føre.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2018:

- Kr 125.000 til lagring av Dyvikabåtane i skutenaustet på Kvamsholmen vert finansiert av kulturmidlar kr 116.755 og rest over ordinær ramme om det ikkje vert innvilga eksterne tilskot til formålet.

Det vert gjort følgjande løyving- og budsjettendringar på kapitalbudsjettet for 2018:

- Kr 350.000 til granulat-tiltak på Vaksdal Idrettspark vert finansiert av bundne investeringsfond kto 2.555400 Idrettsanlegg
- Kr 33.000.000 til auka kostnadsramme Prosjekt ny skule på Dale for 2018 vert finansiert med auka låneopptak i 2018.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Magne Hestad bar om at oversyn over vikarbruken vart lagt fram til behandlinga i kommunestyret.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 52/2018 Tilråding:

Tertialrapport 1. vert godkjent slik den ligg føre.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2018:

- Kr 125.000 til lagring av Dyvikabåtane i skutenaustet på Kvamsholmen vert finansiert av kulturmidlar kr 116.755 og rest over ordinær ramme om det ikkje vert innvilga eksterne tilskot til formålet.

Det vert gjort følgjande løyving- og budsjettendringar på kapitalbudsjettet for 2018:

- Kr 350.000 til granulat- tiltak på Vaksdal Idrettspark vert finansiert av bundne investeringsfond kto 2.555400 Idrettsanlegg
- Kr 33.000.000 til auka kostnadsramme Prosjekt ny skule på Dale for 2018 vert finansiert med auka låneopptak i 2018.



Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Magne Hestad etterlyste oversikt over vikarbruken som han bad om i formannskapsmøtet 04.06.18. Rådmannen svarte og opplyste om at dette vil bli lagt fram til tertial 2.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 37/2018 Vedtak:

Tertialrapport 1. vert godkjent slik den ligg føre.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2018:

- Kr 125.000 til lagring av Dyvikabåtane i skutenaustet på Kvamsholmen vert finansiert av kulturmidlar kr 116.755 og rest over ordinær ramme om det ikkje vert innvilga eksterne tilskot til formålet.

Det vert gjort følgjande løyvings- og budsjettendringar på kapitalbudsjettet for 2018:

- Kr 350.000 til granulat- tiltak på Vaksdal Idrettspark vert finansiert av bundne investeringsfond kto 2.555400 Idrettsanlegg
- Kr 33.000.000 til auka kostnadsramme Prosjekt ny skule på Dale for 2018 vert finansiert med auka låneoptak i 2018.

38/2018: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019-2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsprogram og økonomiplan 2019 -2022 vert vedtatt slik den ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Ass. rådmann orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 45/2018 Tilråding:

Handlingsprogram og økonomiplan 2019 -2022 vert vedtatt slik den ligg føre.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.



KOM - sak 38/2018 Vedtak:

Handlingsprogram og økonomiplan 2019 -2022 vert vedtatt slik den ligg føre.

39/2018: IKTNH - UTVIDING MED FLEIRE KOMMUNAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Vaksdal kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Vaksdal kommune positiv til det.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 41/2018 Tilråding:

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Vaksdal kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Vaksdal kommune positiv til det.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 39/2018 Vedtak:

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Vaksdal kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Vaksdal kommune positiv til det.



40/2018: UTGREIING INTERKOMMUNALT SAMARBEID MED KOMMUNAR I NORDHORDLAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune ser behovet for meir interkommunalt samarbeid og vil delta i felles utgreiing om samarbeid med kommunar i Nordhordland. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Rådmannen kom med ei saksopplysning vedk. drøfting med tillitsvalde.

Tilleggsframlegg frå Magne Hestad, AP:

Ein føreset at saka vert drøfta med arbeidstakarorganisasjonane, og at informasjon og medbestemmelse vert ivareteke.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Magne Hestad sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 42/2018 Tilråding:

Vaksdal kommune ser behovet for meir interkommunalt samarbeid og vil delta i felles utgreiing om samarbeid med kommunar i Nordhordland. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Ein føreset at saka vert drøfta med arbeidstakarorganisasjonane, og at informasjon og medbestemmelse vert ivareteke.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 40/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune ser behovet for meir interkommunalt samarbeid og vil delta i felles utgreiing om samarbeid med kommunar i Nordhordland. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Ein føreset at saka vert drøfta med arbeidstakarorganisasjonane, og at informasjon og medbestemmelse vert ivareteke.



41/2018: VAKSDAL FRIVILLIGSENTRAL - ORGANISERING

Rådmannen har to alternative framlegg til vedtak:

- Alt. 1. Organisering og drift av Vaksdal Frivilligsentral vert vidareført som i dag
- Alt. 2. Drift av Vaksdal Frivilligsentral vert delegert til rådmann.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Heidi Rongved stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, ho er styremedlem i frivilligsentralen. I medhald av forvaltningsloven § 6 avsnitt 1 punkt e), og avsnitt 2, vedtok formannskapet samrøystes at Heidi Rongved er ugild i saka.

Alt 2 i rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster (AP, SP, KRF, SV). 1 røysta for alt 1 (H)

FPØ - sak 51/2018 Tilråding:

Drift av Vaksdal Frivilligsentral vert delegert til rådmann.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Heidi Rongved og Arne Normann stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, dei er styremedlem og styreleiar i frivilligsentralen.

I medhald av forvaltningsloven § 6 avsnitt 1 punkt e), og avsnitt 2, vedtok kommunestyret samrøystes at Heidi Rongved og Arne Normann er ugilde i saka.

Tilleggsframlegg frå Evelyn Boge, SV:

I samband med budsjettbehandlinga skal det utarbeidast ein rammeplan for sentralen.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Evelyn Boge vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 41/2018 Vedtak:

Drift av Vaksdal Frivilligsentral vert delegert til rådmann.

I samband med budsjettbehandlinga skal det utarbeidast ein rammeplan for sentralen.



42/2018: REVIDERT BYGGEPROGRAM FOR 1-3 ETASJE HERADSHUSET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret legg alternativ A – hovudombygging 3 etasje/ fornying av tekniske anlegg i revidert byggeprogram til grunn med totalt investeringsramme på 10 millionar kroner.

I tillegg vert det vert gjort følgjande endringar i bygningsmessige arbeidar i 3.etg – i samsvar med alternativ B:

- Behalde vegg mellom noverande ordførarkontor og formannskapssalen.
- Installere minikjøkken på noverande varaordførarkontor.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Steinar Barmen frå Forum Arkitekter og einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 40/2018 Tilråding:

Kommunestyret legg alternativ A – hovudombygging 3 etasje/ fornying av tekniske anlegg i revidert byggeprogram til grunn med totalt investeringsramme på 10 millionar kroner.

I tillegg vert det vert gjort følgjande endringar i bygningsmessige arbeidar i 3.etg – i samsvar med alternativ B:

- Behalde vegg mellom noverande ordførarkontor og formannskapssalen.
- Installere minikjøkken på noverande varaordførarkontor.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 42/2018 Vedtak:

Kommunestyret legg alternativ A – hovudombygging 3 etasje/ fornying av tekniske anlegg i revidert byggeprogram til grunn med totalt investeringsramme på 10 millionar kroner.

I tillegg vert det vert gjort følgjande endringar i bygningsmessige arbeidar i 3.etg – i samsvar med alternativ B:

- Behalde vegg mellom noverande ordførarkontor og formannskapssalen.
 - Installere minikjøkken på noverande varaordførarkontor.
-



43/2018: HØYRINGSSVAR TIL PLANPROGRAM - FELLESPROSJEKTET E16 OG VOSSEBANEN ARNA-STANGHELLE, STATLEG REGULERINGSPLAN MED KONSEKVENSGREIING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune viser til varsel om planoppstart og forslag til planprogram av dato 26.04.2018. Dei nasjonale og regionale føringane for planlegging vektlegg spesielt *gode og effektive planprosessar, berekraftig areal og samfunnsutvikling, attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde, og nasjonale mål for å redusera klimagassutslepp.*

Vaksdal kommune har i samfunnsdelen til kommuneplanen fleire relevante målsettingar og satsingsområde som er viktig for kommunen i samband med høyringa av planprogrammet for statleg reguleringsplan for bane og veg Arna – Stanghelle/Helle:

Etablere trygge og utviklande oppvekstvilkår for barn og unge
Trygg ferdsel mellom viktige funksjonar
Arbeide for urbanisering av stasjonsbyen, utvikle tettstaden med trivselskvalitetar og allmenn tilgjenge
Ivareta jordvern
Leggje til rette for samfunnsnyttig bruk av overskotsmassar
Innarbeide folkehelseprinsippet i all samfunnsutvikling
Setja strenge krav til utbyggingsfasen av ny E16 og jernbane for å avgrensa belastning på innbyggjarane
Vera pådrivar for at nedlagt jernbane vert del av nasjonale sykkelruter
Utbygging av E16 og jernbane kjem kommunen mest mogleg til gode.

Det er viktig at løysingane gir gode, attraktive og berekraftige stasjonsbyar, og at «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» er ein grunnstein i planarbeidet. Løysingane må stø opp om statlege planretningslinjer, dei regionale planane for transport og arealbruk, samt ei regionutviding austover frå Bergen. Ny veg og bane vil vere ei kraftfull utviding av bu- og arbeidsmarknaden i regionen. Det er ei viktig satsing for miljøvenleg transport, regularitet og tryggleik i korridoren, samt eit attraktivt tilskot til eit bilfritt Bergen sentrum. Det er viktig at løysingane unngår å skape auka behov for lokalt vegnett og transport – fotavtrykket må vere så lite som mogleg. Jernbanestasjonane må ha sentral plassering med god tilkomst, mest mogleg saumlaus omstiging og mogleggjere sentrumsutvikling med sentrale servicetilbod.

Kommunen ynskjer eit tett samarbeid vidare i høve til lokal utvikling og knutepunktutvikling rundt framtidige stasjonar, og ser fram til gode dialogar og møter for å sikre at ein oppnår effektmåla om å skape attraktive stasjonsbyar og berekraftige lokalsamfunn.

Vaksdal kommune understrekar at samarbeidet med prosjektet så langt har vore godt, men at silingsrapporten ikkje kan erstatte ein kommunedelplan. For vidare planlegging av Stanghelle-Voss må staten snarleg igangsette arbeidet med kommunedelplan, både for å utgreie moglegheiter og konsekvensar, men også fordi ei utsetting av dette vil hindre vekst og utvikling ved at framtidige løysingar for infrastruktur er usikre.

Vaksdal kommune meiner det er viktig at ein på Vaksdal tek med to alternativ vidare i reguleringsfasen, men meiner VC15/JC2 vil vera beste alternativ og gje grunnlag for ei mykje meir attraktiv og berekraftig utvikling av bygda. Det er særleg i høve til støy, sentrumsutvikling, barrierar og lokale samband. VC15/JC2 samsvarar med prosjektet sine egne effektmål om berekraftig lokal og regional utvikling og kommunen sine egne satsingsområde.



Vaksdal kommune meiner det tilrådde alternativet på Stanghelle og Helle, VD1/JD3, er gode traséar for framtidig utvikling i stasjonsbyen, og meiner det samsvarer med både prosjektet og kommunen sine målsetningar. JD3 vil føre til store endringar i bygda, men vil samtidig leggje opp til god tilgjenge og høve til å utvikle eit attraktivt knutepunkt i bygda. VD1 kjem utanfor bygda og dette vil særleg betre støytilhøva i bygda.

Det bør vere eit krav i planprogrammet at ein skal utgreie å forlengje kulvert gjennom Døso for å unngå ein djup sjakt på tvers av bygda med den arealbandlegging, støy og barriereverknad dette vil føre med seg. Alternativvurdering av miljølók for stasjonsområdet, eventuelt for å trekke stasjonen fram på brua over Vågen må utgreiast i planprogrammet.

Medverknadsprosessar og planleggingsverktøy med høg pedagogisk kvalitet er essensielt og må vektleggast spesielt. Det er eit gigaprojekt som vert planlagt, og det må produserast godt informasjonsmateriell, skisser, 3D-animasjonar og audio/video med base i dagens situasjon. For innbyggjarane på Vaksdal og Stanghelle er det svært mykje usikkerheit og uro knytt til manglande informasjon og moglegheit for å sette seg inn i konsekvensar ved gjennomføring og sluttresultat. Dette bør vere eige resultatløp gjennom prosessen. I samband med statleg planarbeid har Vaksdal kommune starta områdeplanarbeid for både Vaksdal og Stanghelle. Våren 2018 er det gjennomført «framtidsbileteprosessar» som medverknadsprosessar i kvar stasjonsby. Kommunen oppmodar prosjektet til å ta med seg resultatane frå desse i vidare planarbeid.

Prosjektet for ny E16 og Vossebanen skal identifisere moglege løysingar for ein gjennomgåande gang- og sykkelveg frå Arna til Stanghelle/Helle, og løysing for dette må takast inn i reguleringsplanarbeidet. Kommunen meiner det er viktig at ein får på plass gode gang- og sykkelforbindelsar langs E16, særleg då det ikkje eksisterer trygge samband for mjuke trafikkantar i dag. Kommunen meiner dette ansvaret må liggje på statleg plan, og følgje E16-utbygginga. Der er ein unik moglegheit å sikre framtidig nedlagt jernbanespor til gang/sykkelløysing for Bergen-Voss. Dette vil framstå som ein viktig grunnpilar for næringsutvikling, understøtte ei satsing på både miljøvenleg transport og folkehelse. Det vil mellom anna kople Bergen til Rallarvegen med ein samanhengande sykkeltrasè.

For massedeponi og massehandtering er det forventningar om at prosjektet finn samfunnsnyttig bruk for overskotsmassar, samt vel prosessmetodar som stør opp om gjenbruk og/eller deponi på mest mogleg nyttig vis. Veafjorden og Sørfjorden nord frå stasjonsbyen Vaksdal er del av nasjonalt verneområde for Vossolaksen. Daleelva, med utløp ved Stanghelle har også ei lita, svært verdifull laksestamme. Det er viktig at sårbare verdiar vert ivaretatt i val av løysingar, og at gode avbøtande tiltak vert prioritert. Massedeponi må handterast i statleg plan, og alle deponi og anleggsområde må regulerast før dei tas i bruk. Det er i planprogrammet gitt fleire eksemplar på korleis ein kan handtera overskotsmasser, men lokalisering av deponiområde er endå ikkje avklart. Det er svært viktig at handtering av masser skjer i samråd med Vaksdal kommune for å sikre at ein får ein samfunnsnyttig bruk av massane. Kommunen har spelt inn fleire moglege deponiområde til prosjektet, mellom anna for utbetring av fylkesvegnettet, samt store landdeponiområde.

I forskrift om konsekvensutgreiingar § 17 er det satt tydelege krav om at konsekvensutgreiingar skal tilpassast planen. Vaksdal kommune meiner at dei tema som er framheva i planprogrammet åleine ikkje er dekkande for å skildre dei samla konsekvensane frå tiltaket. Det er viktig at prosjektet gjennomfører ein omfattande konsekvensutgreiing som går utover vegvesenet si handbok V712, og Bane NOR si handbok JD20. Mellom anna meiner kommunen det må gjerast grundige analysar av framtidig forventa verknad for bygdene, støytilhøve, helse- og samfunnsmessige konsekvensar, areal- og samfunnsmessige konsekvensar, meir detaljert om nærmiljø og friluftsliv, og det bør og vera eit eige kapittel i utgreiinga om klima og forureining og utslepp i sjø/vassdrag. Alternative



avbøtande tiltak må også synleggjerast. Kommunen nyleg gjennomført «kartlegging og verdisetting av friluftslivområde», som må inngå som kunnskapsgrunnlag og hensyntakast i planarbeidet.

Vaksdal kommune er positiv til dei moglegheitene ny veg og bane kan gje kommunen og bygda, men meiner samtidig at ein slik utbygging potensielt fører meg seg ei storstilt omlegging av kommunal og lokal infrastruktur, både midlertidig og permanent. Dette vil moglegvis ha økonomiske konsekvensar for kommunen si drift både under anleggsfasen og i eit lengre perspektiv. Kommunen meiner det må vera ein føresetnad at prosjektet handterer og kostar dei reint fysiske tiltaka med omlegging av tekniske installasjonar og omlegging av lokal infrastruktur. Kommunen er ansvarleg for å ivareta kommunen sine innbyggjarar og yte lovpålagte tenester. Vidare må privat tenestetilbod som nærbutikk og kafe leve vidare i anleggsperioden. Det er difor viktig at prosjektet tek omsyn til dette. For at kommunen skal kunne ta omsyn til sine innbyggjarar meiner Vaksdal kommune at prosjektet må greie ut korleis privat og offentleg tenestetilbod vil verte råka av prosjektet.

Det er viktig at ein tydeleggjer grensesnittet mellom den statlege planen si utgreiingsplikt og kommunen sitt behov for kunnskap om verknader av planarbeidet i høve til kommunal infrastruktur og drift. Vaksdal kommune kan ikkje sjå at dette er omtalt i planprogrammet, og ønskjer derfor å understreke viktigheita av dette. Det er avgjerande for kommunen at ein får ei god planprosess med gode løysingar både for den statlege planen og for brukarane av private og offentlege tenestetilbod i Vaksdal kommune.

Særleg for Vaksdal:

Vaksdal kommune meiner det er viktig at prosjektet greier ut korleis plasseringa av stasjonen i bygda vil kunne påverke både trafikkvekst lokalt og reisemiddelfordeling. Tilgjenge til stasjonen frå dei ulike delane av bygda vil vera avgjerande for om innbyggjarane kan nytte seg av kollektivtilbodet eller ikkje, og dette må vera eit tema i konsekvensutgreiing. Kommunen meiner det er avgjerande at E16 blir flytta ut av bygda, og det er og positivt at ein ikkje må leggje om eller etablera nytt lokalvegssystem. Traséen i alternativ VC15/JC2 vil bidra til ein mykje meir attraktiv utvikling av bygda, særleg i høve til støy, mogleg knutepunktsutvikling, sentrumsutvikling, barrierar og samband lokalt. VC15/JC2 samsvarar med prosjektet sine eigne effektmål om berekraftig lokal og regional utvikling og kommunen sine eigne satsingsområde. Kommunen si eiga utgreiing syner forskjellen i sentrumsareal som kan utviklast er 14500 m², jamnfør figur 1.



Figur1: Illustrasjon over byggbart sentrumsareal rundt framtidig stasjon vist med gul farge. Til høgre VC15/JC2 med 26 000 m² byggbart areal og til venstre VC11/JC1 med 11 500 m² byggbart areal.

Sjølv om tiltaket vil gje kortare reisetid og moglegheiter for å pendle raskt til Bergensregionen, er ikkje dette i seg sjølv nok til å sikre at innbyggjarane på Vaksdal vel tog framfor bil. VC15/JC2 vil i



mykje større grad bidra til ei berekraftig utvikling, og leggje til rette for tettstadsutvikling i direkte tilknytning til stasjonen. Det er viktig for Vaksdal kommune at prosjektet tek innover seg dei behov og føresetnader som ligg i tettstaden, og ikkje berre tek omsyn til dei overordna kostnadene.

I stasjonsbyen Vaksdal har det vore trasèomlegging for E16 også tidlegare, og ei heilheitleg løysing for tungtransport til Norgesmøllene/Felleskjøpet sine anlegg ved Sør fjorden må inngå i prosjektet. I dag er det om lag 80 vogntog pr. døger som må opp og ned den smale fylkesvegen som slyngar seg gjennom sentrum av Vaksdal. Dette er ikkje ei god løysing verken for trafikktryggleiken eller miljøet. Framtidig nedlagt jernbanespor, saman med tidlegare trasear for E16 bør inngå i vurderinga både for tilkomst til Norgesmøllene/Felleskjøpet.

Konsekvensutgreiing av «natur- og kulturverdiar» frå Handbok V712 som er utført i silingsprosessen har fleire vurderingar som kommunen stiller seg undrande til. Mellom anna stiller kommunen seg særleg undrande til verdivurderinga av senteret på Vaksdal som er hjartet i bygda og ein særleg viktig møteplass med butikk, post, pizzeria, bibliotek, frisør og samfunnssal/gymsal for skulen, der Statens vegvesen har sett dette til låg eller ingen verdi. På ein anna side har ein vurdert garden i Tolåsen som har liten drift og liten betydning for bygda, med høgare verdi. Vegvesenet meiner altså at eit gardsbruk utan drift har høgare verdi og konfliktpotensiale enn senteret i bygda.

Eit anna moment i silingsrapporten som Vaksdal kommune ikkje kan forstå er vurderinga av traséane i høve til landskapsbilete og landskapsform. I VC11/JC1 vert traséen vurdert til å harmonere med landskapsrommet, og ha ei visuell forankring i terrengform, mens i VC15/JC2 vert traséen vurdert til å ikkje harmonere med landskapsrommet og ikkje ha ei visuell forankring. Kommunen stiller seg heilt uforståeleg til desse vurderingane, og forventar at dette blir utgreidd i mykje større grad. Særleg viktig er vurderinga i høve til barriereverknad i bygda, både visuelt og fysisk, der ein ikkje omtaler denne i særleg grad og ikkje grunngjev kvifor VC15 er vurdert til å ha større visuell barriereverknad enn VC11, mens den fysiske barriereverknaden ikkje er omtala under same kapitel. Vaksdal kommune meiner det er viktig at ein utarbeidar ei uavhengig konsekvensutgreiing når ein no skal arbeide vidare med dei to alternativa, og at dei tidlegare vurderingane ikkje må leggjast til grunn for det vidare arbeidet, og at det vert gjort ei. Det må også gjerast samla vurderingar for samla konsekvensar for veg og bane, og dette er særleg viktig der desse har parallell trasé i dagsone. Kommunen kan ikkje sjå at dette er gjort i silingsfasen.

Med planprogrammet kjem det statlege prosjektet for K5 formelt inn under lovpålagt formell planlegging etter Plan- og bygningslova. Kommunen forventar at en konsekvensutgreiing av dei to alternativa då også vert gjennomført etter forskrift om konsekvensutredninger. Kommunen meiner det er viktig at desse no vert gjort av ein uavhengig part som ikkje har vore del av dei tidlegare fasane av prosjektet, for å sikre at ein får objektive og gode vurderingar av konsekvensar og konfliktpotensiale, også for samla konsekvensar.

Vaksdal kommune ber om at planprogrammet supplerast med tema om klima og utslepp for å kunne gjere greie for tiltaket sine samla konsekvensar. Tilpassing for klimaendringar må også skildrast. I silingsrapporten vert ikkje verknader i høve til elva særleg mykje diskutert, og kommunen meiner dette må greiast ut særskilt. Elva er nerven i bygda, og eventuell omlegging av denne og andre verknader må greiast ordentleg ut i høve til dei to traséalternativa.

Det er særst viktig for Vaksdal kommune at prosjektet bidrar til ein forbetring i høve støy i bygda, og ikkje gjer støytilhøve verre. I planprogrammet er støy nemnt som eit prissett tema, og i silingsrapporten er støy lite omtala. Meirulempene med støy, særleg i alternativ VC11/JC1 er store, og må utgreiast særskild, og kommunen er særleg bekymra for den samla støybelastninga for alternativ der veg og bane ligg parallelt gjennom sentrum av bygda. I kart frå forventa støysituasjon i




2040 kan ein sjå at store delar av dagens sentrum ligg i raud og gul sone, og ein kan ikkje forventa at støytilhøve vil bli betre med oppgradert veg og høgare hastigheit. Saman med banestøy frå godstog og passasjertog vil dette samla bli ei større belastning for bygda enn det er i dag. Dette samsvarer heller ikkje med prosjektet sine eigne målsetningar om å skape attraktive stasjonscenter og berekraftig lokal utvikling.

Særleg for Stanghelle:

Alternativ JD3 vil gje dei fleste innbyggjarane kort veg til stasjonen og bygger opp under målsetningar i kommuneplanen om redusert behov for bilbruk i bygda, og med prosjektet sine eigne målsetningar om å utvikle attraktive stasjonsbyar. I kombinasjon med at framtidig E16 vert lagt i tunnel utanom sentrum, med «endepunkt» på Helle er dette ei løysing som vil gje rom for å utvikle Stanghelle som eit attraktivt knutepunkt.

Planprogrammet må legge føringar for alternativvurdering av miljølók for stasjonsområdet, eventulett for å trekke stasjonen fram på brua over Vågen, slik at barriereverknad ved skjering vert minimert.

Den nye jernbana vil ha store verknader for bygda i anleggsfasen, og kommunen meiner det er avgjerande for bygdas innbyggjarar at ein legg til rette for gode avbøtande tiltak og viser omsyn til innbyggjarane på Stanghelle gjennom heile prosessen med statleg plan.



Stanghelle ligg i tilknytning til sjø og ein fjordarm, og det er svært viktig at prosjektet utgreier korleis ny stasjon og jernbane vil påverke tilgangen til strandsona og fjorden. Dette er svært viktige element i bygda, og det må sikrast god tilgang til sjø og friluftsliv. Dei naturlege naturverdiene og kvalitetane som er på Stanghelle og Helle og avbøtande tiltak for negative verknader må skildrast.

Det er viktig at prosjektet greier ut potensielle konsekvensar for barn og unge, sær i høve til barnehagen. Prosjektet må synleggjera løysingar i høve til uteareal under anleggsfasen og korleis ein kan opparbeide uteareal etter anleggsfasen, spesielt i høve til støy og tryggleik. Dersom det blir aktuelt å flytte barnehagen må prosjektet greie ut område for ny plassering av barnehagen.

Innbyggjarane i Stanghelle har i 2013/14 vore gjennom ei lengre anleggsperiode med mykje støy og belastningar for enkeltmenneskjer og familiar i høve til utbetring av kryssløysingar på E16. Kommunen meiner prosjektet må greie ut konsekvensane for enkeltmenneskjer i høve til deira kvardag, psykososiale forhold og andre samfunnsmessige tilhøve.



Vaksdal kommune meiner naturverdiane på Helle må utgreiast særleg. Landskapet på Helle er sårbart, grunnforholda utfordrande og Taugåni er svært viktig gytebekk som har fått negative konsekvensar etter prøveboringar. Den midlertidige løysinga med T-kryss må ikkje bli ei permanent eller langsiktig løysing. Det må utgreiast og leggjast føresegner om alternative løysingar for dette området dersom ein ikkje startar arbeidet med veg vidare mot Voss. Dette må tydeleggjerast i reguleringsplanen.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Vedteke mot 1 røyst (MDG).

KOM - sak 43/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune viser til varsel om planoppstart og forslag til planprogram av dato 26.04.2018. Dei nasjonale og regionale føringane for planlegging vektlegg spesielt *gode og effektive planprosessar, berekraftig areal og samfunnsutvikling, attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde, og nasjonale mål for å redusera klimagassutslepp.*

Vaksdal kommune har i samfunnsdelen til kommuneplanen fleire relevante målsettingar og satsingsområde som er viktig for kommunen i samband med høyringa av planprogrammet for statleg reguleringsplan for bane og veg Arna – Stanghelle/Helle:

Etablere trygge og utviklande oppvekstvilkår for barn og unge

Trygg ferdsel mellom viktige funksjonar

Arbeide for urbanisering av stasjonsbyen, utvikle tettstaden med trivselskvalitetar og allmenn tilgjenge

Ivareta jordvern

Leggje til rette for samfunnsnyttig bruk av overskotsmassar

Innarbeide folkehelseprinsippet i all samfunnsutvikling

Setja strenge krav til utbyggingsfasen av ny E16 og jernbane for å avgrensa belastning på innbygarane

Vera pådrivar for at nedlagt jernbane vert del av nasjonale sykkelruter

Utbygging av E16 og jernbane kjem kommunen mest mogleg til gode.

Det er viktig at løysingane gir gode, attraktive og berekraftige stasjonsbyar, og at «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» er ein grunnstein i planarbeidet. Løysingane må stø opp om statlege planretningslinjer, dei regionale planane for transport og arealbruk, samt ei regionutviding austover frå Bergen. Ny veg og bane vil vere ei kraftfull utviding av bu- og arbeidsmarknaden i regionen. Det er ei viktig satsing for miljøvenleg transport, regularitet og tryggleik i korridoren, samt eit attraktivt tilskot til eit bilfritt Bergen sentrum. Det er viktig at løysingane unngår å skape auka behov for lokalt vegnett og transport – fotavtrykket må vere så lite som mogleg. Jernbanestasjonane må ha sentral plassering med god tilkomst, mest mogleg saumlaus omstiging og mogleggjere sentrumsutvikling med sentrale servicetilbod.

Kommunen ynskjer eit tett samarbeid vidare i høve til lokal utvikling og knutepunktutvikling rundt framtidige stasjonar, og ser fram til gode dialogar og møter for å sikre at ein oppnår effektmåla om å skape attraktive stasjonsbyar og berekraftige lokalsamfunn.

Vaksdal kommune understrekar at samarbeidet med prosjektet så langt har vore godt, men at



silingsrapporten ikkje kan erstatte ein kommunedelplan. For vidare planlegging av Stanghelle-Voss må staten snarleg igangsette arbeidet med kommunedelplan, både for å utgreie moglegheiter og konsekvensar, men også fordi ei utsetting av dette vil hindre vekst og utvikling ved at framtidige løysingar for infrastruktur er usikre.

Vaksdal kommune meiner det er viktig at ein på Vaksdal tek med to alternativ vidare i reguleringsfasen, men meiner VC15/JC2 vil vera beste alternativ og gje grunnlag for ei mykje meir attraktiv og berekraftig utvikling av bygda. Det er særleg i høve til støy, sentrumsutvikling, barrierar og lokale samband. VC15/JC2 samsvarar med prosjektet sine egne effektmål om berekraftig lokal og regional utvikling og kommunen sine egne satsingsområde.

Vaksdal kommune meiner det tilrådde alternativet på Stanghelle og Helle, VD1/JD3, er gode traséar for framtidig utvikling i stasjonsbyen, og meiner det samsvarer med både prosjektet og kommunen sine målsetningar. JD3 vil føre til store endringar i bygda, men vil samtidig leggje opp til god tilgjenge og høve til å utvikle eit attraktivt knutepunkt i bygda. VD1 kjem utanfor bygda og dette vil særleg betre støytilhøva i bygda.

Det bør vere eit krav i planprogrammet at ein skal utgreie å forlengje kulvert gjennom Døso for å unngå ein djup sjakt på tvers av bygda med den arealbandlegging, støy og barriereverknad dette vil føre med seg. Alternativvurdering av miljølók for stasjonsområdet, eventuelt for å trekke stasjonen fram på brua over Vågen må utgreiast i planprogrammet.

Medverknadsprosessar og planleggingsverktøy med høg pedagogisk kvalitet er essensielt og må vektleggast spesielt. Det er eit gigaprojekt som vert planlagt, og det må produserast godt informasjonsmaterieill, skisser, 3D-animasjonar og audio/video med base i dagens situasjon. For innbyggerane på Vaksdal og Stanghelle er det svært mykje usikkerheit og uro knytt til manglande informasjon og moglegheiter for å sette seg inn i konsekvensar ved gjennomføring og sluttresultat. Dette bør vere eige resultatløp gjennom prosessen. I samband med statleg planarbeid har Vaksdal kommune starta områdeplanarbeid for både Vaksdal og Stanghelle. Våren 2018 er det gjennomført «framtidsbileteprosessar» som medverknadsprosessar i kvar stasjonsby. Kommunen oppmodar prosjektet til å ta med seg resultatata frå desse i vidare planarbeid.

Prosjektet for ny E16 og Vossebanen skal identifisere moglege løysingar for ein gjennomgåande gang- og sykkelveg frå Arna til Stanghelle/Helle, og løysing for dette må takast inn i reguleringsplanarbeidet. Kommunen meiner det er viktig at ein får på plass gode gang- og sykkelforbindelsar langs E16, særleg då det ikkje eksisterer trygge samband for mjuke trafikkantar i dag. Kommunen meiner dette ansvaret må liggje på statleg plan, og følgje E16-utbygginga. Der er ein unik moglegheit å sikre framtidig nedlagt jernbanespor til gang/sykkelløysing for Bergen-Voss. Dette vil framstå som ein viktig grunnpilar for næringsutvikling, understøtte ei satsing på både miljøvenleg transport og folkehelse. Det vil mellom anna kople Bergen til Rallarvegen med ein samanhengande sykkeltrasè.

For massedeponi og massehandtering er det forventningar om at prosjektet finn samfunnsnyttig bruk for overskotsmassar, samt vel prosessmetodar som stør opp om gjenbruk og/eller deponi på mest mogleg nyttig vis. Veafjorden og Sørfjorden nord frå stasjonsbyen Vaksdal er del av nasjonalt verneområde for Vossolaksen. Daleelva, med utløp ved Stanghelle har også ei lita, svært verdifull laksestamme. Det er viktig at sårbare verdiar vert ivaretatt i val av løysingar, og at gode avbøtande tiltak vert prioritert. Massedeponi må handterast i statleg plan, og alle deponi og anleggsområde må regulerast før dei tas i bruk. Det er i planprogrammet gitt fleire eksemplar på korleis ein kan handtera overskotsmasser, men lokalisering av deponiområde er endå ikkje avklart. Det er svært viktig at handtering av masser skjer i samråd med Vaksdal kommune for å sikre at ein får ein samfunnsnyttig



bruk av massane. Kommunen har spelt inn fleire moglege deponiområde til prosjektet, mellom anna for utbetring av fylkesvegnettet, samt store landdeponiområde.

I forskrift om konsekvensutgreiingar § 17 er det satt tydelege krav om at konsekvensutgreiingar skal tilpassast planen. Vaksdal kommune meiner at dei tema som er framheva i planprogrammet åleine ikkje er dekkande for å skildre dei samla konsekvensane frå tiltaket. Det er viktig at prosjektet gjennomfører ein omfattande konsekvensutgreiing som går utover vegvesenet si handbok V712, og Bane NOR si handbok JD20. Mellom anna meiner kommunen det må gjerast grundige analysar av framtidig forventa verknad for bygdene, støytilhøve, helse- og samfunnsmessige konsekvensar, areal- og samfunnsmessige konsekvensar, meir detaljert om nærmiljø og friluftsliv, og det bør og vera eit eige kapittel i utgreiinga om klima og forureining og utslepp i sjø/vassdrag. Alternative avbøtande tiltak må også synleggjerast. Kommunen nyleg gjennomført «kartlegging og verdisetting av friluftslivområde», som må inngå som kunnskapsgrunnlag og hensyntakast i planarbeidet.

Vaksdal kommune er positiv til dei moglegheitene ny veg og bane kan gje kommunen og bygda, men meiner samtidig at ein slik utbygging potensielt fører meg seg ei storstilt omlegging av kommunal og lokal infrastruktur, både midlertidig og permanent. Dette vil moglegvis ha økonomiske konsekvensar for kommunen si drift både under anleggsfasen og i eit lengre perspektiv. Kommunen meiner det må vera ein føresetnad at prosjektet handterer og kostar dei reint fysiske tiltaka med omlegging av tekniske installasjonar og omlegging av lokal infrastruktur. Kommunen er ansvarleg for å ivareta kommunen sine innbyggjarar og yte lovpålagte tenester. Vidare må privat tenestetilbod som nærbutikk og kafe leve vidare i anleggsperioden. Det er difor viktig at prosjektet tek omsyn til dette. For at kommunen skal kunne ta omsyn til sine innbyggjarar meiner Vaksdal kommune at prosjektet må greie ut korleis privat og offentleg tenestetilbod vil verte råka av prosjektet.

Det er viktig at ein tydeleggjer grensesnittet mellom den statlege planen si utgreiingsplikt og kommunen sitt behov for kunnskap om verknader av planarbeidet i høve til kommunal infrastruktur og drift. Vaksdal kommune kan ikkje sjå at dette er omtalt i planprogrammet, og ønskjer derfor å understreke viktigheita av dette. Det er avgjerande for kommunen at ein får ei god planprosess med gode løysingar både for den statlege planen og for brukarane av private og offentlege tenestetilbod i Vaksdal kommune.

Særleg for Vaksdal:

Vaksdal kommune meiner det er viktig at prosjektet greier ut korleis plasseringa av stasjonen i bygda vil kunne påverke både trafikkvekst lokalt og reisemiddelfordeling. Tilgjenge til stasjonen frå dei ulike delane av bygda vil vera avgjerande for om innbyggjarane kan nytte seg av kollektivtilbodet eller ikkje, og dette må vera eit tema i konsekvensutgreiing. Kommunen meiner det er avgjerande at E16 blir flytta ut av bygda, og det er og positivt at ein ikkje må leggje om eller etablere nytt lokalvegssystem. Traséen i alternativ VC15/JC2 vil bidra til ein mykje meir attraktiv utvikling av bygda, særleg i høve til støy, mogleg knutepunktsutvikling, sentrumsutvikling, barrierar og samband lokalt. VC15/JC2 samsvarar med prosjektet sine eigne effekt mål om berekraftig lokal og regional utvikling og kommunen sine eigne satsingsområde. Kommunen si eiga utgreiing syner forskjellen i sentrumsareal som kan utviklast er 14500 m², jamfør figur 1.



Figur1: Illustrasjon over byggbart sentrumsareal rundt framtidig stasjon vist med gul farge. Til høgre VC15/JC2 med 26 000 m² byggbart areal og til venstre VC11/JC1 med 11 500 m² byggbart areal.

Sjølv om tiltaket vil gje kortare reisetid og moglegheiter for å pendle raskt til Bergensregionen, er ikkje dette i seg sjølv nok til å sikre at innbyggjarane på Vaksdal vel tog framfor bil. VC15/JC2 vil i mykje større grad bidra til ei berekraftig utvikling, og leggje til rette for tettstadsutvikling i direkte tilknytning til stasjonen. Det er viktig for Vaksdal kommune at prosjektet tek innover seg dei behov og føresetnader som ligg i tettstaden, og ikkje berre tek omsyn til dei overordna kostnadene.

I stasjonsbyen Vaksdal har det vore trasèomlegging for E16 også tidlegare, og ei heilheitleg løysing for tungtransport til Norgesmøllene/Felleskjøpet sine anlegg ved Sør fjorden må inngå i prosjektet. I dag er det om lag 80 vogntog pr. døger som må opp og ned den smale fylkesvegen som slyngar seg gjennom sentrum av Vaksdal. Dette er ikkje ei god løysing verken for trafikktryggleiken eller miljøet. Framtidig nedlagt jernbanespor, saman med tidlegare trasèar for E16 bør inngå i vurderinga både for tilkomst til Norgesmøllene/Felleskjøpet.

Konsekvensutgreiing av «natur- og kulturverdiar» frå Handbok V712 som er utført i silingsprosessen har fleire vurderingar som kommunen stiller seg undrande til. Mellom anna stiller kommunen seg særleg undrande til verdivurderinga av senteret på Vaksdal som er hjartet i bygda og ein særleg viktig møteplass med butikk, post, pizzeria, bibliotek, frisør og samfunnssal/gymsal for skulen, der Statens vegvesen har sett dette til låg eller ingen verdi. På ein anna side har ein vurdert garden i Tolåsen som har liten drift og liten betydning for bygda, med høgare verdi. Vegvesenet meiner altså at eit gardsbruk utan drift har høgare verdi og konfliktpotensiale enn senteret i bygda.

Eit anna moment i silingsrapporten som Vaksdal kommune ikkje kan forstå er vurderinga av traséane i høve til landskapsbilete og landskapsform. I VC11/JC1 vert traséen vurdert til å harmonere med landskapsrommet, og ha ei visuell forankring i terrengform, mens i VC15/JC2 vert traséen vurdert til å ikkje harmonere med landskapsrommet og ikkje ha ei visuell forankring. Kommunen stiller seg heilt uforståeleg til desse vurderingane, og forventar at dette blir utgreidd i mykje større grad. Særleg viktig er vurderinga i høve til barriereverknad i bygda, både visuelt og fysisk, der ein ikkje omtaler denne i særleg grad og ikkje grunnjev kvifor VC15 er vurdert til å ha større visuell barriereverknad enn VC11, mens den fysiske barriereverknaden ikkje er omtala under same kapittel. Vaksdal kommune meiner det er viktig at ein utarbeidar ei uavhengig konsekvensutgreiing når ein no skal arbeide vidare med dei to alternativa, og at dei tidlegare vurderingane ikkje må leggjast til grunn for det vidare arbeidet, og at det vert gjort ei. Det må også gjerast samla vurderingar for samla konsekvensar for veg og bane, og dette er særleg viktig der desse har parallell trasé i dagsone. Kommunen kan ikkje sjå at dette er gjort i silingsfasen.



Med planprogrammet kjem det statlege prosjektet for K5 formelt inn under lovpålagt formell planlegging etter Plan- og bygningslova. Kommunen forventar at en konsekvensutgreiing av dei to alternativa då også vert gjennomført etter forskrift om konsekvensutredningar. Kommunen meiner det er viktig at desse no vert gjort av ein uavhengig part som ikkje har vore del av dei tidlegare fasane av prosjektet, for å sikre at ein får objektive og gode vurderingar av konsekvensar og konfliktpotensiale, også for samla konsekvensar.

Vaksdal kommune ber om at planprogrammet supplerast med tema om klima og utslepp for å kunne gjere greie for tiltaket sine samla konsekvensar. Tilpassing for klimaendringar må også skildrast. I silingsrapporten vert ikkje verknader i høve til elva særleg mykje diskutert, og kommunen meiner dette må greiast ut særskilt. Elva er nerven i bygda, og eventuell omlegging av denne og andre verknader må greiast ordentleg ut i høve til dei to traséalternativa.

Det er særleg viktig for Vaksdal kommune at prosjektet bidrar til ein forbetring i høve støy i bygda, og ikkje gjer støytilhøve verre. I planprogrammet er støy nemnt som eit prissett tema, og i silingsrapporten er støy lite omtala. Meirulempene med støy, særleg i alternativ VC11/JC1 er store, og må utgreiast særskild, og kommunen er særleg bekymra for den samla støybelastninga for alternativ der veg og bane ligg parallelt gjennom sentrum av bygda. I kart frå forventa støysituasjon i 2040 kan ein sjå at store delar av dagens sentrum ligg i raud og gul sone, og ein kan ikkje forventa at støytilhøve vil bli betre med oppgradert veg og høgare hastigheit. Saman med banestøy frå godstog og passasjertog vil dette samla bli ei større belastning for bygda enn det er i dag. Dette samsvarer heller ikkje med prosjektet sine eigne målsetningar om å skape attraktive stasjonscenter og berekraftig lokal utvikling.

Særleg for Stanghelle:


Alternativ JD3 vil gje dei fleste innbyggjarane kort veg til stasjonen og bygger opp under målsetningar i kommuneplanen om redusert behov for bilbruk i bygda, og med prosjektet sine eigne målsetningar om å utvikle attraktive stasjonsbyar. I kombinasjon med at framtidig E16 vert lagt i tunnel utanom sentrum, med «endepunkt» på Helle er dette ei løysing som vil gje rom for å utvikle Stanghelle som eit attraktivt knutepunkt.

Planprogrammet må legge føringar for alternativvurdering av miljølók for stasjonsområdet, eventulett for å trekke stasjonen fram på brua over Vågen, slik at barriereverknad ved skjering vert minimert.

Den nye jernbana vil ha store verknader for bygda i anleggsfasen, og kommunen meiner det er avgjerande for bygdas innbyggjarar at ein legg til rette for gode avbøtande tiltak og viser omsyn til innbyggjarane på Stanghelle gjennom heile prosessen med statleg plan.



Vaksdal kommune



Stanghelle ligg i tilknytning til sjø og ein fjordarm, og det er svært viktig at prosjektet utgreier korleis ny stasjon og jernbane vil påvirke tilgangen til strandsona og fjorden. Dette er svært viktige element i bygda, og det må sikrast god tilgang til sjø og friluftsliv. Dei naturlege naturverdiane og kvalitetane som er på Stanghelle og Helle og avbøtande tiltak for negative verknader må skildrast.

Det er viktig at prosjektet greier ut potensielle konsekvensar for barn og unge, sær i høve til barnehagen. Prosjektet må synleggjera løysingar i høve til uteareal under anleggsfasen og korleis ein kan opparbeide uteareal etter anleggsfasen, spesielt i høve til støy og tryggleik. Dersom det blir aktuelt å flytte barnehagen må prosjektet greie ut område for ny plassering av barnehagen.

Innbygarane i Stanghelle har i 2013/14 vore gjennom ei lengre anleggsperiode med mykje støy og belastningar for enkeltmenneskjer og familiar i høve til utbetring av kryssløysingar på E16. Kommunen meiner prosjektet må greie ut konsekvensane for enkeltmenneskjer i høve til deira kvardag, psykososiale forhold og andre samfunnsmessige tilhøve.

Vaksdal kommune meiner naturverdiane på Helle må utgreiast særleg. Landskapet på Helle er sårbart, grunnforholda utfordrande og Taugåni er svært viktig gytebekk som har fått negative konsekvensar etter prøveboringar. Den midlertidige løysinga med T-kryss må ikkje bli ei permanent eller langsiktig løysing. Det må utgreiast og leggast føresegner om alternative løysingar for dette området dersom ein ikkje startar arbeidet med veg vidare mot Voss. Dette må tydeleggjerast i reguleringsplanen.

44/2018: VAKSDAL KOMMUNE DEL AV NORDHORDLAND BIOSFÆREOMRÅDE?

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiere sin rettmessige del for første fasen av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021.



Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Endringsframlegg frå Boris Groth, FRP:

Vaksdal kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Boris Groth sitt framlegg - Boris Groth sitt framlegg fekk 2 røyster (FRP og Anderes Jin Risnes, AP) og fall.

KOM - sak 44/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiere sin rettmessige del for første fasen av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021.

45/2018: SØKNAD OM SKJENKELØYVE FOR MILANO PIZZERIA VAKSDAL FOR PERIODEN 01.07.2018 - 30.06.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om skjenkeløyve for inneservering vert innvilga, medan det blir avslag på skjenkeløyve til uteservering.

Milano Pizzeria Vaksdal får innvilga skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1,2 og 3. Skjenketid i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 10.00 – 02.30.

Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett frå kl. 13.00 – 02.30.

Løyvehavar er Milano Pizzeria Vaksdal org. Nr 917 124 264

Styrar for skjenkeløyvet er Halis Celep

Stedfortredar er Memet Celep

Skjenkeløyvet er gjeldande frå 01.07.18. t.o.m. 30.06.2020

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Endringsframlegg frå Evelyn Boge, SV:

Første setning i rådmannens framlegg til vedtak vert endra til:

Søknad om skjenkeløyve for inneservering vert innvilga. Søknad om skjenkeløyve til uteservering vert innvilga på vilkår av at søkjar sender inn teikningar av fysisk avsperring av området for servering og godkjenning frå huseigar om uteservering på området.

Siste setning i rådmannens framlegg til vedtak vert endra til:



Vaksdal kommune

Skjenkeløyvet for inneservering er gjeldande fra 01.07.2018 t.o.m. 30.06.2020.

Skjenkeløyvet for uteservering er gjeldande frå det tidspunktet vilkåra er oppfylt t.o.m. 30.06.2020.

Røysting:

1. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke
2. Evelyn Boge sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke

KOM - sak 45/2018 Vedtak:

Søknad om skjenkeløyve for inneservering vert innvilga. Søknad om skjenkeløyve til uteservering vert innvilga på vilkår av at søkjar sender inn teikningar av fysisk avsperring av området for servering og godkjenning frå huseigar om uteservering på området.

Milano Pizzeria Vaksdal får innvilga skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1,2 og 3. Skjenketid i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 10.00 – 02.30.

Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett frå kl. 13.00 – 02.30.

Løyvehavar er Milano Pizzeria Vaksdal org. Nr 917 124 264

Styrar for skjenkeløyvet er Halis Celep

Stedfortredar er Memet Celep

Skjenkeløyvet for inneservering er gjeldande fra 01.07.2018 t.o.m. 30.06.2020.

Skjenkeløyvet for uteservering er gjeldande frå det tidspunktet vilkåra er oppfylt t.o.m. 30.06.2020.

46/2018: KOMMUNIKASJONSSTRATEGI FOR VAKSDAL KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunikasjonsstrategi for Vaksdal kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

Ombudsutvalet 28.05.2018

Behandling:

Rådmannen orienterte.

Samrøystes vedtak.

OMB - sak 06/2018 Tilråding:

Kommunikasjonsstrategi for Vaksdal kommune vert vedtatt slik den ligg føre.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Leiar i ombudsutvalet orienterte.



Rådmannen la fram eit forslag frå Kontaktforum (rådmannen sitt jamnlege kontaktmøte med alle hovedtillitsvalde):

Nytt kulepunkt i punkt 4.2: Tilgjengelighet til kommunikasjon

Framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Administrasjonen kjem attende til kommunestyret med løypemelding om korleis mål og strategi vert følgt opp og gjennomført i praksis.

Røysting:

1. Ombudsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke
2. Tilleggsframlegget frå rådmannen sitt kontaktforum vart samrøystes vedteke
3. Tilleggsframlegget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke

KOM - sak 46/2018 Vedtak:

Kommunikasjonsstrategi for Vaksdal kommune vert vedtatt slik den ligg føre med følgjande endring: nytt kulepunkt i punkt 4.2: Tilgjengelighet til kommunikasjon

Administrasjonen kjem attende til kommunestyret med løypemelding om korleis mål og strategi vert følgt opp og gjennomført i praksis.

47/2018: SLIK FUNGERER KOMMUNESTYRET BEST - OPPFØLGING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Slik fungerer kommunestyret best er å rekne som køyrereglar for folkevalte og administrasjonen. Gjennom denne saka vert desse køyrereglane oppdatert med følgjande tillegg:

Årshjul:

- Årshjul for politiske saker tar i seg opplæringsprogram, samt årleg evaluering av køyrereglane

Rapportering frå rådmannen til kommunestyret, formannskap og politiske utval:

- Tempoplan for politiske saker som referatsak til kvart møte
- Restanseliste som sak til kommunestyret

Sakshandsaming fram mot politiske avgjerder

- Rutinar for sakshandsaming for ulike typer saker som skal til politisk handsaming
 - Ordinære vedtakssaker
 - Handlingsprogram/økonomiplan og budsjett
 - Plansaker
 - Tildelingssaker/Tilskuddssaker
 - Prosessaker/Prosjektsaker
 - Tjenesteutviklingssaker/kvalitetssikringssaker
 - Høringssaker,
 - Drøftingssaker
 - Orienteringssaker



Informasjon/kommunikasjon og innbyggjarmedverknad

- Rutine for innbyggjarmedverknad
- Kommunikasjons- og informasjonsstrategi (eige sak)
- Informasjon om politiske saker skjer via kommunens heimeside og facebook. Som hovudregel vert det informert om vedtak snarast råd etter at protokollen for møtet er ferdig godkjent. Kommunen refererer sakstittel, kort om saka og vedtaket.
- Informasjon er ein del av vurderingane som skal gjerast for politiske saker.

Rolleforståing folkevalte og administrasjonen

- Etisk kompetanseprogram for folkevalte og administrasjon
- Felles opplæring i ny kommunelov og arbeid med forvaltningslov
- Vurdere bruk av politisk saksordførar for prosessaker
- Etablere eit evalueringsutval for store saker som går over tid

Ombodsutvalet 28.05.2018

Behandling:

Rådmannen orienterte.

Samrøystes vedtak.

OMB - sak 08/2018 Tilråding:

Slik fungerer kommunestyret best er å rekne som køyrereglar for folkevalte og administrasjonen. Gjennom denne saka vert desse køyrereglane oppdatert med følgjande tillegg:

Årshjul:

- Årshjul for politiske saker tar i seg opplæringsprogram, samt årleg evaluering av køyrereglane

Rapportering frå rådmannen til kommunestyret, formannskap og politiske utval:

- Tempoplan for politiske saker som referatsak til kvart møte
- Restanseliste som sak til kommunestyret

Sakshandsaming fram mot politiske avgjerder

- Rutinar for sakshandsaming for ulike typer saker som skal til politisk handsaming
 - Ordinære vedtakssaker
 - Handlingsprogram/økonomiplan og budsjett
 - Plansaker
 - Tildelingssaker/Tilskuddssaker
 - Prosessaker/Prosjektsaker
 - Tjenesteutviklingssaker/kvalitetssikringssaker
 - Høringssaker,
 - Drøftingssaker
 - Orienteringssaker

Informasjon/kommunikasjon og innbyggjarmedverknad

- Rutine for innbyggjarmedverknad
- Kommunikasjons- og informasjonsstrategi (eige sak)



Vaksdal kommune

- Informasjon om politiske saker skjer via kommunens heimeside og facebook. Som hovudregel vert det informert om vedtak snarast råd etter at protokollen for møtet er ferdig godkjent. Kommunen refererer sakstittel, kort om saka og vedtaket.
- Informasjon er ein del av vurderingane som skal gjerast for politiske saker.

Rolleforståing folkevalte og administrasjonen

- Etisk kompetanseprogram for folkevalte og administrasjon
- Felles opplæring i ny kommunelov og arbeid med forvaltningslov
- Vurdere bruk av politisk saksordførar for prosessaker
- Etablere eit evalueringsutval for store saker som går over tid

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Leiar i ombudsutvalet orienterte.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 47/2018 Vedtak:

Slik fungerer kommunestyret best er å rekne som køyrereglar for folkevalte og administrasjonen. Gjennom denne saka vert desse køyrereglane oppdatert med følgjande tillegg:

Årshjul:

- Årshjul for politiske saker tar i seg opplæringsprogram, samt årleg evaluering av køyrereglane

Rapportering frå rådmannen til kommunestyret, formannskap og politiske utval:

- Tempoplan for politiske saker som referatsak til kvart møte
- Restanseliste som sak til kommunestyret

Sakshandsaming fram mot politiske avgjerder

- Rutinar for sakshandsaming for ulike typer saker som skal til politisk handsaming
 - Ordinære vedtakssaker
 - Handlingsprogram/økonomiplan og budsjett
 - Plansaker
 - Tildelingssaker/Tilskuddssaker
 - Prosessaker/Prosjektsaker
 - Tjenesteutviklingsaker/kvalitetssikringssaker
 - Høringssaker,
 - Drøftingssaker
 - Orienteringssaker

Informasjon/kommunikasjon og innbyggjarmedverknad

- Rutine for innbyggjarmedverknad
- Kommunikasjons- og informasjonsstrategi (eige sak)
- Informasjon om politiske saker skjer via kommunens heimeside og facebook. Som hovudregel vert det informert om vedtak snarast råd etter at protokollen for møtet er ferdig godkjent. Kommunen refererer sakstittel, kort om saka og vedtaket.
- Informasjon er ein del av vurderingane som skal gjerast for politiske saker.



Rolleforståing folkevalte og administrasjonen

- Etisk kompetanseprogram for folkevalte og administrasjon
- Felles opplæring i ny kommunelov og arbeid med forvaltningslov
- Vurdere bruk av politisk saksordfører for prosessaker
- Etablere eit evalueringsutval for store saker som går over tid

48/2018: OPPDATERING AV REGLEMENT FOR KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Reglement for kommunestyret blir oppdatert med tilsvarande føresegn som reglementa for formannskapet og utval for levekår pkt 19. når det gjeld teieplikt for folkevalte
2. Reglement for kommunestyret pkt 7.1 Open halvtime får tilført følgjande presisering:
 - a) Ny andre setning: Open halvtime er publikum sin «spørretime» før det formelle kommunestyret er satt.
 - b) Ny tredje setning: Saker som står på sakskartet for kommunestyret kan ikkje takast under «Open halvtime.»
3. Reglement for kommunestyret vert oppdatert med nytt pkt 7.2: Ordførarens kvarter «Etter Open halvtime gir ordføraren ei orientering om saker og prosessar som kommunestyret lyt vere kjent med. Det er ikkje høve til å stille spørsmål. Eventuelle spørsmål må avvena til uformell spørjerunde, jf pkt. 18.1.
4. Reglement for kommunestyret pkt 7.2. blir nytt punkt 7.3 og første setning endra til: Etter ordførarens kvarter gir rådmannen ei orientering om saker og prosessar av politisk og prinsipiell karakter.
5. Reglement for kommunestyret pkt 18.2 Interpellasjonar får tilført presiseringar:
 - a) I nytt tredje avsnitt: Interpellasjonar vert satt på sakslista.
 - b) I nytt femte avsnitt: Framsette interpellasjonar som i forkant av møtet inneheld konkrete forslag organet skal ta stilling til vert rekna som sak. Organet kan då med alminneleg fleirtal vedta å ta forslaget til votering.
 - c) Nest siste setning i punkt 18.2. vert endra til: Forslag framsett i samanheng med interpellasjonen i møtet kan ikkje takast opp til votering i møtet viss ordførar eller 1/3 av dei møtande motseter seg dette, jf. Kommunelova § 34. nr 1.

Ombudsutvalet 28.05.2018

Behandling:

Rådmannen orienterte.

Saka vart utsett til eit seinare møte (før kommunestyret sitt møte 25.06).

OMB - sak 07/2018 Vedtak:

Saka vert utsett.



Ombodsutvalet 11.06.2018

Behandling:

Endringsframlegg frå Evelyn Boge, SV:

Det vert gjort følgjande endringar/tillegg i rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gjeldande pkt. 5 b og c utgår.

Nytt pkt. 5 b) 2. setning i 2 avsnitt i pkt. 18.2 utgår.

Nytt pkt 5 c) Tillegg til nest siste avsnitt i pkt. 18.2: Dette gjeld sjølv om interpellasjonen er sett opp på sakslista.

Røysting

Det vart røysta punkt for punkt:

1. Samrøystes vedteke
2. Samrøystes vedteke
3. Samrøystes vedteke
4. Samrøystes vedteke
- 5a. Samrøystes vedteke
- 5b og c Evelyn Boge sitt framlegg samrøystes vedteke

OMB - sak 13/2018 Tilråding:

1. Reglement for kommunestyret blir oppdatert med tilsvarande føresegn som reglementa for formannskapet og utval for levekår pkt 19. når det gjeld teieplikt for folkevalte
2. Reglement for kommunestyret pkt 7.1 Open halvtime får tilført følgjande presisering:
 - a. Ny andre setning: Open halvtime er publikum sin «spørretime» før det formelle kommunestyret er satt.
 - b. Ny tredje setning: Saker som står på sakskartet for kommunestyret kan ikkje takast under «Open halvtime.»
3. Reglement for kommunestyret vert oppdatert med nytt pkt 7.2: Ordførarens kvarter «Etter Open halvtime gir ordføraren ei orientering om saker og prosessar som kommunestyret lyt vere kjent med. Det er ikkje høve til å stille spørsmål. Eventuelle spørsmål må avventa til uformell spørjerunde, jf pkt. 18.1.
4. Reglement for kommunestyret pkt 7.2. blir nytt punkt 7.3 og første setning endra til: Etter ordførarens kvarter gir rådmannen ei orientering om saker og prosessar av politisk og prinsipiell karakter.
5. Reglement for kommunestyret pkt 18.2 Interpellasjonar får tilført presiseringar:
 - a. I nytt tredje avsnitt: Interpellasjonar vert satt på sakslista
 - b. 2. setning i 2 avsnitt i pkt. 18.2 utgår
 - c. Tillegg til nest siste avsnitt i pkt. 18.2: Dette gjeld sjølv om interpellasjonen er sett opp på sakslista

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Leiar i ombodsutvalet orienterte.

Evelyn Boge la fram forslag om å utsetja saka for å avklara reglane i kommunelova. 10 røysta for utsetjingsframlegget og saka vart dermed behandla i møtet.

Kjartan Haugsnes, SV, fremja så rådmannen sitt framlegg i punkt 5 på nytt.



Røysting:

Det vart røysta punkt for punkt:

- Punkt 1 Samrøystes vedteke
- Punkt 2a Samrøystes vedteke
- Punkt 2b Vedteke mot 1 røyst (FRP)
- Punkt 3 Samrøystes vedteke
- Punkt 4 Samrøystes vedteke
- Punkt 5 Ombudsutvalet si tilråding vart sett opp mot Kjartan Haugsnes sitt framlegg:
Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 14 røyster: (AP (÷ Eirik Haga, Heidi Rongved og Brita H. Lunde), SP (÷ Hege Eide Vik), SV, MDG, KRF) og vart vedteke.

KOM - sak 48/2018 Vedtak:

1. Reglement for kommunestyret blir oppdatert med tilsvarande føresegn som reglementa for formannskapet og utval for levekår pkt 19. når det gjeld teieplikt for folkevalte
2. Reglement for kommunestyret pkt 7.1 Open halvtime får tilført følgjande presisering:
 - a. Ny andre setning: Open halvtime er publikum sin «spørretime» før det formelle kommunestyret er satt.
 - b. Ny tredje setning: Saker som står på sakskartet for kommunestyret kan ikkje takast under «Open halvtime.»
3. Reglement for kommunestyret vert oppdatert med nytt pkt 7.2: Ordførarens kvarter «Etter Open halvtime gir ordføraren ei orientering om saker og prosessar som kommunestyret lyt vere kjent med. Det er ikkje høve til å stille spørsmål. Eventuelle spørsmål må avventa til uformell spørjerunde, jf pkt. 18.1.
4. Reglement for kommunestyret pkt 7.2. blir nytt punkt 7.3 og første setning endra til: Etter ordførarens kvarter gir rådmannen ei orientering om saker og prosessar av politisk og prinsipiell karakter.
5. Reglement for kommunestyret pkt 18.2 Interpellasjonar får tilført presiseringar:
 - a. I nytt tredje avsnitt: Interpellasjonar vert satt på sakslista.
 - b. I nytt femte avsnitt: Framsette interpellasjonar som i forkant av møtet inneheld konkrete forslag organet skal ta stilling til vert rekna som sak. Organet kan då med alminneleg fleirtal vedta å ta forslaget til votering.
 - c. Nest siste setning i punkt 18.2. vert endra til: Forslag framsett i samanheng med interpellasjonen i møtet kan ikkje takast opp til votering i møtet viss ordførar eller 1/3 av dei møtande motseter seg dette, jf. Kommunelova § 34. nr 1.

49/2018: OPPDATERING AV REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune oppdaterar reglementet for godtgjering til folkevalte punkt C3 Ulegitimert tap av inntekt:

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert godtgjort med kr 135 pr time avgrensa oppover til kr 1 000 pr. møtedag. Timegodtgjeringa vert justert kvart år tilsvarande prosentauke i møtegodtgjersle.

Endringa gjeld med verknad frå kommunestyret sitt vedtak.



Ombodsutvalet 28.05.2018

Behandling:

Ombodsutvalet utsette saka og ber rådmannen undersøkje med andre kommunar kva satsar dei nyttar.

OMB - sak 09/2018 Vedtak:

Saka vert utsett. Ombodsutvalet ber rådmannen undersøkje kva satsar andre kommunar nyttar.

Ombodsutvalet 11.06.2018

Behandling:

Framlegg frå Evelyn Boge, SV:

Vaksdal kommune oppdaterer reglement for godtgjering til folkevalgte punkt C3 Ulegitimert tap av inntekt:

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert godtgjort med kr 150 pr time avgrensa oppover til 1,2 promille av ordførargodtgjersla pr. møtedag. Timegodtgjeringa vert justert kvart år tilsvarande prosentauke i møtegodtgjersla.

Endringa gjeld med verknad frå kommunestyret sitt vedtak.

Evelyn Boge sitt framlegg samrøystes vedteke.

OMB - sak 14/2018 Tilråding:

Vaksdal kommune oppdaterer reglement for godtgjering til folkevalgte punkt C3 Ulegitimert tap av inntekt:

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert godtgjort med kr 150 pr time avgrensa oppover til 1,2 promille av ordførargodtgjersla pr. møtedag. Timegodtgjeringa vert justert kvart år tilsvarande prosentauken i møtegodtgjersla.

Endringa gjeld med verknad frå kommunestyret sitt vedtak.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Leiar i ombodsutvalet orienterte.

Framlegg frå Tom Charles Johnsen, MDG:

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert godtgjort med kr 160 pr time avgrensa oppover til kr 1 000 pr. møtedag.

Timegodtgjeringa vert justert kvart år tilsvarande prosentauke i møtegodtgjersle.

Endringa gjeld med verknad frå kommunestyret sitt vedtak.

Røysting:

Ombodsutvalet sitt forslag vart sett opp framlegget frå Tom Charles Johnsen - Tom Charles Johnsen sitt framlegg fekk 2 røyster (MDG, Sigmund Simmenes, SP) og fall.



KOM - sak 49/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune oppdaterer reglement for godtgjering til folkevalgte punkt C3 Ulegitimert tap av inntekt:

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert godtgjort med kr 150 pr time avgrensa oppover til 1,2 promille av ordførargodtgjersla pr. møtedag. Timegodtgjeringa vert justert kvart år tilsvarande prosentauken i møtegodtgjersla.

Endringa gjeld med verknad frå kommunestyret sitt vedtak.

50/2018: PROSJEKT PILOT LEGEVAKT HARDANGER OG VOSS LEGEVAKTDISTRIKT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

To alternative framlegg til vedtak.

Alternativ 1:

Vaksdal kommune tilrår deltaking i prosjekt pilot legevakt med forbehold om at piloten ikkje vil medføra auka kostnad for Vaksdal kommune, og at prosjektstyring syter for føreseieleg og likeverdig prosjektdeltaking med tilstrekkeleg drøfting og forankring. Deltaking i piloten må bidra til utvikling av ein sterk og god interkommunal legevakt som sikrar betre kvalitet på og tilgjenge til dei akuttmedisinske tenestene. Deltaking i piloten må ta omsyn til at E16 går gjennom heile Vaksdal kommune

Alternativ 2:

Vaksdal kommune tilrår ikkje deltaking i prosjekt pilot legevakt.

Levekårsutvalet 11.06.2018

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg orienterte.

Levekårsutvalet etterlyste tilbakemelding på prosessen/arbeidet med felles legevakt for Vaksdal, Osterøy, Kvam og Samnanger i Arna
Rådmannen gav ei kort orientering om dette.

Alternativ 2 i rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster (H, MDG, SV), alternativ 1 fekk 4 røyster (AP, SP) og vart vedteke.

LEV - sak 17/2018 Tilråding:

Vaksdal kommune tilrår deltaking i prosjekt pilot legevakt med forbehold om at piloten ikkje vil medføra auka kostnad for Vaksdal kommune, og at prosjektstyring syter for føreseieleg og likeverdig prosjektdeltaking med tilstrekkeleg drøfting og forankring. Deltaking i piloten må bidra til utvikling av



ein sterk og god interkommunal legevakt som sikrar betre kvalitet på og tilgjenge til dei akuttmedisinske tenestene. Deltaking i piloten må ta omsyn til at E16 går gjennom store deler av Vaksdal kommune

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Levekårsutvalet si tilråding vart vedteke mot 7 røyster (SV, H, FRP, MDG)

KOM - sak 50/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune tilrår deltaking i prosjekt pilot legevakt med forbehold om at piloten ikkje vil medføra auka kostnad for Vaksdal kommune, og at prosjektstyring syter for føreseieleg og likeverdig prosjektdeltaking med tilstrekkeleg drøfting og forankring. Deltaking i piloten må bidra til utvikling av ein sterk og god interkommunal legevakt som sikrar betre kvalitet på og tilgjenge til dei akuttmedisinske tenestene. Deltaking i piloten må ta omsyn til at E16 går gjennom store deler av Vaksdal kommune.

51/2018: INTERPELLASJON FRÅ ANNELI VATLE LILLETVEDT - PLEIE OG OMSORG

Frå Anneli Vatile Lilletvedt låg det føre slik interpellasjon:

Vaksdal kommune skal sjå til at alle eldre får dekkja sine grunnleggjande behov og oppleva å mestra siste del av livet – uansett kor dei bur.

Mange ynskjer å bli buande i eigen bustad så lenge dei kan og det er forsvarleg. Dette innebær at dei treng ei del hjelp frå heimabaserte tenester.

Å få tildelt ein omsorgsbustad eller sjukeheimplass betyr tyggheten, for eldre med sviktande helse. Trivsel er og eit viktig element i eldreomsorga som ikkje må undervurderast.

Kommunen har starta prosjektet lev Vel i Vaksdal.

Det er mange mål for prosjektet.

Brukarane skal bu lengst mogeleg heime, velferdsteknologi vert teken i bruk for at dei skal meistra kvardagen.

Ressurssenter på Vaksdal for demente med tilrettelagt uteområde og helsehus på Dale med fokus på førebygging og opptrening og rehabilitering.

Dette er gode mål å ha, men passar ikkje for alle. Det er ikkje slik at alle taklar kvardagen med å bu i eigen bustad like godt, det går på den enkelte si fysiske og psykiske helse. Men det er det kommunen sitt tenestetilbod legg opp til for alle. Dette kan redusera livskvaliteten deiras

Eldre har og krav på å bli høyrte, dei er som alle andre forskjellige med ulike behov.

Erfaringane med kva som skapa ein trygg og god alderdom, er mangfaldig og kva bu – og omsorgstilbod som passar best for den enkelte vil variera.



Spørsmål til ordføreren:

Korleis fungera det tverrfaglege samarbeide for eldre i kommunen?

Har kommunen tilbod til dei som fell utanfor «det etablerte tenestetilbodet». Ei meir individuell handsaming som går på den totale situasjonen til brukarane? Blir pårørande og lege involvert?

Kva rutinar har Vaksdal kommune for å fylgja opp varsling som kjem inn, når eldre ikkje klara kvardagen i egen bustad

Korleis blir dette fylgt opp?

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføreren gav slikt svar:

Helse- og omsorgstenesta i Vaksdal tildeler tenester i tråd med gjeldande lovverk og tildelingskriterier vedtekne av Kommunestyret. Det blir gjort individuell vurdering, og det blir tatt hensyn til totalsituasjonen til brukar. Brukar sin funksjon og helsetilstand blir vurdert, og meningar og ønske blir hørt på. Ein legg vekt på tverrfagleg vurdering og involverar lege og pårørande når det trengst, når det er i samsvar med lovverk, og/eller når brukar ønskjer det.

Korleis fungerer det tverrfaglege samarbeidet for eldre i kommunen?

De aller fleste eldre i kommunen har bra helse og lever eit aktivt liv utan behov for tenester frå helse og omsorg. Reknar derfor med at spørsmålet gjeld eldre med hjelpebehov eller tenester.

Det er godt tverrfagleg samarbeid i kommunen, og det tverrfaglege teamet har blitt styrka det siste året. Tverrfaglege samarbeidsmøte er innarbeidd i form av teammøte og tverrfaglege møte på korttidsavdeling og for heimebuande. Tverrfaglege metodar er tatt i bruk, t.d. kverdagsrehabilitering. Det blir lagt til rette for brukarmedvirkning, og for at brukar skal nytta sine ressursar for å meistra dagleglivet så godt som råd.

Forvaltningskontoret skal koordinera det tverrfaglege samarbeidet for brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester. Det blir då oppretta ansvarsgruppe, og brukar får tilbod om individuell plan (IP).

Har kommunen tilbod til dei som fell utanfor «det etablerte tenestetilbodet». Ei meir individuell handsaming som går på den totale situasjonen til brukarane? Blir pårørande og lege involvert?

Det er alltid ei individuell vurdering som ligg til grunn for vedtak og tiltak.

Eldre blir og informerte om tiltak som faller utanom helse- og omsorgstenestene, f.eks i regi av frivillige og lag og organisasjonar, treningsgrupper m.m.

Lege og nærmaste/nære pårørande blir ofte involverte i prosessen med søknad om og tildeling av tenester. Det kan vera nødvendig for god utgreiing og vurdering av behov. Her må vi og følgja lovverk og lytta til det brukaren ønsker. Når han/ho er samtykkekompetent, er det brukaren sjølv som bestemmer kven som kan/skal involverast. Kor mange som blir involvert, har og samanheng med kompleksiteten i saka. Lege er ofte involvert og deltar på tverrfaglege møte og i ansvarsgrupper.



Kva rutinar har Vaksdal kommune for å fylgja opp varsling som kjem inn, når eldre ikkje klarar kvardagen i eigen bustad? Korleis blir dette fylgt opp?

Vi har rutinar i tråd med lovverk. Oppfølging er lagt til Forvaltningskontoret.

Dersom bekymringa gjeld brukar som alt har teneste, vert dette journalført og følgt opp. Vanlegvis ved å kontakta brukar og eventuelt foreta heimebesøk og/eller ny vurdering. Aktuelle samarbeidspartar blir kontakta ved behov, t.d. lege, anna tverrfagleg personell, spesialisthelsetenesta, pårørande.

Dersom det gjeld ein person som ikkje har teneste, blir meldinga registrert og vurdert. Ved oppfølging blir den eldre personen kontakta og får rettleiing og hjelp til å søkja om tenester dersom det er aktuelt. Aktuelle samarbeidspartar blir kontakta, og saka blir behandla.

Viss ein vurderar at personen treng nødvendig helsehjelp eller tiltak utan at han/ho sjølv ønsker det eller meiner det er nødvendig, jobbar ein med å synleggjera behovet og motivera personen til å motta helseteneste. Pasient- og brukarrettslova må følgjast, og det er strenge vilkår for å gi helsehjelp med tvang.

Det vart så opna for debatt.

KOM - sak 51/2018 Vedtak:

52/2018: INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES - TILSETTE SIN YTRINGSFRIHET

Frå Kjartan Haugsnes låg det føre slik interpellasjon:

Ikkje demokrati uten ytringsfridom.

I formannskapet sitt møte 4. juni 2018 reiser varaordførar Sigmund Simmenes frå Sp ein viktig debatt om tilsette sine kår i Vaksdal kommune. I kjølvatnet av «Malkenes» saka i Oslo kommune vert det no reist ein debatt om tilsette sine rettar og plikter i høve moglegheit til å gjere si stemme gjeldande i det offentlege ordskiftet i heile kommune – Noreg. Bergen bystyre vedtok i april då. Forslag frå SV som lyder: *«Bystyret vil benytte muligheten til å slå ettertrykkelig fast at lærere i Bergenskolen har ytringsfrihet, og denne skal på ingen måte begrenses av skoleledelse eller skoleeier.»*

FAFO gjorde i 2017 ei undersøking på oppdrag frå Fritt Ord om tilsette sin ytringsfridom. I denne undersøkinga kom det fram at over halvparten av leiarane i kommune – Noreg ikkje ønskjer at tilsette skal uttrykke seg negativt eller delta i markeringar mot arbeidsgjevar, eller ytre seg i høve eigen arbeidsplass i det heile. Regelverk gjeldande ytringar viser seg og å ha ein regulerande/disiplinerande funksjon.

Sivilombodsmannen har uttalt seg slik om tilsette i kommunane sin ytringsfridom:

«Ytringsfriheten er en av de grunnleggende menneskerettighetene, beskyttet i Grunnloven § 100, Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK) artikkel 10 og FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter (SP) artikkel 19. De to konvensjonene gjelder som norsk lov, jf. menneskerettsloven. Ansattes ytringsfrihet er ikke særskilt regulert i disse bestemmelsene, men det



rettslige utgangspunktet er at de har det samme vernet som enhver annen borger.

Det er imidlertid bare adgangen til å ytre seg på egne vegne som er beskyttet av ytringsfriheten. Arbeidsgiveren står fritt til å bestemme hvem som skal uttale seg på vegne av virksomheten og hva som skal sies. Om en ansatt må anses å ha ytret seg på egne eller arbeidsgivers vegne, vil derfor kunne være avgjørende ved vurderingen av om en ytring er rettmessig.

Lojalitetsplikten innebærer at ansatte har plikt til å opptre lojalt i forhold til den virksomheten de arbeider i. Dette betyr imidlertid ikke at arbeidsgiver har fri adgang til å regulere eller sanksjonere ytringer som ansatte fremsetter på egne vegne, etter sin egen forventning til de ansattes lojalitet. Tilgang til informasjon og en informert offentlig debatt er viktig for et velfungerende demokrati. Ansatte vil kunne ha spesiell kompetanse, innsikt og erfaring knyttet til arbeidsforholdet. Det vil ofte være nettopp i egenskap av å ha førstehånds kjennskap til området, at den ansattes ytringer har betydning i den offentlige debatten. Ansattes ytringsfrihet kan også bidra til å motvirke og avdekke ulovlige eller kritikkverdige forhold.

Når lovligheten av en ansatts ytring skal vurderes, må hensynene bak lojalitetsplikten i det konkrete tilfellet veies mot hensynene bak ytringsfriheten, i tråd med GrL § 100 annet og tredje ledd og EMK artikkel 10 nr. 2. Ved avveiningen må det tas hensyn til at ytringsfriheten er en menneskerett, beskyttet av Grunnloven og EMK, mens lojalitetsplikten er et ulovfestet prinsipp, som skal ivareta arbeidsgiverens interesser. Dette betyr at det er begrensninger i ytringsfriheten som må begrunnes. Begrunnelsen må være relevant og tilstrekkelig i den enkelte sak, og begrensningene må være forholdsmessige. Generelt skal det mye til før lojalitetshensynet tilsier begrensninger i ytringsfriheten.» (Min understreking)

Kommunestyret som øverste organ i kommunen må etter SV si meining ha eit bevisst forhold til eigne tilsette sin ytringsfridom. Kommunestyret må vere opptatt av ein opplyst debatt, få informasjon ein treng for å gjere politiske prioriteringar og legge til rette for ein god arbeidskvardag for tilsette.

Spørsmål til ordførar.

Er ordførar einig i at ytringsfridom for tilsette i Vaksdal kommune er ein føresetnad for trygt arbeidsliv og reelt demokrati?

Forslag til vedtak.

Kommunestyret i Vaksdal vil slå ettertrykkeleg fast at tilsette i Vaksdal kommune har ytringsfridom og at denne ikkje på noko vis skal avgrensast av kommuneleiinga.

Kommunestyret 25.06.2018

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføraren gav slikt svar:

Ordførar er sjølvstøtt einig i at ytringsfridom for tilsette i Vaksdal kommune er ein føresetnad for trygt arbeidsliv og reelt demokrati? Eg forventar at kommunalt tilsette deltar i det offentlege ordskiftet. Ytringsfridom er ein menneskerett. Ytringsfridom er nedfelt i Grunnlova og i lov om menneskerettar og slår fast at alle tilsette kan uttale seg på eigne vegne.



Med utgangspunkt i Malkenes-saka, spørsmål frå varaordføraren gjengitt i VaksdalPosten og interpellasjonen frå SV har rådmannen sendt følgjande til samtlege leiarar i kommunen:

«Viss nokon opplever at forventninga om å gå tenesteveg er eit hinder av ytringsfridomen så er det ei misforståing som det er viktig å avklare:

«Ytringsfridom er ein menneskerett, den er nedfelt i Grunnlova og i lov om menneskerettar og seiar at alle tilsette kan uttale seg på eigne vegne.

Tenesteveg handlar kort sagt om tre aspekt for å skape samspel og klarheit i organisasjonen:

- Det handlar om å kunne løyse opp i ting på lågast mogeleg nivå.
- Det handlar om å skape føreseielege og klåre rammer for korleis saker skal takast opp og kommuniserast.
- Det handlar om at like saker så langt råd skal løysast likt uavhengig av kven som kjenner kven. Alt dette er viktige føresetnader for organisasjonsklarheit og eit trygt og godt arbeidsmiljø.

Nokre gonger kan ein oppleve at det er forstyringar på kommunikasjonslinja. Då kan ein

- gå til verneombod eller tillitsvalt på lokalt nivå,
- ein kan gå til leiarnivået, tilitsvalt eller verneombod på nivået over.
- ein kan absolutt også rådføre seg med andre eller ha med seg ein støtteperson. Det er også ein del av systemet me har i kommunane.»

Eg vil gjerne at de tek det opp på arbeidsplassane og sjekkar ut om det er noko som lyt takast tak i. Problemstillingane synast vere for meg om det er noko som hindrar tilbakemeldingar, medverknad, god nok informasjon og kommunikasjon.

Me skal med jamne mellomrom minne om kva me har av rutinar, mål og verktøy og sjekke ut om dei fungerer.

Det er eit viktig leiaransvar å byggje ein kultur for dialog, openheit og tilbakemelding. Dette må me gjenta og gjenta, og me må spørje etter korleis det virkar, kva som eventuelt hindrar oss, om me gjer dei rette tinga, og så må me øve på det.

Det er ikkje sikkert at dette er ein konkret problemstilling for di eining akkurat no, men det er alltid noko å gjere for å forsterke arbeidet mot ein kultur for openheit, dialog og tilbakemeldingar.

Og dette gir eit godt høve til å minne om målet, kva tiltak me har, og sjekke ut korleis dei vert nytta.

- Me har oppdaterte varslingsrutinar
- Me har avvikssystem som er eit ledd i kvalitetsarbeidet, det ligg digitalt på Skyttelen. Det er ståande opmoding til alle om å bruke det! Det er berre gjennom å få masse avvik at me får kunnskap om kva som kan gjerast betre. Er du i tvil, meld!
- Me har arbeidsmiljøgrupper
- Me har personalmøter
- Me har forventning om å ta saker opp for å løyse dei
- Me har kommunikasjonsplan/og informasjonsstrategi som er utarbeidd.»

Ordførar opplever ikkje at desse rutinane er eit hinder for ytringsfriheit eller at det er en form for motsetning mellom å etablere rutinar for å løse problem og å kunne ytre seg fritt.

Eg har såleis ingen ting i mot at kommunestyret slår fast at tilsette i Vaksdal kommune har ytringsfridom og at denne ikkje på noko vis skal avgrensast av kommuneleiinga.



Det vart så opna for debatt.

Framlegget som låg i interpellasjonen vart samrøystes vedteke, med unntak av ordet "ettertrykkeleg".

KOM - sak 52/2018 Vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal vil slå fast at tilsette i Vaksdal kommune har ytringsfridom og at denne ikkje på noko vis skal avgrensast av kommuneleiinga.



ORIENTERINGAR

Orientering frå ordførar:

Orienteringa blir lagt inn i møteportalen

Orientering frå rådmannen

Orienteringa blir lagt inn i møteportalen

- Einingsleiar Samfunnsutvikling

Om prioritering av reasfaltering kommunale vegar

Orientering om økonomi v/ass. rådmann Åse Elin Myking:

- Årsrekneskap og årsmelding 2017
- Tertialrapport 1 2018
- Handlingsprogram og økonomiplan 2019-2022

Orientering om faresonekartlegging i Vaksdal:

v/regionsjef Brigt Sandal, NVE

v/prosjektleder Frode Sandersen, NGI

v/geolog Yngve Midtun, NVE

Middag på Daletunet m/orientering om ernæring og mat/måltider:

v/avdelingsleder Helsehuset Sigrunn Stamnes Vik og fagleder kjøkken Lena Jordalen

Støyproblema ved KryptoVault sin virksomhet i Dale Fabrikker

Rådmannen orienterte om kommunen si rolle i saka.

Det vart så opna for debatt.

SPØRSMÅL

Line Kydland

Om tidlig innsats i barnehage og stilling som spesialpedagog

Spørsmålet vil bli sendt inn skriftleg og oversendt levekårsutvalet for behandling

Evelyn Boge

Om tilstanden på Herfindalsvegen, jfr. vedtak i kommunestyret den 18.12.2017, sak 96/2017. Vil det vere mulig å få gjort noko med denne vegen no?

Rådmannen svarte

Skriftleg spørsmål frå Kjartan Haugsnes

Gjeldande vask av skulane i Vaksdal sommaren 2018

SV har motteke informasjon om at skulane på Vaksdal og Stanghelle ikkje vert vaska ned i sommar og gjort klare til nytt skuleår 2018/2019. Dette vert grunngeve med økonomi.

SV viser til opplæringslova § 9 A-7. Det fysiske miljøet

«Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til



Vaksdal kommune

kvar tid tilrår. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.»

Ein kan og vise til vegleiar for miljøretta helsevern frå Helsedirektoratet, § 13 som seier:
«Hovedrengjering skal gjennomføres årlig i innendørs arealer.»

Spørsmål:

Vil ordførar sjå til at vegleiar for miljøretta helsevern vert følgt i Vaksdal kommune og at hovudrengjering vert gjennomført på skulane sommaren 2018?
Rådmannen svarte

Hege Eide Vik

1. Om oppveksttun på Stamnes - Blir prosjektet nedskalert når det no skal sendast ut nytt anbod
 2. Bruk av pengar til ei oppleving for tilsette, jfr. ordførar si orientering i kommunestyremøtet 07.05.18. Kan desse midlane brukast til andre føremål, t.d. til å få ein betre arbeidskvardag?
- Ordføraren svarte

Anneli Vatle Lilletvedt

Om varsling - Har kommunen rutinar for dette
Rådmannen svarte



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
55/2018	Kommunestyret	PS	01.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	18/1220

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
55/2018.1	Protokoll - Arbeidsmiljøutvalet - 14.06.2018
55/2018.2	Protokoll - Eldrerådet - 20.06.2018
55/2018.3	Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.06.2018
55/2018.4	Protokoll - Formannskap/plan- og økonomiutvalet - 03.09.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



MØTEPROTOKOLL ARBEIDSMILJØUTVALET

Møtedato: 14.06.2018
Møtestad: Heradshuset
Møtetid: 12.00 - 15.00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Lillian Seim		Arbeidstakarrepr.
Marit Midtun		Arbeidstakarrepr.
Nina Johnsen		Arbeidstakarrepr.
Randi Solveig Pedersen		Arbeidsgjevarrepr.
Thor Andersen		Arbeidstakarrepr.
Åse Elin Myking		Arbeidsgjevarrepr.
Sigmund Simmenes	SP	Arbeidsgjevarrepr.
Heidi Rongved	AP	Arbeidsgjevarrepr.

Andre møtande:

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
11/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
12/2018	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
13/2018	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
14/2018	HMT STATUS 2017 - 4. KVARTAL OG ÅRET
15/2018	VERNEOMRÅDER - JUSTERING
16/2018	HMT STATUS 2018 - 1 KVARTAL
17/2018	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022 - TIL UTTALE



11/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arbeidsmiljøutvalet 14.06.2018

Behandling:

AMU - sak 11/2018 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

12/2018: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Arbeidsmiljøutvalet 14.06.2018

Behandling:

AMU - sak 12/2018 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

13/2018: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Arbeidsmiljøutvalet 14.06.2018



Behandling:

Kvalitetssystemet med HMT og avviksmodulet vart presentert.

AMU - sak 13/2018 Vedtak/Tilråding:

Saka vert tatt til orientering.

14/2018: HMT STATUS 2017 - 4. KVARTAL OG ÅRET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering. HMT-plan for 2018 vert godkjent.

Arbeidsmiljøutvalet 14.06.2018

Behandling:

Samrøystes

AMU - sak 14/2018 Vedtak/Tilråding:

Saka vart tatt til orientering. HMT - plan for 2018 vert godkjent.

15/2018: VERNEOMRÅDER - JUSTERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Følgande justeringar vert godkjent:

- Verneområde Folkehelse og familie vert endra til Tverrfagleg avdeling, Nav og VIS
- Nytt verneområde for rus/psykiatri, ergoterapi/fysioterapi, legekontor og administrasjon/forvaltning.
- Verneområdet for heimebaserte tenester vert utvida med Dagsentra. Dagsenter Stamnes går ut som eige verneområde.
- Verneområde Daletunet endrar namn til Helsehus.
- Verneområde Vaksdal Sjukeheim endrar namn til Ressursenteret.

Arbeidsmiljøutvalet 14.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak

AMU - sak 15/2018 Vedtak/Tilråding:



Følgande justeringar vert godkjent :

- Verneområde Folkehelse og familie vert endra til Tverrfagleg avdeling, Nav og VIS.
- Nytt verneområde vert oppretta for rus/psykiatri, ergoterapi/fysioterapi, legekantor og administrasjon/forvaltning.
- Verneområde for heimebaserte tenester vert utvida med Dagsentra.
- Verneområde Daletunet endrar namn til Helsehus.
- Verneområde Vaksdal Sjukeheim endrar namn til Ressurssenteret.

16/2018: HMT STATUS 2018 - 1 KVARTAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert godkjent slik den ligg føre

Arbeidsmiljøutvalet 14.06.2018

Behandling:

Saka vart gjennomgått.
Samrøystes vedtak.

AMU - sak 16/2018 Vedtak/Tilråding:

Saka vart godkjent slik den ligg føre.

17/2018: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022 - TIL UTTALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utvalet gjev slik uttale:

Arbeidsmiljøutvalet 14.06.2018

Behandling:

Thor Andersen, leiar i utvalet fremja slik forslag til uttale:

Handlingsrommet i økonomien svekkes på grunn av reduserte inntekter og store investeringer. Arbeidsmiljøutvalget ser med uro på at disse to faktorene kan føre til en reduksjon av daglig drift som igjen vil skape et større press på arbeidsmiljøet for alle ansatte i organisasjonen. Samrøystes.

AMU - sak 17/2018 Vedtak/Tilråding:



Vaksdal kommune

Arbeidsmiljøutvalet gjev slik uttale:

Handlingsrommet i økonomien vert svekka på grunn av reduserte inntekter og store investeringer. Arbeidsmiljøutvalet ser med uro på at desse to faktorene kan føre til ein reduksjon av daglig drift som igjen vil skape eit større press på arbeidsmiljøet for alle tilsette i organisasjonen.

Spørsmål:

Sigmund Simmenes, arbeidsgjevar:

Om permisjon til verneombod for deltakelse på 2 dagers samling i regi av Fagforbundet.
HR leiar svarte.

Thor Andersen, arbeidstakar:

Om tilsette sin ytringsfrihet
HR leiar/ass.rådmann svarte



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 20.06.2018
Møtestad: Heradshuset, møterom 4. et.
Møtetid: 13.00 - 15.30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Helge Risnes		Utvalsleiar
Bjarnhild Helle		Nestleiar
Agnar Sellevold		Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Heidi Rongved	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Karin B. Groth	FRP	Heidi Rognved

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef/prosjektleder

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
08/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
09/2018	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
10/2018	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
11/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
12/2018	ELDREDAGEN 2018
13/2018	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022 - TIL UTTALE



08/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 20.06.2018

Behandling:

ELD - sak 08/2018 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

09/2018: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Eldrerådet 20.06.2018

Behandling:

ELD - sak 09/2018 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

10/2018: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Eldrerådet 20.06.2018

Behandling:

ELD - sak 10/2018 Vedtak/Tilråding:

Saka vert tatt til orientering.



11/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Eldrerådet 20.06.2018

Behandling:

Referatsak 11/2018.2: Agnar, Bjarnhild og Helge vil delta på konferansen. Sigmund vert sett opp som vara. Sekretær sender invitasjon og program til Eldrerådet når dette kjem.

Referatsak 11/2018.6: Eldrerådet ønskjer å presisera i vedtaket at fortau må vera på ei side i tunnelen, opphøga og fysisk skilt frå biltrafikken.

ELD - sak 11/2018 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering. Til referatsak 11/2018.6 Tiltak i Kvamsotunnelen vil Eldrerådet be om at det kjem eit opphøga fortau på ei side i tunnelen fysisk skilt frå biltrafikken.

12/2018: ELDREDAGEN 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldredagen 2018 vert markert med Eldrefest i Turbinen 1. oktober i tråd med oppsett program. Eldrerådet er arrangementnemnd.

Eldrerådet 20.06.2018

Behandling:

Eldrerådet ønskjer også å markera Eldredagen på institusjonane, forslag om å servera kake til bebuarar og tilsette.

Jan Per Styve skal ha innlegg, og prest og ordførar er inviterte. Agnar kontaktar Torstein Langhelle. Det vert sett av ca 15 minutt til orientering om samskapingsplattformen Friskus.

Start kl. 16.00. Meny vert betasupe og kake.

Sigmund kontaktar Kjersti Toppe angående innlegg på Eldredagen 2019.

ELD - sak 12/2018 Vedtak/Tilråding:

Eldredagen 2018 vert markert med Eldrefest i Turbinen 1. oktober i tråd med oppsett program. Eldrerådet er arrangementnemnd.



13/2018: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022 - TIL UTTALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utvalet gjev slik uttale:

Arbeidsmiljøutvalet 14.06.2018

Behandling:

Thor Andersen, leiar i utvalet fremja slik forslag til uttale:

Handlingsrommet i økonomien svekkes på grunn av reduserte inntekter og store investeringer. Arbeidsmiljøutvalget ser med uro på at disse to faktorene kan føre til en reduksjon av daglig drift som igjen vil skape et større press på arbeidsmiljøet for alle ansatte i organisasjonen. Samrøsystemet.

AMU - sak 17/2018 Vedtak/Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet gjev slik uttale:

Handlingsrommet i økonomien vert svekka på grunn av reduserte inntekter og store investeringer. Arbeidsmiljøutvalet ser med uro på at desse to faktorene kan føre til ein reduksjon av daglig drift som igjen vil skape eit større press på arbeidsmiljøet for alle tilsette i organisasjonen.

Eldrerådet 20.06.2018

Behandling:

Ass. rådmann Åse Elin Myking la fram rådmannen sitt framlegg til handlingsplan og økonomiplan 2019-2022.

ELD - sak 13/2018 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet tek rådmannen sitt framlegg til handlingsprogram og økonomiplan 2019-2022 til orientering, men ser med stor uro på den framtidige økonomien til kommunen og kva konsekvensar den kan få for eldreomsorga.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 21.06.2018

Behandling:

RFF - sak 14/2018 Vedtak/Tilråding:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gjev slik uttale:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek rådmannen sitt framlegg til handlingsprogram og økonomiplan 2019-2022 til orientering.



Eventuelt:

- Kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte kort om at det er komme ei ny stortingsmelding, Meld. St. 15 "Leve hele livet - en kvalitetsreform for eldre". Stortingsmeldinga vert sett opp på sakskartet på møte etter sommaren, og det er bestilt eksemplar av meldinga til medlema i Eldrerådet.
- Spørsmål rundt ambulansetenesta (høyring prehospitale tenester frå Helse Bergen) og pilotprosjekt legevakt etter oppslag i Vaksdalsposten. Kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte om sakene og behandling i Levekårsutvalet.
- Heidi orienterte om Vaksdal Røde Kors omsorg sitt arbeid. Dei arrangerar kaffikos kvar månad. Dette er svært populært, og dei siste gongene har det delteke så mange at ein ser seg om etter større lokale.
- Neste møte i Eldrerådet vert torsdag 13. september kl. 13.00 - 15.00.



MØTEPROTOKOLL

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtedato: 21.06.2018
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 15.00 - 17.00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Frode O. Kallestad Dyvik	KRF	Utvalseiar
Anne Christin Eide	AP	Nestleiar
Kristin Lyngmo		Medlem
Ida Carlsen Eide Aabrek		Medlem

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og prosjektleiar/kommunalsjef.
Ass. rådmann Åse Elin Myking orienterte i sak 14/2018.

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
11/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
12/2018	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
13/2018	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
14/2018	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022 - TIL UTTALE



11/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 21.06.2018

Behandling:

RFF - sak 11/2018 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

12/2018: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 21.06.2018

Behandling:

RFF - sak 12/2018 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

13/2018: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 21.06.2018

Behandling:

RFF - sak 13/2018 Vedtak/Tilråding:

Saka vert tatt til orientering.



14/2018: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022 - TIL UTTALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utvalet gjev slik uttale:

Arbeidsmiljøutvalet 14.06.2018

Behandling:

Thor Andersen, leiar i utvalet fremja slik forslag til uttale:

Handlingsrommet i økonomien svekkes på grunn av reduserte inntekter og store investeringer. Arbeidsmiljøutvalget ser med uro på at disse to faktorene kan føre til en reduksjon av daglig drift som igjen vil skape et større press på arbeidsmiljøet for alle ansatte i organisasjonen. Samrøsystemet.

AMU - sak 17/2018 Vedtak/Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet gjev slik uttale:

Handlingsrommet i økonomien vert svekka på grunn av reduserte inntekter og store investeringer. Arbeidsmiljøutvalet ser med uro på at desse to faktorene kan føre til ein reduksjon av daglig drift som igjen vil skape eit større press på arbeidsmiljøet for alle tilsette i organisasjonen.

Eldrerådet 20.06.2018

Behandling:

Ass. rådmann Åse Elin Myking la fram rådmannen sitt framlegg til handlingsplan og økonomiplan 2019-2022.

ELD - sak 13/2018 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet tek rådmannen sitt framlegg til handlingsprogram og økonomiplan 2019-2022 til orientering, men ser med stor uro på den framtidige økonomien til kommunen og kva konsekvensar den kan få for eldreomsorga.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 21.06.2018

Behandling:

RFF - sak 14/2018 Vedtak/Tilråding:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gjev slik uttale:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek rådmannen sitt framlegg til handlingsprogram og økonomiplan 2019-2022 til orientering.



Eventuelt:

- Ida deltok på SOR-konferansen 3. - 4. mai. Tema var arbeid, og det var mange gode innlegg med døme frå inn- og utland. Positivt at det var deltakarar både frå Elvavegen og AO-senteret.
- Sekretær vert bedt om å følgja opp saka om tilkomst til kyrkja på Dale.
- Rådet tykkjer det er bra at det er komme på plass speigel i heisen i Heradshuset. Rådet har fleire gonger etterspurt speigelen. Det gjer det enklare for personar i rullestol å rygga ut av heisen.
- Neste møte for Rådet vert onsdag 24. oktober kl. 15.00 - 17.00.



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 03.09.2018
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 12:00 - 16:00

ORIENTERINGAR:

- Om kommunedelens arealdel
- Orientering frå rådmannen om aktuelle saker

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem

Andre møtande:

Rådmann Trine Pettersen Grønbech
Ass. rådmann Åse Elin Myking
Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad
Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal
Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
53/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
54/2018	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
55/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
56/2018	OPPSTARTSVEDTAK KOMMUNEDELPLAN OPPVEKST
57/2018	AREALDEL AV KOMMUNEPLAN TIL OFFENTLEG HØYRING
58/2018	AVHENDING AV KOMMUNALE BYGG



Vaksdal kommune

- 59/2018 **FRAMLEGG TIL ARBEIDSPROGRAM FOR BUDSJETT OG TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN**
- 60/2018 **AVTALE OM VETERINÆRTENESTER I VOSS VEST OG VOSS AUST VAKTDISTRIKT TIL OG MED 2020**
- 61/2018 **SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN TIL HEIS I HØGBYGGET**
- 62/2018 **VAKSDAL NÆRINGS-PARK - AVVIKLING**



53/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 53/2018 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

54/2018: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 54/2018 Vedtak:

Protokollenvert godkjent slik han ligg føre.

55/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 55/2018 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



56/2018: OPPSTARTSVEDTAK KOMMUNEDELPLAN OPPVEKST

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-12 vedtar formannskapet i Vaksdal oppstart av planarbeid for Kommunedelplan Oppvekst. Formannskapet ber Levekårsutvalet handsame døftingssak om arbeidsprosess og tema til planprogram og om å oppnemne ein saksordførar

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Nytt punkt 2:

Kommunedelplan oppvekst tek utgangspunkt i skulestruktur som vedteke i sak 60/2016.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Kjartan Haugsnes fekk 1 røyst (SV) og fall.

FPØ - sak 56/2018 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-12 vedtar formannskapet i Vaksdal oppstart av planarbeid for Kommunedelplan Oppvekst. Formannskapet ber Levekårsutvalet handsame døftingssak om arbeidsprosess og tema til planprogram og om å oppnemne ein saksordførar.

57/2018: AREALDEL AV KOMMUNEPLAN TIL OFFENTLEG HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslag til kommuneplan, arealdel 2018-2030, datert xx sendast til høyring og leggest ut til offentleg ettersyn, jf. Plan- og bygningslova § 11-14.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018

Behandling:

Utsetjingsframlegg frå Eirik Haga, AP:

Kommunestyret får ein gjennomgang av KPA 1. okt. Saka kjem opp til ny handsaming i neste fsk-møte.

Røysting:

Eirik Haga sitt utsetjingsframlegg vart samrøystes vedteke.



FPØ - sak 57/2018 Vedtak:

Kommunestyret får ein gjennomgang av KPA 1. oktober. Saka kjem opp til ny handsaming i neste formannskapsmøte.

58/2018: AVHENDING AV KOMMUNALE BYGG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å selje følgjande kommunale eigedomar:

Stamnes barnehage, gbnr 45/184

Ved tildeling av kontrakt for bygging av Stamnes oppvekststun skal ein starte planarbeid for omregulering av eigedomen til bustadføremål. Oppstart av planarbeid vert heimla i § 12-8 i plan- og bygningslova.

Lærarbustad Bergo m/ løe, gbnr 64/13

Inntekt frå sal av eigedomane vert overført til disposisjonsfond til reduksjon av framtidige investeringar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018

Behandling:

Framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Sal av Stamnes barnehage vert utsett til endeleg avgjerd om oppvekststun er vedteke.

Framlegg frå Eirik Haga på vegner av AP, KRF og SP:

Rådmannen får fullmakt til å selja Lærarbustad Bergo m/løe, gbnr. 64/13.

Inntekt frå sal av eigedomen vert overført til disposisjonsfondet til reduksjon av framtidige investeringar.

Eventuell omregulering av Stamnes barnehage, gbnr 45/184 vert å koma tilbake til når arbeidet til arbeidsgruppa som skal greia ut kostnadsreducerande tiltak som er berekraftige for kommunen (sjå sak 59/18!) presenterer prosessaka si 15. okt. og i budsjettarbeidet for 2018.

Røysting:

Framlegget frå Eirik Haga vart sett opp mot Kjartan Haugsnes sitt framlegg - Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 2 røyster (SV, H) og fall.

FPØ - sak 58/2018 Vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å selja Lærarbustad Bergo m/løe, gbnr 64/13.

Inntekt frå sal av eigedomen vert overført til disposisjonsfondet til reduksjon av framtidige investeringar.



Eventuell omregulering av Stamnes barnehage, gbnr 45/184 vert å koma tilbake til når arbeidet til arbeidsgruppa som skal greia ut kostnadsreducerande tiltak som er berekraftige for kommunen (sjå sak 59/18!) presenterer prosessaka si 15.oktober og i budsjettarbeidet for 2018.

59/2018: FRAMLEGG TIL ARBEIDSPROGRAM FOR BUDSJETT OG TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet, plan- og økonomiutvalet set ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal greie ut kostnadsreducerande tiltak som er berekraftige for kommunen i framtida.

Arbeidsgruppa vert etablert for 2 år og skal rapportere til formannskapet i kvart møte.

Mandat for arbeidsgruppa

- Med utgangspunkt i økonomiplanen skal arbeidsgruppa greie ut kostnadsreducerande tiltak på kort og lang sikt. Tiltaka skal minst gje ei drift i samsvar med kravet til netto driftsresultat.
- Arbeidet i gruppa skal vera kunnskapsbasert og tiltaka som vert lagt fram for formannskapet skal vera forsvarleg utgreidd og dokumentert. Heilskapen i kommunen sine oppgåver skal ivaretakast.
- Arbeidsgruppa skal rapportere om pågåande arbeid og framdrift i kvart formannskapsmøte.
- Framlegg til tiltak vert lagt fram for formannskapet i samband med budsjett og økonomiplan.
- Referat og oversikt over pågåande arbeid skal gjerast offentleg tilgjengeleg

Frå formannskapet vert det vald 3 personar til arbeidsgruppa:

- 1.
- 2.
- 3.

_____ vert vald som saksordførar for arbeidet.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018

Behandling:

Framlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av SV og H:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet set ikkje ned ei partssamansett arbeidsgruppe.

Framlegg frå Eirik Haga på vegner av AP, KRF og SP:

Frå formannskapet vert vald 3 personar:

1. Ordførar som vert saksordførar
2. Jan Erik Bernes Roe
3.

Leiar i eldrerådet vert med i gruppa.

Røysting:

Framlegget frå Kjartan Haugsnes vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg - Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 2 røyster (SV og H) og fall.

Eirik Haga sitt framlegg fekk 5 røyster (AP, KRF og SP) og vart vedteke.



FPØ - sak 59/2018 Vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet set ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal greie ut kostnadsreducerande tiltak som er berekraftige for kommunen i framtida.

Arbeidsgruppa vert etablert for 2 år og skal rapportere til formannskapet i kvart møte.

Mandat for arbeidsgruppa

- Med utgangspunkt i økonomiplanen skal arbeidsgruppa greie ut kostnadsreducerande tiltak på kort og lang sikt. Tiltaka skal minst gje ei drift i samsvar med kravet til netto driftsresultat.
- Arbeidet i gruppa skal vera kunnskapsbasert og tiltaka som vert lagt fram for formannskapet skal vera forsvarleg utgreidd og dokumentert. Heilskapen i kommunen sine oppgåver skal ivaretakast.
- Arbeidsgruppa skal rapportere om pågåande arbeid og framdrift i kvart formannskapsmøte.
- Framlegg til tiltak vert lagt fram for formannskapet i samband med budsjett og økonomiplan.
- Referat og oversikt over pågåande arbeid skal gjerast offentleg tilgjengeleg

Frå formannskapet vert vald 3 personar:

1. Ordførar som vert saksordførar
2. Jan Erik Bernes Roe
3.

Leiar i eldrerådet vert med i gruppa.

60/2018: AVTALE OM VETERINÆRTENESTER I VOSS VEST OG VOSS AUST VAKTDISTRIKT TIL OG MED 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune skal nytte avsette kompensasjonsmidlar for veterinærpraksis på dagtid i kommunen som kommunal eigendel for å sikre tilstrekkeleg tilgang på dyrehelsepersonell i veterinærvaktområdet (Voss vest og Voss aust).
2. Vaksdal kommune gjev si støtte til at Eidfjord kommune vert del av vårt veterinærvaktdistrikt (Voss vest og Voss aust) på dagtid.
3. Vaksdal kommune samtykker i at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinærvakt i Voss vest vaktdistrikt og Voss aust vaktdistrikt

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.



FPØ - sak 60/2018 Tilråding:

1. Vaksdal kommune skal nytte avsette kompensasjonsmidlar for veterinærpraksis på dagtid i kommunen som kommunal eigendel for å sikre tilstrekkeleg tilgang på dyrehelsepersonell i veterinæravaktområdet (Voss vest og Voss aust).
 2. Vaksdal kommune gjev si støtte til at Eidfjord kommune vert del av vårt veterinæravaktdistrikt (Voss vest og Voss aust) på dagtid.
 3. Vaksdal kommune samtykker i at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinæravakt i Voss vest vaktdistrikt og Voss aust vaktdistrikt
-

61/2018: SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN TIL HEIS I HØGBYGGET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad frå Sameige Skulegata 1,A,B,C om kommunal garanti til oppgradering av heis i høgbygget vert ikkje innvilga.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018

Behandling:

Framlegg frå Bjørn Roald, H:

Kommunen gir garanti for beløpet for en tidsperiode for 5 år.

1 røysta for framlegget frå Bjørn Roald (H) som fall.

FPØ - sak 61/2018 Tilråding:

Søknad frå Sameige Skulegata 1,A,B,C om kommunal garanti til oppgradering av heis i høgbygget vert ikkje innvilga.

62/2018: VAKSDAL NÆRINGS-PARK - AVVIKLING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal Næringspark AS vert avvikla.

Styret for Vaksdal Næringspark AS vert beden om å organisere ekstraordinær generalforsamling for å vedta avvikling og val av avviklingsstyre, jf aksjelova §§ 16-1 og 16-2.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 62/2018 Tilråding:

Vaksdal Næringspark AS vert avvikla.

Styret for Vaksdal Næringspark AS vert beden om å organisere ekstraordinær generalforsamling for å vedtak avvikling og val av avviklingsstyre, jf aksjelova §§ 16-1 og 16-2.



ORIENTERINGAR

Orienteringane vart tatt etter sak 54/2018:

- Aktuelle saker:
 - Støyproblema frå Kryptovault
 - Oppstart av skule- og barnehageåret
 - Oppstart Vaksdal Introsenter med grunnskule for vaksne
 - Miljøretta helsevern ved skulane i Vaksdal
 - Tilsyn barnehagane
 - Folkehelsenettverk i Hordaland
- Forslag til tempoplan for politiske saker
- Status ny barne- og ungdomsskule på Dale v/einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal
- Nylansering: Feilmeldingsfunksjon på nettsida til Vaksdal kommune som gjeld kommunale tenester/bygg
- Presentasjon av kommuneplanens arealdel v/kommuneplanleggjar Gjertrud Karevoll

Andre saker:

Situasjonen for gardbrukarane i kommunen

Etter forslag frå ordførar ber formannskapet om ei sak vedk. støtte til gardbrukarane i kommunen.

TV-aksjonen

Varaordføraren vert som tidlegare kommunen sin representant.

Kommunen sitt bidrag til TV-aksjonen vert auka til kr 2 pr innbyggjar.

SPØRSMÅL

Skriftleg spørsmål frå Kjartan Haugsnes

1. Gjeldande Kryptovault AS

Ber om at rådmannen orienterer formannskapet om status i saka. Viser og til utviklinga av same sak på Hønefoss som mellom anna omtalt i Dagens Næringsliv (DN) 21.08.2018 der Ringerike kommune sine konsulentar i Norconsult meiner at selskapet må søke brukstillatelse eller ferdigattest for bruksendring i lokalene. Når dette ikkje ligg føre meiner kommunen at Kryptovault ikkje kan drive vidare.

Spørsmål til rådmannen:

1. Er krav til Kryptovault om brukstillatelse/ferdigattest for bruksendring vurdert for Kryptovault AS på Dale?
2. Har Vaksdal kommune kontakta Ringerike kommune for å gjere felles sak mot Kryptovault AS i høve støyproblematikk?

2. Gjeldande uttale frå Helsevernenheten – planar for midlertidige Dale ungdomsskule.

Viser til uttale frå Helsevernenheten i Bergen kommune, dagsett 18. juni 2018 (Vedlagt)

Helsevernenheten har tidlegare i vår og no i juni i år stilt seg kritiske til planane for midlertidig skule



på Dale. Disse tel seks særskilte punkt, og Helsevernenheten har oppsummert forslag til tiltak (a til f) i same brev.

Spørsmål:

1. Er pålegga frå Helsevernenheten følgt opp og sjekka ut slik det er bedd om?
2. Har kommunen vurdert andre lokalitetar for elevane i utfordrande periodar for å sikre skulen sitt særskilte ansvar for elevane?
3. Er forholda i tiltak b) gjeldane toalett på plass?
4. Er det gjort ei risikoanalyse av det psykososiale miljøet ved at elevane skal nytta gatå i større grad enn i dag? Og har dei næringsdrivande i gatå vorte informert om at gatå vert ein del av «skuleplassen» i 2 år?
5. Er kommuneoverlegen teke med i planlegging og ferdigstilling av midlertidige Dale ungdomsskule slik Helsevernenheten sett fram som krav?

Rådmannen svarte på spørsmåla under sine orienteringar

Skriftleg spørsmål frå Heidi Rongved

Eg ber administrasjonen gjera greie for om Vaksdal kommune nyttar Aleris sine tenester. I tilfelle til kva. Har ein i tilfelle oversikt over kva tilknyting dei som jobbar her har til Aleris, er dei tilsett eller er dei leigd inn?

Rådmannen svarte

Kjartan Haugsnes

Om feiing og tilsyn

Rådmannen v/einingsleiar Samfunnsutvikling svarte



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
56/2018	Kommunestyret	PS	01.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Trine Pettersen Grønbech		18/1235

TEMPOPLAN OG RESTANSELISTE POLITISKE SAKER

Vedlegg:

TEMPOPLAN POLITISKE SAKER HAUST 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til Tempoplanen for politiske saker slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

I K- sak 47/2018 «Slik fungerer kommunestyret best» vedtok kommunestyret mellom anna følgjande:
«Rapportering frå rådmannen til kommunestyret, formannskap og politiske utval:

- Tempoplan for politiske saker som referatsak til kvart møte
- Restanseliste som sak til kommunestyret «

I denne saka vert framlegg til tempoplan for politiske saker som referatsak til kvart møte presentert. Tempoplanen inneheld også plan for politiske saker som det er restanse på. Tempoplanen er eit levande dokument som fortløpande vert oppdatert.

TEMPOPLAN POLITISKE SAKER HAUST 2018 – pr. 21.09.2018

SAK	HEIMEL	UTVAL	FRAMDRIFT/AVHENGIGHEITAR	STATUS
Nærings saker				
Eigarskapsmelding	Vedtak F	F/K	Ventar enno ein del årsrapportar	På vent, fremjast snarast all dokumentasjon er kommt inn
Vaksdal Næringspark – framtid	Vedtak K	F/G	Sak fremja for F 03.09.2018. Generalforsamling 01.10.2018	Sak fremja
Tenesteområde Helse- og Omsorg				
AO-senteret framtidig organisering	Vedtak K	L/F/K	Administrativ utgreiing av alternativ for dagsenterverksemd i eiga regi er ferdig. Det er avholdt møte mellom styreleiar AO- senteret og rådmann. Det kan vere turvande å drøfte alternativa i utval for Levekår etter at budsjett er lagt fram, og eventuell arbeidsgruppe for budsjettarbeid, før endeleg vedtakssak vert fremja	Under arbeid
Legevaktsamarbeid Kvam, Osterøy, Samnanger, Vaksdal	Vedtak K	L/F/K	Rådmenna samarbeidar om saksgrunnlaget. Møte ultimo sept 2018. Fleire eksterne avhengigheitar som må avklarast; Helse Bergen, Bergen kommune m.m	Under arbeid, utgreiingsarbeidet er tidkrevjande og omfattar fleire
Frivilligsentralen - retningsliner	Vedtak K	L	Mål om involverande prosess. Drøftingssak vert fremja til Utval for Levekår i september 2018. Endeleg vedtakssak til handsaming i november 2018.	Under arbeid
Årsrapport frå interkommunal legevakt og evaluering av legevakt	Vedtak K	L	Vert lagt fram som eigne saker i Levekårsutvalet.	Fremjast for L i sept 2018

SAK	HEIMEL	UTVAL	FRAMDRIFT/AVHENGIGHEITAR	STATUS
frå Vaksdal kommune vert lagt fram som egne saker i Levekårsutvalet.				
Pilot legevakt – søknad	Vedtak K	L	Søknad sendt frå Voss Interkommunale Legevakt.	Under arbeid
Prehospital Plan Helse Bergen	Vedtak L	L	Høyringsuttale sendt	Ferdig
Utviklingsplan Helse Bergen	Vedtak L	L	Høyringsuttale sendt	Ferdig
St.mld 15: Leve Heile Livet	Dep.	L	O-sak, også til eldrerådet, brukarutval	Under arbeid
Tenestemråde Oppvekst				
Tilstandsrapport grunnskulen	Vedtak K	L	Kommunestyret ber levekårsutvalet ha særleg fokus på: a. Stor auke i mobbing 7. trinn b. Kva ny lærarnorm har å seie for skulane, og særskilt få ei vurdering på kva 10 årsverk færre med omtrent same elevtal har å seie mellom anna for spesialundervisning	Fremjast for L i sept 2018
Reduksjon bemanning bhg tidleg innsats	Spm K	L	Vert svart ut i L 24.09.2018	Under arbeid
Kommunedelplan Oppvekst	Plan	F/L/F/K	Oppstartsvedtak F 03.09.2018. Drøftingssak L Planprogram som vert lagt fram for F som legg det ut på høyring	Oppstart
Oppfølging miljøretta helsevern	Lov/regl	L	O-sak ved frist for tilbakemelding 01.10.2018 og 15.11.2018	Under arbeid
Barnehagetilbod til alle 1 åringar	Budsjettsak			Under arbeid
Gratis SFO	Budsjettsak			Under arbeid
Barne- og ungdomsarbeidar	Kulturplanen	L	Rammer for barne- og ungdomsarbeidet i kommunen til sept	Under arbeid
Plansaker				
Ny veg/bane Arna -Stanghelle	Vedtak K	F/K	I samsvar med tidsplan	Under arbeid

SAK	HEIMEL	UTVAL	FRAMDRIFT/AVHENGIGHEITAR	STATUS
Kommunedelens arealdel	Vedtak K	F/K	Høyringsutkast ferdig. Fremjast for Høyring 03.09.2018, i samsvar med tidsplan.	Høyring – under arbeid
Områdeplan Vaksdal	Vedtak K	F/K	I samsvar med tidsplan	Under arbeid
Områdeplan Stanghelle	Vedtak K	F/K	I samsvar med tidsplan	Under arbeid
Tettanaset	Vedtak K	F/K	Turvande med noko justeringar	Under arbeid
Trafikksikring Dale	Vedtak K	F/K	I samsvar med tidsplan	Under arbeid
Kollektivknutepunkt Dale				
Mobilutbygging	Vedtak K	F/K	I samsvar med tidsplan	Under arbeid
Kommunedelplan Oppvekst	Vedtak K	F/L/F/K	Sak om oppstart fremja for F 03.09.2018. Levekår drøfte framlegg til planprogram. F vedta planprogram og sende på høyring oktober 2018	Oppstart – under arbeid
Omregulering Paviljongen Dale – Plansak	Vedtak F	F/K	Arealplan og reguleringsplan m.. har måttet ha prioritet. Turvande å drøfte rammene for saka nærmare før ordinær sak om oppstart av planprogram vert fremja	Oppstart/drøfting
Øvrige saker Tenestemråde Samfunnsutvikling				
Evaluering brannsamarbeid Bergen	Vedtak K	K	I samsvar med tidsplan – K desember 2018	Under arbeid
Brannordning	Lov	F/K	Mogeleg oppstart 2018, vurderar forskriftsendring – ikkje vedteken, ikkje tydelege signal om kva tid. Truleg til medio 2019.	Oppstart
Høyringsuttale rammeplan vindkraft NVE	NVE	K	NVE bedt om fagleg tilråding, fleire kommunar handsamar høyringsuttalen politisk. Sak vert fremja for K 01.10.2018	Fremja
Etter forslag frå ordførar ber formannskapet om ei sak vedk. støtte til gardbrukarane i kommunen.	Vedtak F 03.09.2018	F		Oppstart
Økonomisaker				

SAK	HEIMEL	UTVAL	FRAMDRIFT/AVHENGIGHEITAR	STATUS
Budsjett 2019	Øk.pl	F/L/R/F/K	Prosessak om partssamansett arbeidsgruppe fremja til F 03.09.2018 Krav om Lovlegkontroll mottatt 10.09.2018. Sak K 01.10.18 Rådmannen legg fram grunnlagsdokumentet 01.10.2018 (i K) Formannskapet tilrår	Under arbeid
Oppdatere innkjøpsreglementet	Lov	F/K	Oppstart etter budsjettarbeidet 2018 – O sak	Ikkje starta
Tiltak mot arbeidslivskriminalitet	Vedtak K	K	Drøftingssak vert fremja for K 01.10.2018	fremjast
Strategi for sal av kraft		F/K	Drøfte behov for å utarbeide eigen strategi. Mål F: 15.10.2018	Ikkje starta – trong for drøfting
Informasjon og kommunikasjon				
Gjennomføring av kommunikasjonsplan	Vedtak K	K	O- sak til kvart K, første gong 01.10.2018 – fram til sommar 2019	Under arbeid
Lansering ny portal		K	Ila haust 2018	Sluttfasen
Andre saker				
Leige av lokale i kommunen		F/L/K	Trong for gjennomgang	Behov, ikkje starta



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
60/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	03.09.2018
57/2018	Kommunestyret	PS	01.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA - V50	18/39

AVTALE OM VETERINÆRTENESTER I VOSS VEST OG VOSS AUST VAKTDISTRIKT TIL OG MED 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune skal nytte avsette kompensasjonsmidlar for veterinærpraksis på dagtid i kommunen som kommunal eigendel for å sikre tilstrekkeleg tilgang på dyrehelsepersonell i veterinærvaktområdet (Voss vest og Voss aust).
2. Vaksdal kommune gjev si støtte til at Eidfjord kommune vert del av vårt veterinærvaktdistrikt (Voss vest og Voss aust) på dagtid.
3. Vaksdal kommune samtykker i at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinærvakt i Voss vest vaktdistrikt og Voss aust vaktdistrikt

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 60/2018

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

1. Vaksdal kommune skal nytte avsette kompensasjonsmidlar for veterinærpraksis på dagtid i kommunen som kommunal eigendel for å sikre tilstrekkeleg tilgang på dyrehelsepersonell i veterinærvaktområdet (Voss vest og Voss aust).
2. Vaksdal kommune gjev si støtte til at Eidfjord kommune vert del av vårt veterinærvaktdistrikt (Voss vest og Voss aust) på dagtid.
3. Vaksdal kommune samtykker i at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinærvakt i Voss vest vaktdistrikt og Voss aust vaktdistrikt

Saksopplysningar:

Kort om saka

Kommunane fekk i 2008 fekk ansvaret for å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell innanfor ordinær arbeidstid, og å organisere klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid.

Slik utviklinga har vore er det turvande å nytte avsette kompensasjonsmidlar for veterinærpraksis på dagtid i kommunen som kommunal eigendel for å sikre tilstrekkeleg tilgang på dyrehelsepersonell i veterinærvaktområdet (Voss vest og Voss aust). Det er framlegg om at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinærvakt i Voss vest vakttdistrikt og Voss aust vakttdistrikt

Saka tek også stilling til om Eidfjord kommune vert del av vårt veterinærvakttdistrikt (Voss vest og Voss aust) på dagtid.

Heimel:

I følgje § 3a i Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell (dyrehelsepersonellova) frå 1975, har kommunane ansvar for følgjande:

- Kommunane skal syta for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell.
- Kommunane har ansvar for å organisere ei klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid.

Bakgrunn/fakta

VETERINÆRTILGANG PÅ DAGTID

I stadig større deler av Noreg er landbruket inne i ei negativ utvikling, med reduksjon i tal bruk og tal dyr. Verknaden vert at næringsgrunnlaget for veterinærene vert svakare. I dette høve har kommunane ansvar for å sikre tilstrekkeleg veterinærtjenester på dagtid i næringssvake område, og Staten har avsett stimuleringsstilskot til føremålet. Kommunane i Voss vest og Voss aust søker om felles tilskot for veterinærområda kvart år. I 2017 fekk områda kr 360 000,- i samla tilskot, medan det er løyvd kr. 400 000 for 2018. Stimuleringsstilskotet går til fråtrekk på kommunane sin eigenandel.

For å sikre fast veterinærdekning, har Vaksdal kommunen og Modalen kommune inngått avtale med veterinær Asle Bjørgaas om dyrehelsetenester på dagtid i kommunane fram til 31.12.2020. I dette høve er det sett av inntil kr. 300 000,- årleg i kompensasjonsmidlar frå dei to kommunane. Vaksdal kommunen skal dekkje 70 % av finansieringsbehov, som vil variere frå år til år, alt etter kor mykje av stimuleringsstilskotet som vert bruk til føremålet. I 2017 betalte Vaksdal kommune kr. 35 000,- og Modalen kommune kr.15 000,-. Resten vart finansiert gjennom stimuleringsstilskotet.

VETERINÆRVAKT UTANOM ORDINÆR ARBEIDSTID

Den kliniske veterinærvakta utanom ordinær arbeidstid, vert også organisert av kommunane i dei to vaktområda (Voss vest og Voss aust). Staten har avsett midlar som skal dekkje kostnadane med vakta (minimumsgodtgjersle). For 2018 har våre to vakttdistrikt motteke kr 1.439.089,- i vakttilskot og kr 68.082,- i administrasjonstilskot. Administrasjonen av ordninga har gått på rundgang mellom kommunane, og Staten betalar ut tilskot til administrasjonskommunen. Etter oppmoding frå Landbruksdirektoratet, som fann det krevjande å stadig halde seg til nye ansvarlege for veterinærvakt, har dei andre kommunane oppmoda Voss kommune til å verte fast

administrasjonskommune.

ÅRLEG FINANSIERINGSBEHOV

Etter utlysning av tilbuds konkurranse om deltaking i veterinærvakta, vart det i 2013 inngått avtale med dagens veterinærar for perioden 2014-2017, med høve til forlenging for åra 2018 og 2019. Kommunane må leggja midlar i potten for å få til ei forlenging. Årlege kostnader er kr 1.245.000,-, redusert med stimuleringstilskot, som for 2018 er kr. 400 000,-. Ved å fordele beløpet på 6 samarbeidskommunar, vert det kr. 140 833,- per kommune.

For 2018 kjem eit tillegg på kr 100 000,- i rekrutteringstilskot til ny veterinær i veterinærområdet. Tillegget svarer til kr. 16.667,- per kommune. Vaksdal kommune sin del av dei samla utgiftene, vert soleis kr 157.500,-. I 2019 vert den redusert til kr. 140 833,- (minus rekrutteringstilskotet).

Våre vakt-distrikt har i dag 3-delt vakt. Med rekrutteringstilskotet er målet på sikt å få minimum ei 3,5- delt vakt. I tillegg til kontraktdokument frå 2013, er det som nemnd gjort ein tilleggsavtale i 2018 som omfattar denne kostnaden. Kommunane i vakt-distriktet (Voss vest og Voss aust) har teke atterhald om kommunal godkjenning i alle 6 kommunar for at tillegget til kontrakt skal gjelde.

EIDFJORD KOMMUNE SOM NY SAMARBEIDSPART

På grunn av vegstenging av Rv. 13 ved Deilde i Sørfjorden dei siste 2-3 åra har veterinærar frå våre veterinær-område handtert det geografiske området nord for Deilde, som ligg i eit anna veterinærvaktområde (Hardanger). Eidfjord kommune har gode erfaringar med denne praksisen, og ønskjer overgang til våre område. I dette høve vart det sett i gong arbeid for å involvere Eidfjord i Voss Aust veterinærvaktområde, og å få på plass ny avtale med veterinæranne. Landbruksdirektoratet vart orientert om prosessen og planane. I første omgang var tilbagemeldinga at det ikkje vil følgje pengar med overgangen. Til slutt var svaret at direktoratet ikkje kan godkjenne endringa, og heile vakttilskotet til Voss aust ville bli trekt ved gjennomføring (gjeld vakt utanom ordinær arbeidstid). Argumentasjonen var mellom anna at Landbruksdirektoratet, som har ansvaret for geografisk veterinærvaktinndeling, vil vente med ei omorganisering til ny kommunestruktur er på plass i 2020.

Vurdering

KOMMUNAL FINANSIERING/ØKONOMI

Vaksdal kommune har avsett inntil kr. 210 000, - per år til å sikre tilstrekkeleg veterinærtilgang i kommune. Dette er vesentleg meir enn kommune sin part av utrekna fellesutgifter (kr. 157.500,- for 2018, og det er soleis dekning for utgiftene i budsjettet.

For framtida er det viktig å leggje til rette for at oppdragsmengda for veterinæranne på dagtid vert oppretthalde (veks). Dette kan skje gjennom å vekse på kjeledyr og hest. Det andre vekstområdet er at veterinæranne overtek meir inseminering av storfe. Her kan kommunane vere med å påverke situasjonen. Og ved å oppretthalda oppdragsmengda på dagtid, vert det fleire å fordela på vakt på, som kan gjere at trongen for tilskot minkar.

VOSS KOMMUNE SOM ADMINISTRASJONSKOMMUNE

Rådmannen meiner at etablering av ein fast administrasjonskommune for handtering av veterinærvaktordninga, vil gje ein tenleg praksis, med god kontinuitet. I dette høve er det naturleg å leggje denne funksjonen til Voss kommune, som den største landsbrukskommunen.

VETERINÆRDEKING I EIDFJORD PÅ DAGTID

Dagens inndeling av veterinærvaktområde er først og fremst knytt til vakt utafør ordinær arbeidstid. Bruk av veterinærer på dagtid er ikkje styrt av dette, og det er no lagt opp til ei løysing der veterinærane i våre veterinærområde også kan dekkje Eidfjord. Vaktordninga på kveld og i helger, vert organisert som før, gjennom Hardanger vakt-distrikt. Veterinærane som er på vakt innafor Voss vest og Voss aust, stiller opp i naboområdet når vegen er stengt.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
58/2018	Kommunestyret	PS	01.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll		18/169

INNSPEL TIL NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT PÅ LAND

Vedlegg:

201801666-9 Nasjonal ramme for vindkraft på land - Lokale og regionale innspill

Rådmannen sitt framlegg til uttale:

Område 17: Bergsdals- og Vaksdalsfjella i Vaksdal kommune har dels registrert område med urørt natur, men har også fleire store overføringslinjer for kraft. Bergsdalsfjella sør er regionalt viktig turområde, med populære DnT-hytter. Bergsdalsfjella (både nord og sør) har reinsdyrstammer, forvalta som tamrein. Bergsdalsfjella har viktig tilkomst med Fv 314, med vegstandard som i dag er svært låg med omsyn på friluftsliv og nærleiken til Bergen, og ein flaskehals for vekst og utvikling. For området Høgafjellet på Osterøy gjer kommunen merksam på område med urørt natur, regionalt viktig turområde og at Veafjorden har eit særskilt kulturmiljø. Osterfjordssystemet er nasjonal laksefjord, og del av nordhordland biosfæreområde. Artsmangfaldet er svært verdifullt, med mellom anna hekkelokalitetar for rovfugl.

Område 18: Innanfor område 18 er øvste del av Eksingedalen, men området for Vaksdal kommune framgår som lav lønnsemd. Dette er inngangsport til Stølsheimen landskapsvernområde, som har høge landskap- og naturkvalitetar med store friluftsinnteresser. I dette området er det ei viktig villreinstamme (Fjellheimen villreinområde). Stølsheimen er også del av nordhordland biosfæreområde.

Nordhordland biosfæreområde er kandidat til å verte eit UNESCO Biosfæreområde – *vestnorsk kystlandskap og menneska som bur her*; <http://www.nordhordlandbiosphere.no/>

Vaksdal kommune si kartlegging og verdisetting av friluftslivområde (2017) er å finna i www.naturbase.no. Dette gjeld også INON-område.

Saksopplysningar:

Olje- og energidepartementet (OED) har gitt NVE i oppdrag å leie arbeidet med å lage eit forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Den nasjonale ramma skal vere samansett av to delar;

- eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft
- kart med utpeking av dei mest eigna områda for vindkraft

Ramma skal ikkje vere juridisk bindande eller ei form for overordna konsesjonsbehandling, men eit fagleg råd om kor det kan ligge til rette for lønsam vindkraft. Det vil fortsatt vere mogleg å få konsesjon for prosjekt utanfor områda som er utpekt som mest egna, samtidig som prosjekt innfor dei utpekte områda kan få avslag.


For Vaksdal kommune er det no del 2, kart med utpeking av dei mest egna områda, som NVE har bede om innspel for viktige regionale interesser.

NVE understrekar at; *Vi påpeker at dette er en innhenting av faglig informasjon, og ikke en generell høring av den nasjonale rammen for vindkraft. OED vil forestå en høring av NVEs forslag til nasjonal ramme etter at dette er levert. Det vil da være muligheter for å gi politiske innspill og generelle synspunkter på den nasjonale rammen.* I denne omgang er NVE open for faglege innspel ut over det som er å finne i offentlege databasar og kartgrunnlag.



Fristen for å gje innspel er no (utsett til) 20. oktober 2018, og sendast til nve@nve.no. NVE har informasjon på nettsidene; <https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft-pa-land/>, med løpande oppdatering gjennom prosessen.

Samandrag/konklusjon


NVE har allereie gjort ein silingsprosess, og peika ut 42 områder for vidare utgreiing og siling ned til 10-15 områder. Vaksdal kommune har fjellareal som fell inn under 2 av analyseområda:



Desse områda vert kalla analyseområde 17 (Bergsdalsfjella både nord og sør for Bergsdalen og kring Høgafjellet på Osterøy) og 18 (Stølsheimen). Analyseområda er framkome gjennom modellgenerering, men korrigert ved å trekkje ut vesentlege nasjonale interesseområder med konflikt, som til dømes nasjonalparkar. Då står farga areal igjen:



Deretter er det modellberekna lønnsomheit (framleis på eit overordna nivå), med fargekodar som syner dei mest lønnsome områda er blå:



Vaksdal kommune

5722 DALEKVAM

Vår dato: 08.06.2018

Vår ref.: 201801666-9

Arkiv: 503

Deres dato:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Sissel Jakobsen

Nasjonal ramme for vindkraft på land – Innspill om viktige regionale interesser

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) jobber for tiden med å utarbeide et forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land. Formålet med den nasjonale rammen er å bidra til at de beste vindkraftlokalitetene blir valgt når det søkes om konsesjon. Nå inviterer vi kommuner, fylkeskommuner og fylkesmannsembeter til å gi sine innspill om viktige regionale interesser.

Oppdraget

NVE skal i samarbeid med andre etater identifisere de mest egnede områdene for vindkraft på land. Områdene skal velges ut med utgangspunkt i vindressurser og nettkapasitet, og avstemmes mot andre viktige miljø- og samfunnshensyn.

Arbeidet er bestilt av Olje- og energidepartementet, og skal leveres innen 1.3.2019. OED har utsatt fristen fra 31.12.2018 for å ivareta gode muligheter for medvirkning.

Lokal og regional medvirkning

NVE ønsker å legge opp til dialog og medvirkning underveis i prosessen, og arrangerte en informasjonsdag om prosjektet den 5. juni på Gardermoen. Representanter for alle landets kommuner, fylkeskommuner og fylkesmannsembeter var invitert til å delta. På møtet informerte OED om bakgrunnen for oppdraget. NVE informerte om metode og status i arbeidet, og NVE og Miljødirektoratet informerte om underprosjekter som har bidratt til å gi et oppdatert kunnskapsgrunnlag om virkninger av vindkraft.

Vi presenterte også 43 analyseområder. I det videre arbeidet skal NVE gjøre en overordnet arealanalyse av disse for å komme frem til de mest egnede områdene for vindkraft i Norge. Det skal benyttes et standardisert skjema for å fange opp viktige interesser på et overordnet nivå. Områdene er store, og vi skal vurdere svært mange temaer. Detaljeringsgraden må dermed bli lav.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE gjennomfører analysene i samarbeid med andre etater. Sammen har vi mye informasjon om relevante interesser i områdene, men det kan finnes ytterligere lokal/regional kunnskap om arealene som kan være relevante for analysene. Vi ønsker derfor å gi lokale og regionale myndigheter muligheten til å komme med innspill om viktige regionale forhold i analyseområdene.

Vi er ute etter faglig informasjon av overordnet karakter. Dette kan for eksempel være informasjon om friluftslivsområder med regional verdi eller om regional bestandsutvikling for viktige arter. I denne runden er det ikke relevant med detaljerte opplysninger om for eksempel hekkelokaliteter for fugl eller pågående arbeid med reguleringsplaner. Vi påpeker at dette er en innhenting av faglig informasjon, og ikke en generell høring av den nasjonale rammen for vindkraft. OED vil forestå en høring av NVEs forslag til nasjonal ramme etter at dette er levert. Det vil da være muligheter for å gi politiske innspill og generelle synspunkter på den nasjonale rammen.

Denne innspillsrunden er først og fremst en forsikring om at vi fanger opp tilstrekkelig informasjon for gjennomføring av arealanalysene.

Frist for innspill

Fristen for å gi innspill er den **20. september 2018**. Eventuelle innspill sendes til nve@nve.no.

Mer informasjon om prosjektet

Informasjon om bakgrunn, status, metode, temarapporter og analyseområder er å finne på www.nve.no. Analyseområdene er lagt ut på nettsidene som pdf-er og nedlastbare kartfiler til bruk i GIS-program.

Med hilsen

Erlend Bjerkestrand
prosjektleder

Sissel Jakobsen
rådgiver

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Mottakerliste:

Agdenes kommune
Akershus fylkeskommune
Alstahaug kommune
Alta kommune
Alvdal kommune
Andøy kommune
Aremark kommune
Arendal kommune
Asker kommune
Askim kommune
Askvoll kommune
Askøy kommune



Audnedal kommune
Aukra kommune
Aure kommune
AURLAND KOMMUNE
Aurskog-Høland kommune
Aust-Agder fylkeskommune
Austevoll kommune
Austrheim kommune
Averøy kommune
Balestrand kommune
Ballangen kommune
Balsfjord kommune
Bamble kommune
Bardu kommune
Beiarn kommune
Berg kommune
BERGEN KOMMUNE
Berlevåg kommune
Bindal kommune
Birkenes kommune
Bjerkreim kommune
Bjugn kommune
Bødø kommune
Bøkn kommune
Bremanger kommune
Brønnøy kommune
Buskerud fylkeskommune
Bygland kommune
Bykle kommune
Bærum kommune
Bø kommune (Nordland)
Bø kommune (Telemark)
Bømlo kommune
Båtsfjord kommune
Dovre kommune
Drammen kommune
Drangedal kommune
Dyrøy kommune
Dønna kommune
Eid kommune
Eide kommune
Eidfjord kommune
Eidsberg kommune
Eidskog kommune
Eidsvoll kommune
Eigersund kommune
Elverum kommune
Enebakk kommune



Engerdal kommune
Etne kommune
Etnedal kommune
Evenes kommune
Evje og Hornnes kommune
Farsund kommune
Fauske kommune
Fedje kommune
Fet kommune
Finnmark fylkeskommune
Finnøy kommune
Fitjar kommune
Fjaler kommune
Fjell kommune
Flakstad kommune
Flatanger kommune
Flekkefjord kommune
Flesberg kommune
Flora kommune
Flå kommune
Folldal kommune
Forsand kommune
Fosnes kommune
Fredrikstad kommune
Frogn kommune
Froland kommune
Frosta kommune
Fræna kommune
Frøya kommune
Fusa kommune
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder
Fylkesmannen i Buskerud
Fylkesmannen i Finnmark
Fylkesmannen i Hedmark
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Nordland
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Oslo og Akershus
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Telemark
Fylkesmannen i Troms
Fylkesmannen i Trøndelag
Fylkesmannen i Vestfold
Fylkesmannen i Østfold
Fyresdal kommune
Færder kommune



FØRDE KOMMUNE

Gamvik kommune

Gaular kommune

Gausdal kommune

Gildeskål kommune

Giske kommune

Gjemnes kommune

Gjerdrum kommune

Gjerstad kommune

Gjesdal kommune

Gjøvik kommune

Gløppen kommune

Gol kommune

Gran kommune

Grane kommune

Gratangen kommune

Grimstad kommune

Grong kommune

Grue kommune

Gulen kommune

Hadsel kommune

Halden kommune

Halsa kommune

Hamar kommune

Hamarøy kommune

Hammerfest kommune

Haram kommune

Hareid kommune

Harstad kommune

Hasvik kommune

Hattfjelldal kommune

Haugesund kommune

Hedmark fylkeskommune

Hemne kommune

HEMNES KOMMUNE

Hemsedal kommune

Herøy kommune (Møre og Romsdal)

Herøy kommune (Nordland)

Hitra kommune

Hjartdal kommune

Hjelmeland kommune

Hobøl kommune

Hol kommune

Hole kommune

Holmestrand kommune

Holtålen kommune

Hordaland fylkeskommune

Hornindal kommune



Horten kommune
Hurdal kommune
Hurum kommune
Hvaler kommune
HYLLESTAD KOMMUNE
Hægebostad kommune
Høyanger kommune
Høylandet kommune
Hå kommune
Ibestad kommune
Inderøy kommune
Indre Fosen kommune
Iveland kommune
Jevnaker kommune
JONDAL KOMMUNE
JØLSTER KOMMUNE
Karasjok kommune - Kárásjoga gielda
Karlsøy kommune
Karmøy kommune
Kautokeino kommune - Guovdageainnu suohkan
Klepp kommune
Klæbu kommune
Kongsberg kommune
Kongsvinger kommune
Kragerø kommune
Kristiansand kommune
Kristiansund kommune
Krødsherad kommune
Kvalsund kommune
Kvinesdal kommune
KVINNHERAD KOMMUNE
Kviteseid kommune
Kvitsøy kommune
Kvæfjord kommune
Kvænangen kommune
Kåfjord kommune - Gáivuona S
Lardal kommune
LARVIK KOMMUNE
Lavangen kommune
Lebesby kommune
Leikanger kommune
Leirfjord kommune
Leka kommune
Lenvik kommune
Lesja kommune
Levanger kommune
Lier kommune
Lierne kommune



Lillehammer kommune
Lillesand kommune
Lindesnes kommune
Lindås kommune
Lom kommune
Loppa kommune
Lund kommune
Lunner kommune
Lurøy kommune
Luster kommune
Lyngdal kommune
Lyngen kommune
Lærdal kommune
Lødingen kommune
Lørenskog kommune
Løten kommune
Malvik kommune
Mandal kommune
Marker kommune
Marnardal kommune
Masfjorden kommune
Meland kommune
Meldal kommune
Melhus kommune
Meløy kommune
Meråker kommune
Midsund kommune
Midtre Gauldal kommune
Modalen kommune
Mødum kommune
Molde kommune
Moskenes kommune
Moss kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Målselv kommune
Måsøy kommune
Namdalseid kommune
Namsos kommune
Namsskogan kommune
Nannestad kommune
Narvik kommune
Naustdal kommune
Nedre Eiker kommune
Nes kommune (Akershus)
Nes kommune (Buskerud)
Nesna kommune
Nesodden kommune
Nesseby kommune - Unjárgga gielda



Neset kommune
Nissedal kommune
Nittedal kommune
Nome kommune
Nord-Aurdal kommune
Norddal kommune
Nord-Fron kommune
Nordkapp kommune
Nordland fylkeskommune
Nord-Odal kommune
Nordre Land kommune
Nordreisa kommune
Nore og Uvdal kommune
Notodden kommune
Nærøy kommune
Odda kommune
Oppdal kommune
Oppegård kommune
Oppland fylkeskommune
Orkdal kommune
Os kommune (Hedmark)
Os kommune (Hordaland)
Osen kommune
Oslo kommune
Osterøy kommune
Overhalla kommune
Porsanger kommune - Porsánjggu gielda
Porsgrunn kommune
Radøy kommune
Rakkestad kommune
Rana kommune
Randaberg kommune
Rauma kommune
Re kommune
Rendalen kommune
Rennebu kommune
Rennesøy kommune
Rindal kommune
Ringebu kommune
Ringerike kommune
Ringsaker kommune
Risør kommune
Roan kommune
Rogaland fylkeskommune
Rollag kommune
Rygge kommune
Rælingen kommune
Rødøy kommune



Rømskog kommune
Røros kommune
Røst kommune
Røyken kommune
Røyrvik kommune
Råde kommune
Salangen kommune
Saltdal kommune
Samnanger kommune
SANDE KOMMUNE
Sande kommune (Vestfold)
Sandefjord kommune
Sandnes kommune
Sandøy kommune
Sarpsborg kommune
Sauda kommune
Sauherad kommune
Sel kommune
Selbu kommune
Selje kommune
Seljord kommune
Sigdal kommune
Siljan kommune
Sirdal kommune
Skaun kommune
Skedsmo kommune
Ski kommune
Skien kommune
Skiptvet kommune
Skjervøy kommune
Skjåk kommune
Skodje kommune
Skånland kommune
Smøla kommune
Snillfjord kommune
Snåsa kommune
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
Sogndal kommune
Sokndal kommune
Sola kommune
Solund kommune
Songdalen kommune
Sortland kommune
Spydeberg kommune
Stange kommune
Stavanger kommune
Steigen kommune
Steinkjer kommune



Stjørdal kommune
Stord kommune
Stordal kommune
Stor-Elvdal kommune
Storfjord kommune
Strand kommune
Stranda kommune
STRYN KOMMUNE
Sula kommune
Suldal kommune
Sund kommune
Sunndal kommune
Surnadal kommune
Sveio kommune
SVELVIK KOMMUNE
SYKKYLVEN KOMMUNE
Søgne kommune
Sømna kommune
SØNDRE LAND KOMMUNE
Sør-Aurdal kommune
Sørfold kommune
Sør-Fron kommune
Sør-Odal kommune
Sørreisa kommune
Sørum kommune
Sør-Varanger kommune
Tana kommune - Deanu gielda
Telemark fylkeskommune
Time kommune
Tingvoll kommune
Tinn kommune
Tjeldsund kommune
TØKKE KOMMUNE
Tolga kommune
Torsken kommune
Tranøy kommune
Troms fylkeskommune
Tromsø kommune
Trondheim kommune
Trysil kommune
Træna kommune
Trøgstad kommune
Trøndelag fylkeskommune
Tvedestrand kommune
Tydal kommune
Tynset kommune
Tysfjord kommune
Tysnes kommune



Tysvær kommune
Tønsberg kommune
Ullensaker kommune
Ulstein kommune
UTSIRA KOMMUNE
Vadsø kommune
Vaksdal kommune
Valle kommune
Vang kommune
Vanylven kommune
Vardø kommune
Vefsn kommune
Vega kommune
Vegårshei kommune
Vennesla kommune
Verdal kommune
Verran kommune
Vest-Agder fylkeskommune
Vestby kommune
Vestfold fylkeskommune
Vestnes kommune
Vestre Slidre kommune
Vestre Toten kommune
Vestvågøy kommune
Vevelstad kommune
Vik kommune
Vikna kommune
Vindafjord kommune
Vinje kommune
Volda kommune
Voss kommune
Værøy kommune
Vågan kommune
Vågsøy kommune
Vågå kommune
Våler kommune (Hedmark)
Våler kommune (Østfold)
Øksnes kommune
Ørland kommune
ØRSKOG KOMMUNE
Ørsta kommune
Østfold fylkeskommune
Østre Toten kommune
Øvre Eiker kommune
ØYER KOMMUNE
Øygarden kommune
Øystre Slidre kommune
Åfjord kommune



Ål kommune

Ålesund kommune

Åmli kommune

Åmot kommune

Årdal kommune

Ås kommune

ÅSERAL KOMMUNE

Åsnes kommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
61/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	03.09.2018
59/2018	Kommunestyret	PS	01.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 251, FA - L73	18/1118

SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN TIL HEIS I HØGBYGGET

Vedlegg:

VEDK. SØKNAD KOMMUNAL GARANTI I FORBINDELSE MED LÅN FOR OPPGRADERING AV HEIS I HØGBYGGET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad frå Sameige Skulegata 1,A,B,C om kommunal garanti til oppgradering av heis i høgbygget vert ikkje innvilga.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 61/2018

FPØ - Behandling:

Framlegg frå Bjørn Roald, H:

Kommunen gir garanti for beløpet for en tidsperiode for 5 år.

1 røysta for framlegget frå Bjørn Roald (H) som fall.

FPØ - Tilråding:

Søknad frå Sameige Skulegata 1,A,B,C om kommunal garanti til oppgradering av heis i høgbygget vert ikkje innvilga.

Saksopplysningar:

Kort om saka

Sameige Skulegata 1,A,B,C har søkt Vaksdal kommune om kommunal garanti for lån kr 950.000 til oppgradering av heis i høgbygget. Kommunelova §51 regulerer kommunen sin moglegheit for å stille kommunale garantiar. Søknaden om kommunal garanti treng statleg godkjenning jf. kommunelova med forskrifter.

Det har ikkje vore praksis i kommunen å gje kommunale garantiar for private lån. Som

eigarkommune er det gitt kommunal garanti til BIR AS. Likebehandling vil vera eit viktig prinsipp i behandling av slike søknader.

Det har ikkje kome fram særskilte omsyn i denne saka. Vaksdal Kommune har vedtatt eit høgt investeringsnivå og gjelda til kommunen vil verta svært tyngande i økonomiplanperioden. Det er ikkje tilrådeleg at kommunen gjev garantiar som kan forverra denne situasjonen. Tilrådinga frå rådmann er derfor at kommunen ikkje bør ta unødvendig risiko ved å stille som garantist for eit privat lån.

Bakgrunn for saka og heimel

Sameige Skulegata 1,A,B,C har søkt Vaksdal kommune om kommunal garanti for lån kr 950.000 til oppgradering av heis i høgbygget. Som grunngjeving for søknaden vert det vist til at det bur fleire eldre i bygget og at sameige vil unngå for høge fellesutgifter for eigarane.

Høgbygget var tidlegare i kommunal eige og vart seld i 2014 til KERO AS. Bygget er seinare seksjonert og det er danna eit sameige. Kommunen leigar for framleige nokre husvære frå ein av eigarane.

Kommunelova §51 regulerer kommunen sin moglegheit for å stille kommunale garantiar. Lovverket er stramma inn i dei siste åra, no kan kommunen berre stille garanti for næringsveksemd som vert drive i eigen regi.

Vidare er kommunale garantiar regulert i «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar». Forskrifta seier at kommunen kan stille kommunal garanti for tredjepart enten som simpel kausjon eller sjølvskyldnarkausjon. Det er ikkje spesifisert i søknaden kva slags kausjon det vert søkt om. Skilnaden i desse to typene kausjon er at dersom kommunen stillar sjølvskyldnarkausjon så kan kreditor retta krav mot kausjonisten med ein gong eit forsøk på å få betaling hos debitor ikkje har ført fram. Sjølvskyldnarkausjonisten garanterer derfor både for debtors mogelegheit til å betale og vilje til å betale. Ved simpel kausjon kan ikkje kreditor rette krav mot kausjonisten før alle forhold er prøvd for å få debitor til å betale. Det er derfor kun debtors mogelegheit til å betale kommunen garanterer for ved simpel kausjon.

§5 i forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar seier at dersom beløpet er over kr 500 000 må garantien ha statleg godkjenning. Lånet som det er søkt kommunal garanti for er på kr 950 000,- og treng derfor statleg godkjenning før kommunen kan gje garanti. Det kan ikkje stillast garantiar med varighet over 40 år. Eit ev vedtak må angi varighet. Søknaden må handsamast i kommunestyret før kommunen søkjer statleg godkjenning.

Vurdering og konsekvensar

Sameige ønskjer låge fellesutgifter og framhevar i søknaden at skilnaden mellom renta med og utan kommunal garanti er ein ikkje uvesentleg sum. Kostnaden fyrste året er etter oppgitt rente samla for sameige kr 19000 høgare utan kommunal garanti. Det utgjer samla kr 1583,- pr måned til fordeling på alle husværa. Denne summen vil gje ein marginal auke i felleskostandar til den einskilde eigar.

Det kan derfor ikkje seiast å vera eit særskilt høve som bør vurderast spesielt. Bygget er eit ordinært leilighetsbygg og husværa er selt på den opne marknaden, det er soleis ikkje reservert ei spesiell målgruppe.

Kommunen har selt ein del kommunale eigedomar til private kjøparar. Alle bygg vil trenge utbetring over tid og kostnaden vil normalt påkvile eigaren. Det har ikkje vore praksis i kommunen å gje kommunale garantiar for private lån. I kva grad det er omsøkt garantiar tidlegare er ikkje kjent. Likebehandling vil vera eit viktig prinsipp i behandling av slike søknader.

Kommunen sin risiko ved kommunal garanti for lån er at dersom sameiget ikkje klarer å betale renter og avdrag på lånet, i heile lånets levetid, vil kommune verte ansvarleg for å betale lånet.

Vaksdal Kommune har vedtatt eit høgt investeringsnivå og gjelda til kommunen vil verta svært tyngande i økonomiplanperioden. Det er ikkje tilrådeleg at kommunen gjev garantiar som kan forverra denne situasjonen. Det har ikkje kome fram særskilte omsyn i denne saka. Tilrådinga frå rådmann er at kommunen ikkje bør ta unødvendig risiko ved å stille som garantist for private lån. Kommunen sin praksis med å ikkje gje kommunale garantiar for private lån vert vidareført.

Fra: Svein Boge <sveinaboge@gmail.com>
Sendt: fredag 3. august 2018 09.56
Til: Åse Elin Myking
Kopi: Trine Pettersen Grønbech; Eirik Haga
Emne: SV: SØKNAD KOMMUNAL GARANTI I FORBINDELSE MED LÅN FOR OPPGRADERING AV HEIS I HØGBYGGET

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei,

Viser til tidligere søknad om garanti og svar fra kommunen under. I søknaden ba vi om Garanti for et lånebeløp på Kr. 600000. Pris indikasjoner fra aktuelle heisleverandører viser at vi har vært noe optimistisk i vår vurdering av lånebehov. Vi ber derfor om at lånegaranti fra kommunen endres og begrenses oppad til Kr. 950000. Vi vil holde lånesummen til planlagt oppgradering så lavt som mulig. Hva den endelig lånesum blir vet vi når bindende pristilbud foreligger.

Vennlig Hilsen
Svein Boge
Styreleder, org. No. 916481772

Fra: Åse Elin Myking [<mailto:Ase.Elin.Myking@vaksdal.kommune.no>]
Sendt: 9. juli 2018 15:06
Til: sveinaboge@gmail.com
Kopi: Trine Pettersen Grønbech; Eirik Haga
Emne: SV: SØKNAD KOMMUNAL GARANTI I FORBINDELSE MED LÅN FOR OPPGRADERING AV HEIS I HØGBYGGET

Hei

Viser til telefonsamtale i dag. Søknaden om kommunal garanti treng statleg godkjenning jf. kommunelova med forskrifter. Søknaden må handsamast politisk i kommunen før statleg godkjenning.

Kommunelova §51 regulerer kommunen sin moglegheit for å stille kommunale garantiar. Vidare er kommunale garantiar regulert i «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar». Dersom beløpet er over kr 500 000 må garantien ha statleg godkjenning. Lånet som det er søkt kommunal garanti for er på kr 600 000,- og treng derfor statleg godkjenning før kommunen kan gje kommunal garanti.

Første møte i formannskapet er 3 september med kommunestyremøte 1.oktober. Rådmann vil fremje saka til første møte, ved eventuelle endringar eller tillegg i søknaden må desse sendast oss innan 15.august.

Mvh

Vaksdal Kommune
Åse Elin Myking
Ass. rådmann

Tlf: 95 78 03 77

Epost: Ase.Elin.Myking@vaksdal.kommune.no
Vaksdal kommune / Konsul Jebsensgate 16 / 5722 Dalekvam
www.vaksdal.kommune.no

Fra: Svein Boge [<mailto:sveinaboge@gmail.com>]

Sendt: fredag 15. juni 2018 10.36

Til: Eirik Haga

Emne: SØKNAD KOMMUNAL GARANTI I FORBINDELSE MED LÅN FOR OPPGRADERING AV HEIS I HØGBYGGET

Til Ordfører, Vaksdal kommune

Viser til tidligere samtale om en eventuell garanti og ber om at denne søknaden tas videre til behandling i Vaksdal Kommune.

Som det fremgår av vedlagte brev så har Sameiet i Høgblokken fått et positivt svar fra Sparebanken Vest Bedrift, på vår henvendelse om lån. Vi har også rettet en forespørsel til Husbanken og vurderer andre lånemuligheter. Lån skal brukes til en helt nødvendig oppgradering av heis i høgblokken. Heisens hovedkomponenter er fra høgblokkens byggeår 1965. Det er kun en heisstol i dette systemet og vi er avhengig av fremtidig driftsstabilitet på denne ene heisen. Det bor en god del eldre mennesker høgt oppe i etasjene i blokken. Disse er helt avhengig av en heis som fungerer. Kommunen leier i dag i blokken og vil formodentlig også fremover være interessert å leie i høgblokken. Flere av de eldre beboerne er avhengig av hjemmesykepleie og diverse offentlige omsorgstjenester. At blokken er attraktiv for eldre eiere og leiere og har en infrastruktur som fungerer, bør være i kommunens interesse.

Som det fremgår av vedlagte mail fra Sparebanken så er det 2% i rente å spare på et lån med kommunal garanti. For sameiet som kun har eiernes innbetaling til fellesutgifter til å drifte låneforpliktelser med, så representerer 2% rente en ikke uvesentlig sum. Sameiet vil i forbindelse med opptagelse av lån måtte heve eiernes innbetaling til sameiets drift. Vi har en del minste pensjonister og familier med anstrengt økonomi som beboere og ønsker selvfølgelig å holde fellesutgifter så lav som mulig. Lave felles utgifter formodentlig også påvirke den leie kommunen må betale ved innleie.

Sameiet har i øyeblikket en prosess med den opprinnelige leverandøren av heis som arbeider med å utarbeide et oppgraderings tilbud. Parallelt så arbeider sameiets styre vi med å få til et rimeligst mulig lån i den størrelse som fremgår av vår fore spørsmål om lån i Sparebanken, se vedlegg. Sameiets betalingsevne er vesentlig forbedret etter at andels eierne i 2016 overtok driften etter Kero som kjøpte bygget fra kommunen i 2014. Den positive responsen fra Sparebanken Vest Bedrift, baserer seg blant annet på sameiets regnskap fra 2017 og at flere andelseiere har et kundeforhold til banken. Banken opplyser i samtale med oss at de normalt er meget restriktive med denne typen lån til sameier...

Sameiet planlegger å gjøre de formelle vedtak basert på oppgraderings tilbud og beste lånetilsagn i løpet av september måned. Den fysiske oppgradering forutsettes og bli utført over en tre ukers periode i okt.- nov.

Sameiet Skulegata,1,A,B,C, ber med dette Vaksdal Kommunen om et tilsagn om garanti for et oppgraderings lån på Kr 600.000 for Heis.

Mvh
Svein Boge
Styreleder,
Org.no. 916481772



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
60/2018	Kommunestyret	PS	01.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Trine Pettersen Grønbech		18/1232

STRATEGI FOR KOMMUNALE ANSKAFFINGAR TILTAK MOT ARBEIDSLIVSKRIMINALITET OG SVART ØKONOMI

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen utarbeide framlegg til strategi for anskaffingar med bakgrunn i rammene som er uttrykt i saka her.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Kommunestyrets vedtak i K- sak:

I samband med bygging av ny barne- og ungdomsskule på Dale og ny barneskule på Vaksdal vil kommunestyret be om eige sak på korleis kommunen skal unngå arbeidslivskriminalitet i høve desse to store byggeprosjekta.

Saka er såleis knytt til byggeprosjekt. På bakgrunn av spørsmål som er stilt i formannskapet 03.09.2018 vert også anskaffingar av andre område enn bygg- og anlegg omtala.

Forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar inneheld minimumskrav til offentlege oppdragsgjevarar som skal anskaffe tenester eller byggje- og anleggsarbeid.

Forskriften gjeld for Kommunale, fylkeskommunale eller offentligrettslege verksemder når anskaffinga er over 2 millioner ekskl. mva.

Lova inneheld minimumskrav og kommunane kan vedta strengare krav til leverandørar enn det som er heimla i lova.

Saka presenterer ytterlegare tiltak for å stille krav til leverandørar ved offentlege anskaffingar:

1. Samarbeid mot svart økonomi er eit samarbeid mellom KS, NHO, Skatteetaten, Unio, YS og LO. Dette samarbeidet har uttrykt 10 strategiar for å motvirke økonomisk kriminalitet
2. «Oslo- modellen» inneheld på nokre område forsterka krav til leverandørar. Denne er lagt til grunn av ein del kommunar.

DIFI tilrår kommunane å utarbeide ein anskaffingsstrategi som uttrykkjar overordna prinsipp og mål for kommunale anskaffingar. Utdringa for kommunen vil vere kontroll som både er kompetansekravjande og kostbart. Rådmannen rår til at kommunen utarbeidar ein strategi for offentlege anskaffingar.

Bakgrunn for saka

Kommunen anskaffar årleg eit stort tal varer og tenester og offentlege anskaffingar er ein viktig del av den kommunale verksemda. Avtalene som kommunen inngår er viktige både for verksemda, brukarane og leverandørane. Med dette følgjar eit ansvar for å opptre som ein profesjonell innkjøpar og syte for at mest mogeleg av kommunale midlar vert nytta effektivt og målretta.

Samfunnsansvarlege anskaffingar skal bidra til å sikre godt omdømme og tillit til offentleg anskaffingsverksemd. Anskaffingane kan nyttast strategisk til å redusere miljøbelastninga, påverke arbeidsforhold, respekt for grunnleggjande menneskerettar og sikre like konkurransevilkår og framtidig konkurransekraft for næringslivet.

Diverre har erfaring vist at det er naudsynt for kommunar å ta strategiske grep også for å sikre at useriøse aktørar får tilgang til kontraktar i risikoanskaffingar. Tradisjonelt har det vore fokus på bygg, reinhald, bilvask m.v., men det visar seg at risikoanskaffingar finnast i heile den kommunale portefølja.

Formelt grunnlag

Lov om offentlege anskaffingar
Forskrift om løns og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar
Forskrift om informasjons- og påseplikt og innsynsett
Regjeringa sin strategi mot arbeidslivskriminalitet (2017 -)
Innkjøpsreglement for Vaksdal kommune

Vurdering og konsekvensar

Forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar inneheld minimumskrav til offentlege oppdragsgjevarar som skal anskaffe tenester eller byggje- og anleggsarbeid.

Forskriften gjeld for Kommunale, fylkeskommunale eller offentligrettslege verksemdar når anskaffinga er over 2 millionar ekskl. mva.

Regelverket krevjar at offentlege oppdragsgivar skal:

I kunngjerings- eller konkurransegrunnlaget:

- Opplyse om at kontrakten vil innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjoner i samsvar med forskrifta.

I kontrakten:

- Stille krav om at tilsette som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten har lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande allmenngjeringsforskrift og/eller landsomfattande tariffavtale for vedkommande bransje.
- Stille krav om at leverandøren og underleverandørar på førespurnad dokumenterer at krava blir oppfylt.
- Bestemme sanksjoner som er eigna til å påverke leverandøren og underleverandørar til å oppfylle vilkåra.

Under oppfølging av kontrakten:

- for kontraktar innan bransjar underlagt en [allmenngjeringsforskrift](#) skal det etablerast skriftlege systema og rutinar
- gjennomføre nødvendig kontroll av om krava til lønns- og arbeidsvilkår vert holdt. Graden av kontroll kan tilpassast behovet i vedkommande bransje, geografisk område mv.
- overhalde lovbestemt teieplikt og verne om personopplysningar og annan sensitiv informasjon

- dokumentere prosessen i henhold til gjeldende regelverk, under dette forvaltningslova og arkivlova

Det er Arbeidstilsynet som har ansvaret for tilsyn med offentlige oppdragsgivar si etterleving av forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontraktar.

Anna regelverk som gjeld:

I tillegg til forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontraktar er det også anna relevant regelverk som kan komme til anvendelse. Dette er blant anna avgrensing i talet på ledd i leverandørkjeda, allmenngjeringslovverket, krav om bruk av lærlingar, utsendingsforskrifta, byggherreforskrifta og forskrift om informasjons- og påseplikt og innsynsrett.

Fleire kommunar vedteke seriøsitetskrav som går lengre enn det som følgjer av lova:

Mange kommunar har vedtatt «Samarbeid mot svart økonomi» sine 10 strategiar for å motvirke økonomisk kriminalitet.

«Samarbeid mot svart økonomi» er eit samarbeid mellom KS, NHO, Skatteetaten, Unio, YS og LO. Dei 10 strategiane er:

1. Ta eit klårt standpunkt; me skal ikkje ha økonomisk kriminalitet eller arbeidslivskriminalitet i våre anskaffingar
2. Gjer ei risikovurdering i kvart tilfelle og rett innsatsen der risikoen er størst
3. Gå konkret til verks og fastsetje kva me ser etter: «For å sikre oss mot arbeidslivskriminalitet og svart økonomi må vi ha leverandører og underleverandører der:
 - a. Lønns- og arbeidsforhold er i orden,
 - b. Registrering, oppgavelevering og betaling av skatter og avgifter er i orden
 - c. Tilstrekkelig fagkunnskap er på plass
 - d. Det er lett og oversiktlig å vite hvem vi handler med, hvem som jobber for oss, og hvem vi betaler til»
4. Avgrense talet ledd i kontraktskjeden
5. Sette krav til fagkunnskap
6. Vite kven som arbeidar for oss
7. Vite kven me betalar til
8. Kreve innsyn i relevante skatteopplysningar
9. Gjennomføre kontrollar
10. Bruke dei gode verktøya som finnast:
 - a. Seriøsitetsføresegn
 - b. Standard kontraktsvilkår
 - c. Difi sin rettleiar om beste praksis

Oslo kommune har vedtatt seriøsitetskrav som går lengre enn dette. I den Oslo- modellen vert det for bygg- og anleggsgfag/reinhald stilt krav om:

1. Bruk av fast tilsette
2. Krav om tariffør mellom oppdrag
3. Krav om faglærte håndverkarar: Minimum 50% av arbeidde timar innanfor bygg- og anleggsgfaga skal utførast av fagarbeidarar eller personar med dokumentert fagutdanning. Det skal vere fagarbeidarar i alle relevante fag
4. Minimumskrav på 10% lærlingar på områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingekravet vil vere på 1,1 million, mao statleg terskelverdi mot kommunal terskelverdi som er på 1,75 millionar, samt 3 månaders varigheit
5. Krav om kun eitt ledd underleverandør i vertikal kjede
6. Føresegn om internkontroll, tryggleik, helse- og arbeidsmiljø har språkkrav som seier at nøkkelpersoner i prosjektet skal forstå og gjere seg godt forstått på norsk
7. Krav om HMS-kort frå første dag og system for elektronisk mannskapsoppfølging/HMSREG
8. Rett til innsyn i alle tilhøve hjå leverandør som er viktig for oppfylling av kontrakten

Oslo-modellen stillar dessutan følgjande krav til kommunen sine anskaffingskontraktar uavhengig av bransje og verdi på kontrakten:

- Tilsette skal ha løns- og arbeidsforhold i tråd med allmenngjort eller landsdekkande tariffavtale. Der det ikkje er allmenngjort eller landsdekkande tariff skal det sjåast til lokale tariffavtalar for liknande områder. Løn- og arbeidsvilkår må ikkje vere dårlegare enn desse.
- Krav om at all løn m.m. skal betalast til den einskilte sin konto i bank
- Forbod mot kontant betaling

Kva gjer Vaksdal kommune?

For samanhengens skyld må det nemnast at storparten av dei kommunale innkjøpa går gjennom Bergensavtalen. Men dei store byggeprosjekta er ikkje omfatta av denne.

Kommunen gjer no også bruk av elektronisk anskaffingssystem for heile anbudsprosessen for alle anskaffingar som kommunen gjer sjølv. Dette tek i vare og sikrar dokumentasjon på alle trinn i prosessen og kvalitetssikrar på den måten at lovkrav blir fulgt. Me gjer nytte av programmet Merzell, eit program som DIFI (Direktoratet for Forvaltning og Ikt) tilrår.

For dei store byggeprosjekta har Vaksdal kommune så langt nytta DIFI sin rettleiar for offentlege anskaffingar og følgd dei krava som ligg i regelverket. Me gjer nytte av tilrådde seriøsitetskrav i bygg- og anleggskontraktar, tillegg til Norsk Standard. Me følgjar dessutan seriøsitetskrava, og tilrådingar for å motvirke økonomisk kriminalitet som er utarbeidd av «samarbeid mot svart økonomi.» Kommunen har også hatt ein gjennomgang i samsvar med sjekklister utarbeidd av Transparency International.

Eigen strategi for offentlege anskaffingar:

DIFI tilrår kommunane å utarbeide ein eigen strategi for offentlege anskaffingar. Gjennom ein eigen strategi kan kommunen ta eit aktivt leiarskap over anskaffingane. Anskaffingar utgjer ein monaleg del av den kommunale verksemda og står for ein stor del av dei totale kostnadane til kommunane. Dei vert såleis eit viktig reiskap for å utøve både samfunnsansvar og samfunnsstyring. Ei politisk vedteke strategi for offentlege anskaffingar vil gje rammar for øvrige reglement og internkontrollsystem som kommunen utarbeidar.

Utfordringa for kommunen vil vere kontroll. For anskaffingar som kommunen gjer sjølv vil det vere det elektroniske anskaffingssystemet som i hovudsak utgjer internkontrollen og sikrar oversikt. Gjennom dette systemet kan ein få oversikt og innsyn i leverandøren sin stadfesting på at alle krav er oppfylt. Men kontroll utover det vert vanskeleg for kommunen å gjere. Kommunen har ikkje kompetanse til dette, og det er ikkje løyvde midlar til innkjøp av slik kontroll.

For Dale Barne- og ungdomsskule er oppfølging av kontraktsvilkår ein del av avtalen. Det vil vere ein viktig kontraktsklausul også for andre byggeprosjekt.

Rette nivå på kontrollaktivitetane kan likevel diskuterast i ein eventuell strategi der målet må vere å finne rette ressursbruk opp mot føremålet med kontrollen.

For alt som vert anskaffa gjennom Bergensavtalen vil kontroll vere omfatta av Bergensavtalen.

Rådmannen rår til at kommunen utarbeidar ein anskaffingsstrategi i samsvar med rammene i saka her. Det vil i det arbeidet vere gunstig å hente erfaringar frå kommunar som har innført Oslo-modellen. Særleg vil det vere viktig å hente erfaring frå små kommunar.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
61/2018	Kommunestyret	PS	01.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Trine Pettersen Grønbech	FE - 151	18/676

NY VURDERING AV F- SAK 59/18: FRAMLEGG TIL ARBEIDSPROGRAM FOR BUDSJETT OG TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN

Vedlegg:

Vidaresending til Vaksdal kommune som rette vedkommande - krav om lovlegkontroll - vedtak i formannskapet 030918 - sak
Lovlegkontroll etter formannskapet sitt møte
Sak formannskapet 59/18

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1: Kommunestyret opprettheld formannskapet sitt vedtak i sak 59/18 med ei endring: Arbeidsgruppa arbeidar fram til ny kommunelov er trådd i kraft.

Alternativ 2: Kommunestyret opphevar formannskapet sitt vedtak i sak 59/18.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Formannskapet vedtok i sak 59/18 å etablere «ei partssamansett arbeidsgruppe som skal greie ut kostnadsreducerande tiltak som er berekraftige for kommunen i framtida».

Arbeidsgruppa er nedsett av formannskapet som økonomiutval men skal ha medlemmar også frå organisasjonane og administrasjonen. Målsetnaden er betre informasjonsflyt og politiske eigarskap til gjennomføring av økonomiplan 2019 – 2022.

Vedtaket vart fatta mot røystene for SV og H. Det vart fremja krav om lovlegkontroll på vedtaket frå fleirtalet av opposisjonen den 10.09.2018.

Saka her omtalar heimelsgrunnlaget for vedtaket og prinsipielle sider ved det. Det vert vist til at sjølv om lovlegkontrollen skulle vise at vedtaket står seg, ville det vere ein føresetnad for å unngå uheldig rolleblanding at det var eit samstemt ynskje om ei slik samansett arbeidsgruppe. Det ville kunne sikre open dialog om mogelege og sannsynlege grenseoppogongar undervegs.

Ei arbeidsgruppe der administrasjonen skal vere medlem vil vere særskilt krevjande å handtere for å sikre klare liner mellom administrasjon, organisasjonane og politikk. Når det vert uttrykt sterk uro for kva denne arbeidsgruppa skal vere, oppfattar rådmannen at føresetnadene for å lukkast med ein slik

arbeidsform ikkje er til stades. Då er det betre å arbeide for eit stadig betre samspel mellom politikk og administrasjon ved å reindyrke rollane våre. Rådmannen arbeider for heile kommunestyret.

Det er ein målsetnad å syte for betre informasjonstilgong slik at formannskapet som økonomiutval får stadig betre høve til å styre den økonomiske politikken til kommunen. Særleg er det viktig å leggje informasjon til rette på ein slik måte at initiativretten til saker endå sterkare ligg til dei folkevalde. Dette kan gjerast på fleire vis og det vert presentert nokre framlegg i denne saka. Rådmannen held seg sjølvstendig til fleirtalsvedtak, men har eit sjølvstendig ansvar for å sikre at administrasjonen ikkje kjem i uheldig rolleblanding mellom politikk og administrasjon. På den bakgrunn ber rådmannen om at saka vert tatt opp på nytt.

Bakgrunn for saka

Formannskapet vedtok i sak 59/18 følgjande:

«Formannskap/plan- og økonomiutvalet set ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal greie ut kostnadsreducerande tiltak som er berekraftige for kommunen i framtida. Arbeidsgruppa vert etablert for 2 år og skal rapportere til formannskapet i kvart møte.

Mandat for arbeidsgruppa

- Med utgangspunkt i økonomiplanen skal arbeidsgruppa greie ut kostnadsreducerande tiltak på kort og lang sikt. Tiltaka skal minst gje ei drift i samsvar med kravet til netto driftsresultat.*
- Arbeidet i gruppa skal vera kunnskapsbasert og tiltaka som vert lagt fram for formannskapet skal vera forsvarleg utgreidd og dokumentert.*
- Heilskapen i kommunen sine oppgåver skal ivaretakast.*
- Arbeidsgruppa skal rapportere om pågåande arbeid og framdrift i kvart formannskapsmøte.*
- Framlegg til tiltak vert lagt fram for formannskapet i samband med budsjett og økonomiplan.*
- Referat og oversikt over pågåande arbeid skal gjerast offentleg tilgjengeleg*

Frå formannskapet vert vald 3 personar: 1. Ordførar som vert saksordførar 2. Jan Erik Bernes Roe 3.

Leiar i eldrerådet vert med i gruppa.»

Vedtaket vert fatta mot røystene frå SV og H.

Det vart fremja krav om lovlegkontroll frå kommunestyrerepresentantane Haugsnes (SV), Johnsen (MDG), Roald og Lilletvedt (H). Lovlegkontrollen uttrykkjar hovudproblemstillinga slik» I saksframlegget framgår det ikkje om dette arbeidsutvalet vert oppretta etter § 10 i kommunelova eller § 25 (partssammensette utval)»

Formelt grunnlag

Handlingsprogram med Økonomiplan 2019 – 2022 for Vaksdal kommune

Kommunelova § 10. nr 5

Kommunelova § 25

Kommunelova § 59

Hovudavtalen

Vurdering og konsekvensar

Kommunestyret sitt mynde til å ta formannskapet sitt vedtak opp til ny vurdering

Kommunestyret er kommunens øvste organ og treff vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak. Kommunestyret når som helst ta vedtak som er fatta i medhald av delegasjon opp til ny vurdering.

Det følgjar dessutan direkte av kommunelova § 10 nr 6 at kommunestyret sjølv når som helst kan omorganisere eller leggje ned komitear.

Krav om lovlegkontroll skal som hovudregel leggest fram for det organet som har fatta vedtaket.

Kommunestyret kan likevel omgjere eit vedtak formannskapet har gjort. Kommunestyret kan vedta utsett iverksetting av vedtaket som er underlagt krav om lovlegkontroll (kommunelova § 59)

Om krav om lovlegkontroll

Krav om lovlegkontroll innheld spørsmål kva som er heimelsgrunnlaget for oppretting av arbeidsgruppa, er det mellombels komite etter kommunelova § 10 nr 5, eller administrasjonsutval etter kommunelova § 25. For begge spørsmåla gjeld om kommunestyret har lov til å delegere frå seg mynde til å opprette slike utval.

Heimelen for arbeidsgruppa er kommunelova § 10. nr 5. Slike mellombelse komitear som kan få ansvar for saksutgreiing er det stor fridom til:

Høve til å delegere denne mynde går fram av kommunelova § 8 nr 3, siste setning: *«Formannskapet og fylkesutvalget kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov.»*

Jf også ot.prp nr. 42 1991 - 92: All mynde kan delegerast til folkevalt organ viss ikkje lova uttrykkeleg seier noko anna. Viss lova uttrykkeleg seier noko anna vil det stå: *«kommunestyret selv»*

Delegeringsreglementet for Vaksdal kommune seier at: *«Formannskapet tek i vare kommunestyret sin mynde innan lovverket som gjeld for utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde når det ikkje er gjort klart i lov at kommunestyret sjølv må fatte vedtak»* Formannskapet har dermed fått delegert mynde til å etablere slik komité etter kommunelova § 10 nr 5, første setning.

Når det gjeld spørsmålet om arbeidsgruppa må reknast som fast utval ettersom oppdraget gjeld for to år, vert det vist til at dei to åra nettopp skal greie ut føresetnadene i dei to mest krevjande åra i økonomiplanen. Karakteren av arbeidet er såleis å greie ut eit saksforhold som gjeld for to konkrete år i handlingsprogrammet med økonomiplanen. Slike utgreiingskomitear har kommunen gjort seg nytte av tidlegare for å førebu kommunedelplanar. Arbeidet i komiteane har vore tidsavgrensa men vart ein lengre periode.

Under saksutgreiinga har ein søkt bistand frå KS Advokatane. Det vert i samtale med dei stadfesta at det ikkje er noko eksplisitt forbod mot slike kombinasjonsutval i dag. Men erfaringane viser at det fort kan bli uklare grensar og då utvikle seg til å bli ein lite god måte å arbeide på. Dette er forsterka i ny kommunelov. Uansett utfall av saka her, lyt kommunestyret avgrense arbeidet til ny kommunelov er trådt i kraft.

Kravet om lovlegkontroll viser at det allereie er uklart for deler av kommunestyret kva denne arbeidsgruppa skal vere og korleis ho skal arbeide for å sikre openheit i politiske arbeidsprosessar. Uavhengig av utfallet av lovlegkontrollen er det då gode grunnar for å sjå på saka på nytt. Det vert nærmare omtala nedanfor:

Deltaking av administrasjonen i arbeidsgruppa

Ei sterk og tydeleg folkevalt styring av kommunen er viktig. Dei folkevalde og administrasjonen har ulike roller og oppgåver som begge må fungere i eit samspel for at kommunen skal fungere som eit godt lokaldemokrati og ha legitimitet. Administrasjonen står for det faglege perspektivet og har både eit sjølvstendig ansvar for på sikre at sakene er forsvarleg utgreidd før politisk handsaming, og gjennomføre det dei folkevalde har avgjort. Dei folkevalde representerer innbyggjarane og tek avgjerdene.

Relasjonen mellom politikk og administrasjon er avhengig av både eit velfungerande samarbeid og ein prinsipiell avstand. Fleire kommunar, også Vaksdal, har likevel opplevd å ha lukkast med å kombinere dette gjennom saksførebuande utval der også administrasjonen er representert.

Men eit kombinasjonsutval der både administrasjonen og dei folkevalde er medlemmar vil etter rådmannen si vurdering måtte vere tufta på eit samstemt ynskje for at det skal vere råd å oppretthalde eit samspel som også sikrar at rolleforståinga er klar. Det viser også erfaring med slike kombinasjonsutval. Eit slikt samstemt ynskje var også bakgrunnen for saka, slik rådmannen oppfatta det. Når det viser seg å ikkje vere tilfellet, rår rådmannen til at saka blir tatt opp og diskutert på nytt.

Rådmannen arbeider for heile kommunestyret. Det er avgjerande viktig å byggje gjensidig tillit til at det finn stad ei ryddig og open handtering av saker. Konsekvensane av økonomiplanen er så store at det stiller ekstra krav til å vere medvetne på kva som byggjar eller ikkje byggjar tillit til avgjerdsprosessane. Slik situasjonen er no, synast det betre å reindyrke rollane våre heller enn å freiste å lage eit kombinasjonsutval som allereie i starten har vist seg å vekkje utrygghet.

Rådmannen rår difor til at administrasjonen uansett utelukkande opptrer i folkevalte organ som fagperson og sekretær.

Partssamansett utval

Det er heimel i kommunelova for å opprette eitt eller fleire partssamansette utval, (administrasjonsutval) jf kommunelova § 25.

Kommunens administrasjonsutval består av formannskapet og valte medlemmar av dei Hovudtillitsvalte.

Bakgrunnen for at Administrasjonsutvalet ikkje vart foreslått som arbeidsgruppe var at det ville vere krevjande å få til hyppige møter, og at Utdanningsforbundet og Sjukepleiarforbundet deler på ein plass. Administrasjonsutvalet har også ei rolle som høyringsorgan, og det ville vere uheldig om utvalet skulle greie ut noko dei sjølv er høyringsorgan for.

Uansett løysing vil ei formalisering av arbeidsform fort kunne skape utfordringar kring representativitet. Økonomiplanen omfattar heile den kommunale verksemda, og arbeidsprogrammet for arbeidsgruppa ville måtte ha i seg eit løp for drøfting i samsvar med avtaleverket med dei forbunda som vert ekskludert frå deltaking i gruppa.

Fleire kommunar lar difor vere å formalisere arbeidet ytterlegare, men lager heller eit arbeidsprogram der formannskapet eller kommunestyret trekkjer inn dei som det er trong for å lytte til før avgjerder blir fatta.

Alternativ løysing:

Målsetnaden er å finne ein form der folkevalt nivå tidlegare får presentert informasjon som dei treng for å styre den økonomiske politikken- Det vil også styrke initiativretten til politiske saker. Økonomiplanen er krevjande, særleg dei neste to åra.

Fleire kommunar gjer dette gjennom å organisere temadager. Formannskapet kan lage eit arbeidsprogram som syner kva tema som skal presenterast og kven dei ynskjer å lytte til innspel frå. Fleire kommunar har temadagar i kommunestyret med kafedialog for tenestområda for å arbeide med føresetnadene i økonomiplanen. Dei HTV kan inviterast med på slike dagar.

Rådmannen presenterer uansett grunnlagsdokumentet for budsjettarbeidet ein månad tidlegare enn tradisjonelt har vore. Viss formannskapet ynskjer tidlegare informasjon om saker før dei kan seiast å vere forsvarleg utgreidd, så lar det seg gjere utan å måtte formalisere det. Me nyttar allereie drøftingssaker som tiltak for å få innspel til saksutgreiingane. Det kan me gjere meir av også for økonomisaker om formannskapet ynskjer det. Dei Hovudtillitsvalte kan inviterast inn til møtet utan å vere medlemmar av ei arbeidsgruppe.

Utsett iverksetting ved handsaming av krav om lovlegkontroll etter kommunelova § 59 nr2

Viss kommunestyret ikkje endrar formannskapet sitt vedtak, er det naudsynt å ta stilling til utsett iverksetting ved handsaming av krav om lovlegkontroll.

Etter kommunelova § 59 nr 3 er det organet sjølv (formannskapet) eller kommunestyret som kan vedta utsett iverksetting av vedtaket i påvente av utfallet av krav om lovlegkontroll.

Det skal gjerast ei konkret vurdering av dei prinsipielle sider ved saka og særleg vurdere konsekvensane ved at vedtaket blir gjennomført i påvente av lovlegkontrollen. Saka rører ved såpass prinsipielle sider av relasjonane mellom politikk og administrasjon og organisasjonane at det nok vil vere uheldig å gjennomføre vedtaket mot mindretalet si vilje medan krav om lovlegkontroll vert handsama.

Vedtek kommunestyret å oppheve formannskapet sitt vedtak, fell for ordens skuld grunnlaget for krav om lovlegkontroll bort.

Konklusjon:

Ettersom saka allereie er vedtatt held rådmannen seg til fleirtalsvedtaket som er gjort. Men på bakgrunn av vurderingane i saka her vert det fremja to alternative framlegg til vedtak. På grunn av dei prinsipielle spørsmåla kring openheit, rolleklarheit og tillit til avgjerdsprosessane for det heilt sentrale styringsdokumentet som handlingsprogram med økonomiplan og budsjett er, vil rådmannen tilrå alternativ to.



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hugo Morken, 55 57 21 17

Vår dato
11.09.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/11190 323
Dykkar referanse

Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgata 16
5722 Dalekvam

Vidaresending - krav om lovlegkontroll - vedtak i formannskapet 030918 i sak 59/18

Fylkesmannen har motteke vedlagde krav om lovlegkontroll frå kommunestyrerepresentantane Haugsnes, Johnsen, Roald og Lilletvedt. Kravet gjeld Vaksdal formannskap si sak 59/18.

I samsvar med kommunelova § 59 nr. 2 vert kravet med dette sendt til Vaksdal kommune som rette vedkommande.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Hugo Morken
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Motteke krav om lovlegkontroll med vedlegg

Kopi til:
Kjartan Haugsnes

Krav om lovlegkontroll etter kommunelova § 59

Formannskapet i Vaksdal kommune gjorde slikt vedtak i sak 59/18 i møte 03.09.2018

FPØ - sak 59/2018 Vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet set ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal greie ut kostnadsreducerande tiltak som er berekraftige for kommunen i framtida. Arbeidsgruppa vert etablert for 2 år og skal rapportere til formannskapet i kvart møte.

Mandat for arbeidsgruppa

- *Med utgangspunkt i økonomiplanen skal arbeidsgruppa greie ut kostnadsreducerande tiltak på kort og lang sikt. Tiltaka skal minst gje ei drift i samsvar med kravet til netto driftsresultat.*
- *Arbeidet i gruppa skal vera kunnskapsbasert og tiltaka som vert lagt fram for formannskapet skal vera forsvarleg utgreidd og dokumentert. Heilskapen i kommunen sine oppgaver skal ivaretakast.*
- *Arbeidsgruppa skal rapportere om pågåande arbeid og framdrift i kvart formannskapsmøte.*
- *Framlegg til tiltak vert lagt fram for formannskapet i samband med budsjett og økonomiplan.*
- *Referat og oversikt over pågåande arbeid skal gjerast offentleg tilgjengeleg*

Frå formannskapet vert vald 3 personar:

- 1. Ordførar som vert saksordførar*
- 2. Jan Erik Bernes Roe*
- 3.*

Leiar i eldrerådet vert med i gruppa.

I tillegg går det fram av saka til formannskapet (sjå vedlegg) at det skal veljast eit medlem frå Levekårsutvalet.

I saksframlegget framgår det ikkje om dette arbeidsutvalet vert oppretta etter § 10 i kommunelova eller § 25 (partssammensette utval)

Er dette eit § 10 utval står det i kommunelova at dette ligg til kommunestyret. I delegasjonsreglementet til Vaksdal kommune kan ein og lese:

Kommunelova avgrensar kva kommunestyret kan delegere til andre. Her er eit utdrag av dei viktigaste punkta,

- Opprette og legge ned faste utval og fastsette området for verksemda til desse.

Underskrivarane stiller spørsmål om dette utvalet som er oppretta for to år er å rekne som fast utval eller ikkje. Vi reknar dette (gitt lengda på oppdraget) at dette må reknast som eit fast utval og skulle vore oppretta av kommunestyret.

Det vart og frå Ap sine representantar i møtet argumentert for at utvalet burde først veljast for eit år deretter for to år om gangen i ny valperiode. Dette vart det ikkje votert over, men syner at fleirtalet tenker at dette er eit fast utval.

Vaksdal kommune har eit administrasjonsutval (partssammensett utval) Dei siste åra har dette utvalet hatt omlag eit møte i året. Dette utvalet er oppretta etter kommunelova § 25 som seier:

- 1. Det skal i alle kommuner og fylkeskommuner opprettes ett eller flere partssammensatte utvalg – administrasjonsutvalg – for behandling av saker som gjelder forholdet mellom kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver og de ansatte. Utvalg etter første punktum kan erstattes med andre ordninger dersom dette får tilslutning fra minst tre fjerdedeler av de ansatte.*

2. *Administrasjonsutvalget sammensettes av representanter for kommunen eller fylkeskommunen og de ansatte. De ansattes representanter velges av og blant de ansatte for to år av gangen. Flertallet i utvalget skal bestå av representanter for kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret og fylkestinget velger selv kommunens eller fylkeskommunens representanter og utvalgets leder og nestleder blant disse.*

Om dette partssammensette arbeidsutvalet vert oppretta etter kommuneloven § 25 kjem underskrivarane til same resultat. At det er kommunestyret som har mynde – ikkje formannskapet til å opprette eit slikt organ. I høve Kl. § 25.2 ser ein og retningslinjer for korleis eit slikt organ skal vere samansett.

I vedtaket til formannskapet slik det er formulert, usikkert kven som er medlem. Utover dei to namngjevne politikarane og funksjonen «Leiar av eldrerådet» og rådmann går det ikkje fram kven frå administrasjonen som er valt inn i utvalet.

Det einaste underskrivarane med dette kan finne ein form for logikk med er at dette vert eit «ad-hoc» utval etter kommunelova § 10.5, men då stiller ein seg spørsmål om dette er mogleg å opprette for to (2) år?

Underskrivarane ser det som særst uheldig at det på økonomiområdet vert flytta politisk makt frå folkevalde til ikkje folkevalde og meiner dette og strir med delegasjon av saker av prinsipiell tyding og som kan ha store økonomiske konsekvensar. Underskrivarane stiller seg og spørjande til om kvifor ikkje administrasjonsutvalet si samansetning hadde vore meir tenleg all den tid at det er gjort eit poeng frå rådmann og politisk fleirtal og «ha med dei tillitsvalde»

Offentlegheit.

Etter underskrivarane si meining er dette uansett må vere å rekne som eit utval oppretta i høve kommunelova. Det går ikkje fram av saka korleis dette utvalet skal arbeide og vi vil be om at kommunestyret/ fylkesmannen ser til at:

1. Møta vert annonsert i god tid.
2. Møtetidspunkt gjer det mogleg for presse og andre interesserte å følgje møta.
3. Det vert ført referat frå møta.
4. Om møta skal lukkast skal det heimlast i lov.

Tilhøvet til dei tilsette.

Det vart i møtet 03.09.2018 etterspurd dokumentasjon på om dei tilsette sine representantar i kommunen hadde vore førespurd. Dette var ikkje ein del av saka. Munnleg fekk vi svar på at dei tilsette har sagt ja til denne saka, men det er ikkje framlagt dokumentasjon på dette.

Underskrivarane er bekymra for forholdet til demokrati, offentlegheit og moglegheit for innbyggjarar å følgje den politiske sakshandsaminga gjeldande kommunen sin økonomi.

- Formannskapet har alle sine møter på dagtid, desse vert ikkje streama eller gjort tilgjengelege på anna vis.
- Økonomiseminar for formannskapet vert alltid lagt ut av kommunen, med liten moglegheit til å følgje møta.
- No vert det oppretta eit arbeidsutval med liten representativitet, Høgre, MDG, Frp og SV er ikkje representert i arbeidsutvalet (4 av 7 parti) i kommunestyret. Høgre og SV har takka nei til å sitte i utvalet, i det ein oppfattar som ein gisselsituasjon med kun representasjon av eit medlem frå dei fire opposisjonspartia.
- Det er usikkert korleis offentlegheit vert gjort gjeldande for utvalet. Vaksdal kommunestyre har tidlegare lagt ned alle ad-hoc komitear med dette som bakteppe.

Kvar for seg gjer desse punkta det vanskeleg for innbyggjarar og andre å følgje politiske avgjerder spesielt på økonomifeltet. Samla gjev desse punkta ei stor bekymring for politikk i lukka rom. Ved å flytte formell makt ut av faste utval i kommunen, som formannskap, kommunestyre, levekårsutval og administrasjonsutval gjer ein det vanskelegare for media og innbyggjarar å følgje med, sjølv om rådmannen legg opp til å utarbeide ein «kommunikasjonsstrategi» for dette utvalet.

For SV, Kjartan Haugsnes

For Mdg, Tom Charles Johnsen

For Høgre, Bjørn Roald.

For Høgre, Anneli Vatle Lilletvedt

Kommunestyrerepresentantar i Vaksdal kommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
59/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	03.09.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 151	18/676

FRAMLEGG TIL ARBEIDSPROGRAM FOR BUDSJETT OG TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet, plan- og økonomiutvalet set ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal greie ut kostnadsreducerande tiltak som er berekraftige for kommunen i framtida.

Arbeidsgruppa vert etablert for 2 år og skal rapportere til formannskapet i kvart møte.

Mandat for arbeidsgruppa

- Med utgangspunkt i økonomiplanen skal arbeidsgruppa greie ut kostnadsreducerande tiltak på kort og lang sikt. Tiltaka skal minst gje ei drift i samsvar med kravet til netto driftsresultat.
- Arbeidet i gruppa skal vera kunnskapsbasert og tiltaka som vert lagt fram for formannskapet skal vera forsvarleg utgreidd og dokumentert. Heilskapen i kommunen sine oppgåver skal ivaretakast.
- Arbeidsgruppa skal rapportere om pågåande arbeid og framdrift i kvart formannskapsmøte.
- Framlegg til tiltak vert lagt fram for formannskapet i samband med budsjett og økonomiplan.
- Referat og oversikt over pågåande arbeid skal gjerast offentleg tilgjengeleg

Frå formannskapet vert det vald 3 personar til arbeidsgruppa:

- 1.
- 2.
- 3.

_____ vert vald som saksordførar for arbeidet.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 59/2018

FPØ - Behandling:

Framlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av SV og H:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet set ikkje ned ei partssamansett arbeidsgruppe.

Framlegg frå Eirik Haga på vegner av AP, KRF og SP:

Frå formannskapet vert vald 3 personar:

1. Ordførar som vert saksordførar
2. Jan Erik Bernes Roe
3.

Leiar i eldrerådet vert med i gruppa.

Røysting:

Framlegget frå Kjartan Haugsnes vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg - Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 2 røyster (SV og H) og fall.

Eirik Haga sitt framlegg fekk 5 røyster (AP, KRF og SP) og vart vedteke.

FPØ - Vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet set ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal greie ut kostnadsreducerande tiltak som er berekraftige for kommunen i framtida.

Arbeidsgruppa vert etablert for 2 år og skal rapportere til formannskapet i kvart møte.

Mandat for arbeidsgruppa

- Med utgangspunkt i økonomiplanen skal arbeidsgruppa greie ut kostnadsreducerande tiltak på kort og lang sikt. Tiltaka skal minst gje ei drift i samsvar med kravet til netto driftsresultat.
- Arbeidet i gruppa skal vera kunnskapsbasert og tiltaka som vert lagt fram for formannskapet skal vera forsvarleg utgreidd og dokumentert. Heilskapen i kommunen sine oppgåver skal ivaretakast.
- Arbeidsgruppa skal rapportere om pågåande arbeid og framdrift i kvart formannskapsmøte.
- Framlegg til tiltak vert lagt fram for formannskapet i samband med budsjett og økonomiplan.
- Referat og oversikt over pågåande arbeid skal gjerast offentleg tilgjengeleg

Frå formannskapet vert vald 3 personar:

1. Ordførar som vert saksordførar
2. Jan Erik Bernes Roe
3.

Leiar i eldrerådet vert med i gruppa.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon

Dei neste åra vert krevande økonomisk for kommunen, det viser økonomiplanen som vart vedtatt av kommunestyret i møte 25.juni. Lågare inntekter og auka rente- og avdragskostnader reduserer rammene til drift med 38 millionar kroner i perioden. Handlingsrommet i økonomien vert monaleg svekka og større endringar er nødvendige.

Rådmann gjer framlegg om ei partssamansett arbeidsgruppe som skal greie ut kostnadsreducerande tiltak som er berekraftige for kommunen i framtida. Arbeidsgruppa vert etablert for 2 år og skal rapportere til formannskapet i kvart møte. Formannskapet vedtar mandat for arbeidet. Referat og fast oversikt over pågåande arbeid vert gjort offentleg tilgjengeleg i ulike kanalar.

Bakgrunn og heimel for saka

I samsvar med kommunelova §44 vedtok kommunestyret 25.juni, i sak 38/2018, Handlingsprogram og økonomiplan for 2019 – 2022. Svekka inntektsgrunnlag og sterkt aukande rente- og avdragskostnader som følgje av store investeringar pregar økonomien i perioden og frametter.

Etter kommunelova §45 skal kommunen vedta eit årsbudsjett og i §46 er det m.a. stilt som krav at budsjettet skal fastsettast på grunnlag av dei inntekter og utgifter som kommunen kan vente i budsjettåret og at det skal budsjetterast med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetningar.

Årlege budsjetttrammer til ordinær drift vert monaleg redusert allereie frå 2019. I takt med stigande finanskostnader vert driftsrammene for tenestene ytterlegare redusert kvart år. Større kostnadsreducerande tiltak er nødvendig for å ha ei drift i balanse i samsvar med kommunelova.

Formannskapet er kommunen sitt plan- og økonomiutval og skal innstille budsjett og økonomiplanen til kommunestyret.

Vurdering

Med bakgrunn i den utfordrande økonomiske situasjonen legg rådmann fram eit forslag til arbeidsprogram for nærare arbeid med budsjett og tiltak i perioden. Det vert gjort framlegg om å etablere ei partssamansett arbeidsgruppe med ansvar for å greie ut mogelege tiltak.

Arbeidsgruppe

Formannskap set ned ei arbeidsgruppe som skal greie ut kostnadsreducerande tiltak som er berekraftige økonomisk for kommunen. Arbeidsgruppa har ikkje avgjerdsmynde. Formannskapet vedtar mandat for arbeidet.

Arbeidsgruppa byggjer på 3-parts-samarbeidet i kommunen og vert sett saman slik:


- 3 folkevalde frå formannskapet
- 1 folkevald frå utval for levekår
- 4 frå rådmann – kommunalsjefar og HR/økonomi
- dei 3 hovudtillitsvalde i kommunen

Rådmann leiar arbeidsgruppa og syter for framdrift og ressurser.

Det vert vald saksordførar for arbeidet blant dei politiske medlemmene. Det er saksordførar si oppgåve å rapportere til formannskapet og om ønskeleg orientere nærare om utgreiingsarbeidet i kommunestyret.

Arbeidsgruppa vert etablert for 2 år og skal rapportere til formannskapet i kvart møte.

Det vert sett opp ei fast prosessak i formannskap/plan- og økonomiutvalet til formålet.



Mandat for arbeidsgruppa

- Med utgangspunkt i økonomiplanen skal arbeidsgruppa greie ut kostnadsreducerande tiltak på kort og lang sikt. Tiltaka skal minst gje ei drift i samsvar med kravet til netto driftsresultat.
- Arbeidet i gruppa skal vera kunnskapsbasert og tiltaka som vert lagt fram for formannskapet skal vera forsvarleg utgreidd og dokumentert. Heilskapen i kommunen sine oppgåver skal ivaretakast.
- Arbeidsgruppa skal rapportere om pågåande arbeid og framdrift i kvart formannskapsmøte.
- Framlegg til tiltak vert lagt fram for formannskapet i samband med budsjett og økonomiplan.
- Referat og oversikt over pågåande arbeid skal gjerast offentleg tilgjengeleg

Arbeidsplan

I første møte vert det utarbeidd ein meir detaljert arbeidsplan som vert lagt fram for formannskapet. Ved ev endringar i framdrift eller milepælar skal revidert versjon leggst fram.


Arbeidet i gruppa skal vera kunnskapsbasert og tiltaka som vert lagt fram for formannskapet skal vera tilstrekkeleg utgreidd og dokumentert. Heilskapen i kommunen sine oppgåver skal ivaretakast.

Arbeidsgruppa må vurdere kost/nytte ved tiltaka og utgreiingar som vert sett i verk. Ev. behov for budsjettmidlar til kjøp av eksterne tenester vert lagt fram for formannskapet i samband med budsjettet.

Rådmann fordeler interne utgreiingsoppgåver og vurderer løpande ressursituasjonen opp mot dagleg drift.

Kommunikasjonsplan

Arbeidsgruppa utarbeidar i første møte ein kommunikasjonsplan for arbeidet. Løpande informasjon om arbeidet til dei dette gjeld eller vedkjem (interessentar) presentert i oversikta er viktig.



Kommunikasjonsplanen vert lagt fram for formannskapet. Referat og fast oversikt over pågåande arbeid vert gjort offentleg tilgjengeleg i ulike kanalar.

Andre dokument i saka

Handlingsprogram og økonomiplan 2019 -2022



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
62/2018	Kommunestyret	PS	01.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033, TI - &29	18/1234

INTERPELLASJON FRÅ HEGE EIDE VIK - SKAL VAKSDAL KOMMUNE SØKJE OM Å BLI EIN SYNGJANDE KOMMUNE GJENNOM KRAFTTAK FOR SONG?

Frå Hege Eide Vik, SP, ligg det føre slik interpellasjon:

Skal Vaksdal kommune søkje om å bli ein Syngjande Kommune gjennom Krafttak for Song?

Song er viktig frå vogge til grav, frå fosteret kjenner vibrasjonane frå stemmene utanfor til dei trygge tonane av ein kjend song ved slutten av livet.

Å syngje saman kan redusere nivået av stresshormon i kroppen og stimulere produksjon av lukkehormon.

Songstemma er instrumentet me alle ber med oss, og som me alle kan bruke. Dess meir me brukar den, dess betre blir den. Trening av songstemma kan altså samanliknast med anna trening.

1. november er det søknadsfrist for å bli Syngjande Kommune frå 2019. Prosjektet går over 3 år, og er i regi av Krafttak for Song. Krafttak for song er støtta av Kulturdepartementet, og har tverrpolitisk støtte for sitt arbeid med å styrke songtradisjonar og songglede over heile landet. Målet med prosjektet Syngjande kommune er at kommunen gjennom rettleiing frå fagpersonar skal kunne opprette nye varige songtiltak iløpet av prosjektperioden. Framdriftsplan er skissert i informasjonsmateriell som de finn lenke til nedst i teksten.

I Vaksdal kommune har me allereie mange gode songtiltak. Me har fleire aktive kor for ulike målgrupper. Me har AO-bandet med tilrettelagt undervisning. Me har fleire barnekor og baby- og småbarnssong i regi av kyrkja. Den kulturelle Spaserstokken vert administrert lokalt, og fleire av desse konsertane har som mål å fremje allsong. Ein av kulturskulen sine lærarar er innom eldreinstusjonane ein gong i veka for å ha songstund. I tillegg har me eit aktivt musikkliv også når det gjeld korps og band for vaksne og born. Alt ligg til rette for at me kan utvikla oss vidare og ta songen (og musikken) til neste nivå.

Song på arbeidsplassane skaper gode relasjonar. Kva med å starta møtet med ein allsong? Song i barnehagen (i lyst leie) er ein nøkkel til språkutvikling og relasjonsbygging. Song i skulen har same effekt. Song på institusjonane våre kan vera inngangsport til minna hjå demente. Versa sit som spikra når alt anna er gløymt. Meir song i kvardagen kan skapa dei gode relasjonane, og positive augneblick med ro og harmoni hjå nokon med uro og angst. Song kan opna for inkludering, kulturutveksling og felles forståing. Av lokal inspirasjon kan ein her nemna Voss sitt flotte integreringsprosjekt med

utgangspunkt i voggelieder, ein variant av bergensk «Fargespill».

Vaksdal er ein langstrakt kommune. Kan me skapa samhald med å lage eit felles kjernerepertoar og syngje dei same songane? Ja, det er eg overtydd om! Me har fleire store og små lokale arrangement der me kan fremje allsong, Vintertreff, Fiskefestival, Eksingedalsmarknad, Daledagar med mykje meir.

Ein søknad om å bli syngjande kommune er godt forankra i det frivillige musikklivet. Vaksdal Musikkråd har slik uttale i sin handlingsplan for 2018:

«KONKRETE TILTAK

Felles tiltak for musikk og kultur vert gjennomført av eller i samarbeid med VMR.

Aktivitetar:

Arbeide for at Vaksdal kommune blir ein syngjande kommune "Krafttak for song».

Rektor Sindre Sortland i Vaksdal Kulturskule gir slik uttale: «Kulturskulen ynskjer at kommunen deltar i prosjektet og vil stille seg bak ein søknad. Song er grunnleggande for musikalsk opplæring og utvikling. Eit breiddeprogram for song i Vaksdal Kommune vil vera positivt for generell kulturforståing, og dermed positivt for Kulturskulen. Om Vaksdal blir syngjande kommune vil kulturskulen flette saman aktivitetar i prosjektet med sesongplanen. Kulturskulen vil og omdisponere ressursar der det er mogeleg for å støtte opp om prosjektet.»

Kommunen får kompetanse og kurs og ei viss økonomisk støtte til prosjektet. Kommunen sine egne kostnader er avhengige av kor mykje ein vil gjera ut av det. Dersom me brukar lokale krefter og det me har av ressursar i kommunen vår er det mogleg å halda utgiftene på eit lågt nivå.

Her har me sjansen til å gje innbyggjarane våre ei positiv og god gåve med ønskje om å skapa endå betre samhald mellom bygdene våre.

Utfyllande informasjon om tiltaket:

<http://www.krafttakforsang.no/>

<http://www.krafttakforsang.no/syngende-kommuner-3/>

Spørsmål til ordføraren:

Skal Vaksdal kommune søkje om å bli ein syngjande kommune gjennom Krafttak for Song?

Forslag til vedtak:

Vaksdal kommune skal søkje om å bli Syngjande kommune frå 2019. Søknaden vert administrert og sendt av Kulturskulen. Kommunestyret vert orientert i møte 10. desember om utfallet av søknaden.